HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus
**Dato:** 11.02.2014
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 04.02.2014

Arnulf Goksøyr
ordførar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 24/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 25/14 | Protokoll frå førre møte |
| PS 26/14 | Delegerte saker |
| PS 27/14 | Referatsaker |
| PS 28/14 | Tertialrapport per 01.01.2014. |
| PS 29/14 | Reguleringsendring for detaljreguleringsplan for Tovågen bustadfelt |
| PS 30/14 | Avtale med Statens vegvesen - Vegarm frå Myklebust til Campus |
| PS 31/14 | Kommunedelplan for helse og omsorg 2013 - 2020 - slutthandsaming |
| PS 32/14 | Bulyst-prosjektet. Rapportering. |
| PS 33/14 | Pensjonsordning for folkevalde - ny ordning frå 1.1.2014 |
| PS 34/14 | Retningsliner for uønska deltid |
| | Delegerte saker frå avdelingane: |
| DS 3/14 | Søknad om endra serveringsløyve |
| DS 4/14 | Søknad om serveringsløyve - Lek Takeaway |
| DS 5/14 | Bålforbod i Herøy kommune |
| DS 6/14 | Madelynn Coffee - Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning - romjuldans |
| DS 7/14 | Søknad om dispensasjon for å legge ut flytebrygge framfor naust - gnr. 24 bnr. 73 i Herøy. |
| DS 8/14 | Søknad om løyve til utlegging av flytebrygge på Kalvenes gnr. 48 bnr. 76 |
| DS 9/14 | Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring av løyve. |

PS 24/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 25/14 Protokoll frå førre møte

PS 26/14 Delegerte saker

PS 27/14 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/381 |
| | | Arkiv: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 4/14 | Komite for Helse og omsorg | 06.02.2014 |
| | Komite for næring, kultur og idrett | 10.02.2014 |
| | Komite for oppvekst | |
| | Maritim og teknisk komite | |
| 28/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | |

**TERTIALRAPPORT PER 01.01.2014.**

**Tilråding frå rådmannen:**

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen

**Vedlegg:**

- Planoversikt

**Saksopplysningar:**
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."* Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

**Vedtaksrapportering**
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**
Denne rapportering omfattar **avvik** i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

**Prosjektrapportering**
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast. Når det gjeld rapporteringa elles, har eg merka meg følgjande hovudpunkt:

**Vurderingar:**

**Organisasjon**
Sjukefråveret har hatt ei positiv utvikling.

**Vedtak**
Det er arbeidd med oppdatering av vedtaksloggen, men han er likevel ikkje tilfredsstillande oppdatert. Dette vil vere ei prioritert oppgåve ved neste rapportering.

**Teneste**
Anlegg og drift

- Avdelinga har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å yte tilfredsstillande tenester på dei ulike områda.
- Avdelinga har ikkje kapasitet til å følgje opp alle bygge- og anleggsprosjekt i budsjettet.

Barnehage

- Kommunen har ikkje tilfredsstillande barnehagedekning i indre delen av kommunen.
- Det er avsett midlar til planlegging av ny barnehage i 2014.

Barn, familie og helse

- Barnevernet opplever at saker vert rapportertt tidlegare, og tilskriv dette mellom anna eit godt tverrfagleg arbeid blant barn og unge.
- Skulehelsetenesta satsar på eit enda meir aktivt arbeid med ungdomsgruppa.
- Innan psykisk helsevern er det særskilt fokus på unge brukarar.
- Samhandlingsreformen  har tildels skapt ufordringar i forhold til pasientar med større behov for helsehjelp. Stor pågang på opptrening etter sjukehusopphald og lange ventelister for mange pasientgrupper hos fysioterapeutane er fortsatt utfordrande.
- Ø-hjelp døgntilbodet vart starta opp midt i september.Det har vore relativt få pasientar innlagt så langt.
- Legesituasjonen ved Herøy legesenter har vore utfordrande med mange vikarar.

- Eigedom
- Sakshandsamingsansvaret for bustad- og næringstomter vart frå 01.06.2012 overført til Servicetorget.

NAV Herøy

- Stillinga som Bustadkonsulent og oppgåver knytt til Startlån er overført frå NAV til Eigedomsavdelinga.
- Det skal rekrutterast ny bustadkonsulent og i den perioden vil sakshandsaming av startlån vere på eit minimum, knytt til kritiske saker.

Bu og habilitering

- Bu og habiliteringsavdeling opplever ein auke i brukarar innan autismespekterforstyrringar og anna problematikk som trafikkskada og barn som har vore utsett for omsorgsvikt.
- Fleire brukarar, særskilt *med autismespekterdiagnosar kjem no frå vidaregåande skule og over i vaksenlivet*. Vi ser at desse fell utanfor arbeidslivet med dei tiltak som er mogleg gjennom NAV-systemet. Herøy kommune har per i dag ikkje fysiske fasilitetar til å  utvikle ei breiare aktivitetstilbod for ei slik målgruppe. Ein prosess for å utvikle dagtilbodet for betre å kunne legge til rette for ulike behov er satt i verk av rådmannen.
- Vi har ikkje fysiske fasilitetar til dei brukarane som er multifunksjonshandicappa, og er i kommunal regi på dagtid. Per i dag nyttar vi avlastinga på dagtid, men det er trangt og ikkje hensiktsmessig når andre brukarar er inne på avlasting. I bygging av nytt dagtilbod vert det essensielt å skape ein god kvardag også til dei som treng mest hjelp.

Kultur

- Kulturavdelinga nyttar aukande mengde ressursar i planlegging, utforming og innhald knytt til Fosnavåg kulturhus og kino. Dette har konskvensar for den daglege drifta ved kulturhuset.

Pleie og omsorg

- Avdelinga tek tilbake utskrivingsklare pasientar fortløpande, og arbeidspresset har auka som følge av fleire og meir komplekse pasientar. Dette har hatt ein vedvarande auke, og nokre av leiarane rapporterer at det er slitasje blant dei tilsette. Vi må setje inn meir folk der det er nødvendig for å ivareta fagleg forsvarleg drift. Vi har langt fleire pasientar enn vi har stillingar for å dekke behovet, og det vart difor bedt om nye stillingar til heimetenestene i budsjettframlegget som vart lagt fram for 2014
- Der er mange kreftsjuke som får hjelp i heimen, nokre med avansert behandling. Sjukepleiarane våre har god erfaringskompetanse, men kommunen manglar kreftsjukepleiar.
- Kommunen etablerte døgntilbod for øyblikkeleg hjelp i to senger ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A frå september 2013. 6 personar har til saman representert 22 liggedøgn. Dette viser at det er ein “mjuk start” på det nye tilbodet, men det er ei erfaring vi deler med dei fleste andre.

Skule

- Talet på minoritetsspråklege elevar med særskild norskopplæring aukar.
- Det er ei dobling i talet på born med spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- Det er stor auke i spesialundervisning i grunnskulen.

Utvikling

- Sakshandsamingstida i bygge- og delesaker har gått ned.

**Prosjekt**

- Ein del eldre prosjekt kan no avsluttast også økonomisk.

Lokalsamfunn

- Kommunen er inne i ei positiv utvikling i forhold til utvikling av lokalsamfunnet på dei fleste område.
- Kommuneplanen vert ein viktig planreiskap for utvikling av lokalsamfunnet.

Fosnavåg, 20.01.2014

Erlend Krumsvik Olaus-Jon Kopperstad

## ORGANISASJON

### Hovudmål

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt for heile kommunen på minimum 92 %.
- Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

| **Avdeling** | **Fråvær 3. tertial 2013** | **Korttid 3. tertial 2013** | **Langtid 3. tertial 2013** |
|---|---|---|---|
| Personal- og org. inkl. HTV, HVO og lærlingar (<20) | **3,15** | 1,52 | 1,63 |
| Økonomi (>10) | **4,08** | 0,76 | 3,32 |
| Fellessekr. (<5) | **0,76** | 0,76 | 0 |
| Rådm./ ass.rådm. (<5) | **0** | 0 | 0 |
| IKT(<5) | **0** | 0 | 0 |
| Servicetorget (<10) | **11,69** | 1,82 | 9,87 |
| Utviklingsavd. (<10) | **0,26** | 0,26 | 0 |
| Barnehage (< 40) | **6,03** | 2,69 | 3,38 |
| Grunnskule (< 250) | **2,80** | 1,36 | 1,44 |
| Anl. og drift (<15) | **1,78** | 1,79 | 0 |
| Brannvern | **3,20** | 3,20 | 0 |
| Helse (< 40) | **2,48** | 1,14 | 1,33 |
| Pleie og oms. (< 300) | **7,15** | 1,90 | 5,25 |
| Bu og hab. (< 75) | **11,45** | 3,32 | 8,13 |
| Barnevern (<10) | **0,46** | 0,46 | 0 |
| Kultur (>10) | **4,08** | 1,17 | 2,91 |
| Eigedom (< 40) | **14,33** | 3,49 | 10,84 |
| NAV kommune (10) | **22,02** | 2,20 | 19,82 |
| Totalt fråvær | 5,86 | 1,85 | 4,00 |

Talet på tilsette er delt i bolkar på fem, bortsett frå der det er over hundre tilsette, desse er det delt i bolkar på femti. (< = mindre enn, > = meir enn)

Sjukefråværet for andre tertial viser at vi har ein nedgang gjennom heile 2013.

| | 1. tertial | 2.tertial | 3.tertial | Totalt |
|---|---|---|---|---|
| 2007 | 10,7 | 8,4 | 9,7 | 9,7 |
| 2008 | 10,3 | 7,3 | 8,3 | 8,6 |
| 2009 | - | 8,6 | 9,4 | - * |
| 2010 | 10,6 | 9,0 | 9,5 | 9,7 |
| 2011 | 9,86 | 7,17 | 7,91 | 8,4 |
| 2012 | 9,40 | 6,93 | 8,62 | 8,3 |
| 2013 | 9,47 | 6,55 | 5,86 | 7,45 |

* 1. tertial 2009 og total 2009 er ikkje tilgjengeleg grunna overgang til nytt økonomi- og lønnssystem det året.

## VEDTAKSRAPPORTERING

### Anlegg og drift
Ikkje noko rapportert.

### Barnehage

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 2013/57 | 28.11.13 | Mellombels auke av tal barnehageplassar i Myrsnipa barnehage | Barna har fått tildelt plass, og det er gjort tilsetting | kostnad inkludert i budsjett 2014 | Barnehageavd. |
| K-sak 2013/657 | 28.11.13 | Strategi for å rekruttere ped.leiarar med godkjent utdanning | Barnehageavdelinga/ Personalavdelinga/Fagforbundet har starta arbeidet med å lage retningsliner | Kostnad inkludert i budsjett 2014 for Personalavdelinga | Personalavdelinga/Barnehageavdelinga |
| K-sak 2013/101 | | Revisjon av retningsliner | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 28.11.13 | for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje kommunale barnehagar | Er tatt i bruk | | Barnehageavdelinga/Økonomiavdelinga |

**Barn- familie og helse**
Ikkje noko rapportert.

**Bu og habilitering**
Ikkje saker.

**Eigedom**
Rapporten er ikkje oppdatert pr. rapportering.

| SAK | MØTEDATO | SAKSTITTEL | FRAMDRIFT | TILTAK | ANSVAR |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 162/12 | 27.09.2012 | Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg | Det er avtalt intern oppfølgingsmøte fredag 5. oktober for oppfølging av vedtakspunkta i saka. | Arbeidstilsynet er orientert om Kommunestyrets vedtak. | RMY |
| F-sak 161/12 | 08.05.2012 | Retningslinjer for sal av kommunal eigedom | Servicetorget har overteke ansvaret for sal av bustad- og næringstomter. | Dei aller fleste bustadtomtene er no oppmålt og frådelt.<br><br>Eigedomsavdelinga arbeidar med å avslutte sakene som kom inn før 01.06.2012. | RMY |
| F-sak 136/12 | 11.04.2012 | Bygg- og System AS – søknad om erverv av næringstomt på Mjølstadneset | | Tomta er oppmålt og frådelt og blir overskøyta så snart kjøpar har betalt faktura. | RMY |
| F-sak 137/12 | 11.04.2012 | Bass Brothers AS – søknad om erverv av næringstomt i Dragsund | Tomtesøkar har fått reservert tomta i 1 år. | Avventer eventuell søknad om tildeling av tomta. | RMY |
| F-sak 138/12 | 11.04.2012 | Etablering av lagerbygg for | Saka er avslutta. | | RMY |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | driftsseksjonane i Anlegg- og driftsavdelinga og Eigedoms-avdelinga | Rubbhallen ved Fristadbygget blir ståande til disosisjon for eventuelle leigetakarar i Fristadbygget. | | |
| K-sak 41/12 | 22.03.2012 | Bergsøy skule – plan for vidare drift – framtidig situasjon | | Saka er oversendt til politisk handsaming | RMY |
| **F-sak** 95/12 | 28.02.2012 | HA Bygg AS – søknad om erverv av industritomt på Mjølstadneset | | Under arbeid Tomta er under frådeling | RMY |

**Fellessekretariatet**
Ikkje noko rapportert.

**IKT**
Ikkje noko rapportert.

**Kultur**

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| F-sak 14/08 | 05.02.08 | Planlegging av ungdomshus - ungdomslokale | Er med i vurderinga av det vidare arbeidet i høve utbygginga i kulturhusområde t | Prosjektkomite 3 har avslutta sitt arbeid. Rapport 05.02.09 ligg føre | Kultur |
| K-sak 81/09 | 11.06.09 | Rapport frå politisk komite 3: Framtidig organisering av kulturhuset og kulturarbeidet | Vedtaket er utforma i 12 pkt. | Ei arb.gruppe frå form.skapet saman med adm. skal utarbeide forslag til vidare handsaming. Ikkje avslutta. | Kultur |
| K-sak 68/10 | 25.03.10 | Utbyggingar og framtidig organisering av kulturarbeidet | Ny sak når prisjustert forprosjekt ligg føre. | Adskilt eigarskap, samarbeid drift, avvente event. foretaksorg. | Kultur |
| K-sak 116/10 | 26.08.10 | Utbygging av badeland og rehabilitering av kulturhuset – Informasjon og føringar | Med bakgrunn i søknad, vurdere økonomisk deltaking i budsjett og økonomipl | Administrasjonen skal vurdere/ utgreie fleire alternative løysingar. Rehabilitering ikkje avslutta | Rådm |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| F-sak 297/11 | 08.11.11 | Herøy Sogelag søkjer om forskottering i høve til "Heimar og Folk" | Får innvilga rentefritt lån kr. 1,3 mill. Tilbakebet. over 10 år | Det skal skrivast gjeldsavtale | Kultur |
| K-sak 196/11 | 15.12.11 | Støtte til bygging av klubbhus og tribune | Forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon. Kommunen utbyggar av tribune | Avtale mellom Bergsøy IL og kommunen | Kultur |
| F-sak 134/12 | 11.04.12 | Opplevingskort for Søre Sunnmøre | Herøy skal vere med å etablere opplevingskort i samarbeid med Fylket | Det skal gjerast avtalar med ulike opplevingsinstitusjonar. Ikkje gjort | Kultur |
| F-sak 236/12 | 03.07.12 | Mellombelse bygningsmessige tiltak i kulturhuset | Saka sendt over til styret for kulturhuset | Ikkje avklara | Kultur |
| K-sak 151/13 | | Framtidig lokalisering av Herøy Folkebibliotek | Vedtaket blir sett i samanheng med den samla utviklinga av kulturhusområdet | Det er sett av midlar i budsjett for 2014 til planleging av arbeidet (Eigedom). | KUL/ EIG |
| K-sak 152/13 | | Heid 3. byggesteg | Oppstart juni under forutsetning av tilskot spelemidlar | Søknad sendt MFK januar 2014 | KUL |
| K-sak 177/13 | | Idrettsfunksjonell godkjenning for aktivitetspark, Tjørvåg idrettslag | Oppstart 2014 under forutsetning av tilskot spelemidlar | Søknad sendt januar 2014 | KUL |

## Personal - og organisasjonsavdelinga

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| K- sak 189/10 | 16.12 | Kompensasjon for bruk av eigen bil i teneste, retningsliner. | 2014 | Retningslinene vert evaluert og revidert i administrasjons-utvalet når endringar i SGS 1001 § 4 ligg føre | Personal- og organisasjonsavdelinga |

## Pleie og omsorg

Ikkje saker

## Skule

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 119/13 | 26.09 | Val av skule, retningslinjer | | Saka send tilbake til Komitè for oppvekst | Komitè for opp-vekst |
| K-sak120/13 | 26.09 | Endring av vedtekter SFO | Vedtatt som tilrådd | Gjennomføre endring så snart råd | Skule |
| K-sak 154/13 | 28.11 | Val av skule, retningslinjer | Vedtatt som tilrådd, med tillegg vurdering om 1 år | Vidareføre gjeldande retningslinjer | Skule |
| K-sak 160/13 | 12.12 | Satsar for foreldrebetaling SFO | Vedtatt som tilrådd | Gjeldande frå 1.aug 2014 | Skule |
| K-sak 161/13 | 12.12 | Satsar for foreldrebetalingkult urskulen | Vedtatt som tilrådd | Gjeldande frå 1.aug 2014 | Skule |
| KO-sak 11/13 | 02.12 | Tilsyn med nasjonale prøver | Referatsak unntatt off.heit §13 | Gjennomføre endringar | Skule |

## NAV Herøy

**K-sak 169/13:** Overføring av stilling Bustadkonsulent frå NAV Herøy til Eigedomsavdelinga Stillinga, saksområde og tilhøyrande ressursar er overført frå 01.01.2014. Fram til ny bustadkonsulent er på plass vil NAV Herøy svare på spørsmål om startlån, men kun prioriterte saker vil bli handsama.

## Utvikling

### Vassforsyning og vassressursar

F-sak 76/02: Samanslåing av Stemmedal Vasslag AL og Leikanger Vasslag PL
Som det går fram av F-saksnummeret så har denne saka pågått i svært mange år. I april 2008 vart det litt meir aktivitet omkring saka og det vart halde eit møte mellom kommunen og vasslaga. Vasslaga ville så drøfte saka i sine respektive årsmøte og der etter ta nærare kontakt med kommunen for vidare oppfølgjing, politiske behandlingar, m.v. I desember 2008 kom det så ei tilbakemelding frå vasslaga der dei i eit felles oppsett skisserar ein del vilkår for samanslåing. Kommunen har vidare foreteke ein del interne avklaringar, eit forslag har vore framlagt for vasslaga og saka er også drøfta i formannskapet. Det ligg enno ikkje føre noko konkret og endeleg semje om samanslåinga. I mai 2011 har formannskapet (133/11) og kommunestyret (63/11) handsama spørsmålet om oppgjer av restgjeld til Leikanger vassverk. Av vedtaket går det fram at Leikanger Vassverk skal betale inn kr 427 000.- som endeleg oppgjer for eit rentefritt lån, pålydande kr 1 027 017. Kommunestyret har godkjend at det resterande lånet kr 600 017.- vert avskrive. Leikanger vassverk har innbetalt restbeløpet den 25 mars 2011. Det er halde møter med begge vassverka for å sikre ei vidare framdrift i saka i siste tertial.

Stemmedalen og Leikanger vassverk vart sammenslege den 18.10.12 jfr. Brønnøysundregisteret. Det nye vasslaget er ført opp i registeret som STEMMEDAL VASSLAG SA og har følgjande formål:
Vasslaget skal syte for tilfredsstillande vassforsyning på Tjørvåg, Myrvåg, Dragsund og Leikanger og tilstøytande områder til husbruk og
næringsføremål medrekna fiske og brannvatn. Føretaket bygger ut anlegg

med hovud- og stikkleidningar med nødvendige brannvatn-uttak fram til avtalte tilknytningspunkt for medlemmane sine private vassleidningar. Private vassleidningar skal byggjast og vedlikehaldas av medlemmane, men vasslaget fastset kvalitetskrav som må oppfyllast for å få knyte seg til vasslaget sitt leidningsnett.

Saka blir teke ut av rapporten ved neste rapportering

**Økonomi**
Ikkje noko å rapportere.

**TENESTERAPPORTERING**

**Hovudmål:**

- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet og elles betrast i samsvar med tiltak
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum

**Anlegg og drift**
Ansvar 5111 Anlegg og drift

**Generelt:**
Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

**Idrett (Ansvar 5125) (JRG)**
Tenesta omfattar ulike friområde, Havila stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turlysløype og Munkvoll stadion på Moldtustranda.

Generelt:
Havila stadion har no fått kunstgrasdekke. Løpebaner har rimeleg god kvalitet etter at det vart lagt nytt dekke for nokre få år sidan. Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald dei ulike anlegga. Brorparten av daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Avvik:
Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)**
Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein m.a. behov for anleggsgartnartenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller.

Avvik:
Behovet for anleggsgartnartenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Hamner (5123) (JRG)**
Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:
Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leiderar manglar nokre stadar. Skilting av kaiene er ufullstendig. I 2013 er det kjøpt nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. Ein ser føre seg at system for straumlevering også vert oppdatert/utskifta på dei andre kaiene. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein ein inngått ein formell driftsavtale med privat firma avtalen også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/ oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2014.

ISPS:
I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal har i medhald av dette motteke endeleg ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

Hamneavgifter:
Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ein målset seg å legge fram sak om hamneavgifter og organisering i løpet av våren 2014.

Avvik:
1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Manglar ved starumforsyningsanlegga.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.

**Vegvedlikehald (5122) (JRG)**
Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald av kommunale vegar.

Generelt:
Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra er **resterande veglengde for grusvegar no omlag 10 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegar. Ut frå ei fagleg vurdering er største utfordringa på vedlikehaldssida reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Noko som igjen medfører vanskar for vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Veggrøfter manglar i stor utstrekning.

Vintervedlikehald:
Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.

Avvik:
1. Grøfting/drenering

2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar

**Avlaup (kloakk) (5131) (FA)**
Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på kommunalt avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:
Ein har i dag 26 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på Kleiva, så vart det starta bygging av silanlegg(RA 2) i Grønhaugen i april 2013 med planlagt ferdigstilling våren 2014.. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabiliteringar/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slaavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:
Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 13 pumpestasjonar pr. 31.12.2013. Restarande pumpestasjonane målset ein seg å få gjort i løpet av 2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for meir personell og opplæring både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett:
Separering av nedre delen av dagens fellesleidning i Pettervågen målset ein å gjere i 2014.

**Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)**
Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Tømerunda 2012/2013 er fullført. Ny tømerunde vert då i slutten av 2014 for heile kommunen.

Avvik:
Oppstart av tømerunde 2012/2013 kom litt seint i gong, men er no ferdig. Grunnen til at tømerunda vart forseinka er at SSR har hatt utfordringar med val av ny slamentreprenør. Kontrakt med ny slamentreprenør (Miljøservice AS frå Stryn) vart skriven i desember 2012 og slamtøminga i Herøy kommune starta då omgåande.

**Veg- og gatelys (5121) (FA)**
Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:
Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Problemstillinga er teken opp med Samferdselsavdelinga i fylket. Det vart politisk avsett kr. 900.000,- til nye gatelys i Dragsund (ca 500 meters lengde) i 2013. Dette anlegget er ferdigstilt. Då der ikkje er løyvingar til andre veglystiltak i 2013, så må nye søknadar settast på vent, inntil det ligg føre nye løyvingar. **Tussa utfører all nybygging, drift- og vedlikehald av veglys for kommunen. Firmaet har over tid hatt dårleg kapasitet og dette har medført forseinkingar av både utbygging, drift- og vedlikehald. Dette har igjen medført auka klager på sløkkte veglys.**

Det viser seg og at ein i enkelte områder har tildels dårlege veglyslinjer, som igjen resulterer i auka vedlikeholdskostnadar ved bruk av resurser til m.a. feilsøking for å finne feil.

Avvik / manglar:

- **Sein utføring av nybygging, drift- og vedlikehaldsarbeid frå Tussa**
- Behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys
- Behov for oppgradering av nettet i enkelte områder.

Løysing av avvik / mangel:

- **vurdere om anna firma enn Tussa kan utføre kommunen sitt behov for veglystenster**
- høgare prioritering av skogrydding
- det er løyvd kr. 350.000,- til utskifting av dårlige veglyslinjer i 2014.

**ANSVAR 5061, 5062 – BRANNVERN OG FEIING**

**Førebygging av brann og ulykke (5061) (TL)**

Generelt:

Kommunen har om lag 65 brannobjekt med lovpålagt årleg brannsyn. Pr. d.d. har ein ei 100% stilling til å gjennomføre tilsyna. Stillinga har imidlertid vore vakant nær sagt heile 2013. Stillinga har vore lyst ut og ein førset at tilsetjing vert gjort i januar 2014. Utanom lovpålagde tilsyn med brannobjekt vert det gjort eit godt førebyggande arbeid. M.a. kan nemnast:

- årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen
- opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane) og personell i Eigedomsavdelinga
- "Brannvernveka" med open brannstasjon
- deltaking på Redningsselskapet sitt arrangement "Forebyggande seilas" - eit arrangement for å gi 6. klassingar (ca. 120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningsskøyta

Hausten 2011 vart det starta forebyggande forum på Ytre Søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannsida. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt fleire årlege samlingar.

Avvik/manglar:

Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.

Løysing av avvik/mangel:

Når ein får gjort tilsetjing i tilsynsstillinga reknar ein med å kunne oppfylle lovkravet innan rimeleg kort tid.

**Brann- og ulukkesberedskap (5061) (TL)**

Generelt:

Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med brannbil og 20 deltids brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. I 2013 har brannvernet fått hjartestartar i beredskapen. Den seinare tida har redning kome sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulanse). Dette vert det ikkje mindre av framover og brannvernet vil også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarte/lungeredning). Revidering av gjeldande brannordning er i gang. I samband med revidering av brannordninga er det også gjennomført ROS-analyse.

Avvik/manglar:

Brannvernet har dei siste åra slite med meirforbruk grunna underbudsjettering. Gammal tankbil og brannbil har medført auka kostnader til reparasjonar. Ulik lovpålagd kursing samt

kursing av nye mannskap pga. at mannskap har slutta har også vore kostnadsdrivande. Når det gjeld  rekruttering, og då spesielt 2 befal som ein må pårekne vert pensjonert i løpet av ein 3-5 års periode, må ein i hovudsak satse på opplæring internt. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell.

Løysing av avvik/mangel:
Utskifting av brannbil og tankbil i 2014 forventar ein vil medføre reduksjon av reparasjonskostnadene. Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

**Feiing (5062) (TL)**
Generelt:Løysing av avvik/mangel:
Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Det er omlag 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2014 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing.

**BARNEHAGE**
Barnehagane melder at det er meldt 5 avvik i Kvalitetslosen løpet av 3. tertial. Desse avvika er lukka. Alle avvika er meldt av Myrsnipa barnehage.

| Barnehage | Tal avviksmeldingar | Status | Kva hending |
|---|---|---|---|
| Moltu | 0 | | |
| Bergslia | 0 | | |
| Myrsnipa | 5 | Lukka av styrar<br>Tiltak gjennomført | 1. personskade barn<br>4: reinhald (dårleg eller manglande) |
| Leikanger | 0 | | |

Myrsnipa barnehage oppretta tre nye plassar etter kommunestyrevedtak i desember. Alle barnehagane har fulle barnegrupper bortsett frå Grønmyr barnehage Myklebust som framleis har nokre ledige plassar.
Tilskot til private barnehagar:
Foreløpig sats for kommunalt tilskot til private barnehagar er:
Små barn kr. 178 942,-
Store barn kr.  89 434,-.
Barnehageavdelinga og økonomiavdelinga arbeider med å rekne ut endeleg sats for 2014 etter tal barn pr 15.des. 2013. Dette skal vere klart i februar 2014.

**Fysisk miljø i barnehagane**
Det vart gjennomført sikkerheitskontroll av uteleikeplassane ved/eigedomsavdelinga sommaren 2013. Dei mest alvorlege feila som vart avdekt er utbetra, men barnehagane melder at det framleis er mange rapporterte feil og manglar som ikkje er utbetra.
Ynskjet til barnehageavdelinga er at dette arbeidet skal få høg prioritet slik at uteleikeplassane til ei kvar tid er trygge for barna.

Moltu barnehage er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern etter at dei har bygd på barnehagen og gjort nødvendige tiltak for å tilfredsstille aktuelt lovverk. Helseavdelinga ventar på rapport om utførte pålegg frå eigedomsavdelinga.

Leikanger barnehage er ikkje godkjend etter barnehagelova etter utvidinga av arealet. Barnehagestyrar ventar på godkjenning frå eigedomsavdelinga etter dei utbetringane som er utført. Alle godkjenningar etter anna lovverk må ligge føre før barnehageavdelinga kan legge fram sak om godkjenning etter barnehagelova.

**Oversikt delegerte vedtak 3 tertial:**

Vedtak om ekstra ressurs:
Myrsnipa barnehage: 10t/v

Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet:
Troll-myra barnehage: 60% st. (2 personar)
Troll-lia barnehage: 80% st. (1 person)
Bergslia barnehage: 60%st. (1 person)
Myrsnipa barnehage: 140% st. (2 personar)
Moltu barnehage: 50% st. (1 person)

**Barn familie og helse**

Også i tredje tertial i år har legesituasjonen vore utfordrande sjølv om det er tilset lege i den ledige heimelen.. Det har vore fleire innleigde legevikarar. Det er ikkje ledige plassar på nokon av fastlegelistene og det har og vore utfordrande særleg då for dei som ønskjer å skifte fastlege, men og i forhold til nye innbyggjarar. Kommunen har vedteke å opprette to nye heimlar og har fått tilskot til dette frå Helsedirektoratet. Rekrutteringa er i gang.

Pasientar vert tidlegere utskrivne frå sjukehus. Det har ført til eit stort press på fysioterapeutar og ergoterapeut i kommunen. Over tid er det såleis vanskeleg å yte så gode tenester som ein skulle ønskje for ein rekkje pasientgrupper.

Skulehelsetenesta har i haust kunne prioritere noko meir tilstedeværing i skulane. Dette særleg pga at tilskotet frå Helsedirektoratet er vidareført. Arbeidssituasjonen har vore noko prega av ombygginga ved helsesenteret.

Innan psykisk helsevern ser ein at dei “nye” pasientane som kjem er unge og har til dels store hjelpebehov. Det har fortsatt vore ei utfordring å få gode behandlingslinjer samen med spesialisthelsetenesta i konkrete tilfelle. Erfaringane med “ungdomsgruppa” på Solheim dagsenter er positive. Det har og ført til at nokre av dei tidlegare brukarane av dagsenteret har fått noko endra tilbod.

Barnevernet har i denne perioden motteke 34 meldingar
7 barn under omsorg
80 barn på hjelpetiltak
6 ungdommer (18-23 år) på ettervern. Dette er tildels svært krevjande og omfattande tiltak.
13 tilsynsbarn,barn om er plassert i Herøy frå andre kommune

Barnevernet har også ansvar for adopsjonssaker.

Arbeidsmengda i barnevern er stor, og vi har mange tunge saker, som er svært tid- og kostnadkrevjande med omfattande tiltak. Rus, psykiatri og forsømte familiar i generasjonar, pregar fleire av sakene.

Kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor. Vi har og sterk fokus på tidleg intervensjon. Vi har derfor

også valgt å prioritere arbeidet som er igangsatt for å heve det tverrfaglege arbeidet for vern av barn (Mission Possible).

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen. Avdelinga har på dette området eit forbetringspotensiale.

**Bu og habilitering**

Interne avvik:

Det er meldt 10 avvik 3 tertial 2013. 5 stk. gjeld medisinrutinar, 3 stk. gjeld brukarrelaterte hendingar og 2 stk. gjeld manglande rutineoppfølging av personal ved sjukdom. Mellomleiarane har lukka avvika på sitt nivå. Det må arbeidast med å få fleire til å melde avvik, då få melde avvik ikkje nødvendigvis heng saman med at det ikkje er avvik.

Enkeltvedtak etter lovgivning frå 01.09.13– 31.12.13

| | |
|---|---|
| Imøtekomne saker i perioden: | 71 saker |
| Avslag: | 4 avslag |
| Klager: | 1 klage, under behandling av klageinnstans. |

Rekruttering og kompetanse:

Stor utfordring i å rekruttere kvalifiserte korttidsvikarar og miljøterapeut til utlyste stillingar. Bruk av overtid gjekk noko ned i siste tertial.

Tenester og behov:

Bu og habiliteringsavdeling opplever en auke i brukarar innen autismespekterforstyrrelse og anna problematikk som trafikkskada og barn som har vore utsett for omsorgsvikt.

Fleire brukarar, særskilt med autismespekterdiagnosar kjem no frå vidaregåande skule og over i vaksenlivet. Vi ser at desse fell utanfor arbeidslivet med dei tiltak som er mogleg gjennom NAV-systemet. Herøy kommune har per i dag ikkje fysiske fasilitetar til å utvikle ei breiare aktivitetstilbod for ei slik målgruppe. Ein prosess for å utvikle dagtilbodet for betre å kunne legge til rette for ulike behov er satt i verk av rådmannen.

Vi har ikkje fysiske fasilitetar til dei brukarane som er multifunksjonshandicappa, og er i kommunal regi på dagtid. Per i dag nyttar vi avlastinga på dagtid, men det er trangt og ikkje hensiktsmessig når andre brukarar er inne på avlasting. I bygging av nytt dagtilbod vert det essensielt å skape ein god kvardag også til dei som treng mest hjelp.

**Eigedomsavdelinga**

Eigedomsavdelinga rapporterer under tenesterapporteringa om forhold knytt til forvaltning, drift, og vedlikehald av kommunale bygg samt serviceoppgåver.

Generelt

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens formålsbygg og utleigebustadar med tilhøyrande uteområde. Avdelinga har i tillegg ansvaret for mindre investeringsprosjekt i kommunale bygg.

Eigedomsavdelinga fekk i møte med Rådmannen, Anlegg- og driftsavdelinga og Kulturavdelinga den 26.09.2012 utvida sitt ansvarsområde til å omfatte også leikeplassar og ballbingar på kommunal grunn generelt, uavhengig av om dei er etablert i tilknyting til eit kommunalt bygg eller ikkje. Tidlegare har avdelinga kun hatt ansvaret for anlegg i tilknyting til kommunale bygg.

Forvaltningsansvaret

Forvaltningsansvaret omfattar forsikringsansvaret for kommunal eigedom, innleige og utleige av eigedom, kjøp og sal av eigedom, innløysing, oreigning og erstatningskrav knytt til eigedom, bortfeste, bruksrettar, nabospørsmål og andre hefte knytt til eigedom.

Forvaltningsansvaret omfattar også skatter og avgifter knytt til eigedom samt administrasjon og leiing.

Driftsansvaret
Med byggteknisk drift meiner Eigedomsavdelinga dei oppgåver som er naudsynte for at ei bygning skal fungere som forutsatt i det daglege. Forutan løpande oppfølging av daglege problem, omfattar driftsansvaret særleg reinhald, avfallshandtering, vakt og sikring, energioppfølging, energistyring og internkontroll av byggtekniske forhold.

Vedlikehaldsansvaret
Med vedlikehald meiner Eigedomsavdelinga dei tiltak som er naudsynte for at ei bygning skal kunne oppretthalde sin byggtekniske standard på eit gitt kvalitetsnivå. Eigedomsavdelinga har som målsetting at vedlikehaldsarbeidet skal være planlagt og forebyggande, med utgangspunkt i teknisk levetid og faktisk tilstandsgrad.

Serviceoppgåver
Serviceoppgåver omfattar kantinedrift, pr. i dag kun på Rådhuset samt andre oppgåver som ikkje naturleg ligg til huseigaren å utføre, men som avdelinga likevel tilbyr mot ein viss kompensasjon. Dette omfattar typisk flyttetenester og opp-/nedmontering av inventar.

Bygningsportefølgje
Eigedomsavdelinga har ansvaret for ca. 54 000 m2 bruttoareal bygningsmasse, fordelt slik (sist oppdatert 08.08.2013):

| KATEGORI | BYGNINGAR | SUM M2 BTA. |
|---|---|---|
| Formålsbygg | | 44 000 |
| Utleigebustadar | | 10 000 |
| Andre formål | 1 | 4 600 |
| **Sum** | | **54 000** |

Eigedomsavdelinga prioriterer digitalisering av teikningsgrunnlag for dei einskilde bygga og vil i løpet av 2013 ha ei vesentleg betre oversikt over eigedomsmassen, herunder sum bruttoareal (BTA), sum bruksareal (BRA) og sum reinhaldt areal.

Avdelinga legg til grunn at sum BTA vil stige etter at digitaliseringsarbeidet er gjennomført og arealtal er kvalitetssikra.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato 34 årsverk fordelt på 54 tilsette.

| Ansvar | | Årsverk | Tilsette |
|---|---|---|---|
| 6011 | Leiing | 1 | 1 |
| 6012 | Kantine | 0,5 | 1 |
| 6021 | Byggteknisk drift | 6,4 | 7 |
| 6031 | Byggteknisk vedlikehald og investering | 1 | 1 |
| 6051 | Reinhald | 33 | |

Økonomi

Avdelinga har økonomiske utfordringar særleg innanfor ansvar 6022 og ansvar 6031. Ansvar 6022 omfattar uforutsette driftskostnadar og er pr. 2013 tilgodsett med kr. 1 mill. Pr. rapporteringsdato er denne budsjettposten overskrede med ca. kr. 300 000. Dette medfører at vi må stoppe planlagte vedlikehaldsprosjekt under ansvar 6031 for å halde budsjettbalansen og rådmannens krav til 3 % sparing i 2013. Kommunestyrets målsetting om planlagt og førebyggande vedlikehald, slik dette er vedteke i K-sak 162/12, er difor nær sagt umogleg å oppfylle.

Avvik
Avvik registrert i Kvalitetslosen omfattar avvik frå lov og regelverk, herunder interne prosedyrer og rutiner. Det er sidan førre rapportering registret avvik i Kvalitetslosen som vist i tabellen nedanfor:

Skadesaker
Under dette punkt rapporterer Eigedomsavdelinga om forsikringssaker for kommunale bygg sidan førre rapportering:

| BYGNING | SKADETYPE | DEKNING | STATUS | ØKONOMISK TAP |
|---|---|---|---|---|
| Øvre Myklebust 15 | Vasskade | Dekning | Under handsaming | kr. 25 000,- |
| Sjukeheimsvegen 14 | Vasskade | Dekning | Under handsaming | kr. 25 000,- |

**Byggteknisk drift (ansvar 6021 og 6022) TSS**
Eigedomsavdelinga har ansvaret for teknisk drift av formålsbygg og kommunale utleigebustadar. Teknisk drift er økonomisk delt i to ansvar: 6021 omfattar personalkostnadar og avtalte driftskostnadar medan ansvar 6022 omfattar løpande og uforutsette driftskostnadar.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har totalt 6 vaktmeistarar i 5,4 årsverk til å drifte bygningsmassen.

Drift av bygningsmassa vert koordinert av ein fagleiar drift i 100 % stilling. Fagleiar drift har fagansvaret for internkontroll, energioppfølging og dagleg oppfølging av driftspersonalet medan driftspersonalet har det operative ansvaret for oppfølging av aktuelle tiltak ute i felt.

Driftsplan
Eigedomsavdelinga organiserer driftsstyrken etter prinsippet om at alle mann skal kunne handtere alle fag i alle bygg.

For å sikre forsvarleg internkontroll, forutsigbarheit for brukarane og for å nå eit ønskemål om forebyggande drift, vert det arbeida med ei organisering som inneber at driftspersonellet organiserast i 2-manns team som gjennomfører regelmessig tilsyn ved ei portefølge av kommunale bygga etter ein fastsett plan. Pr. rapporteringsdato, er det ei utfordring for Eigedomsavdelinga å gjennomføre driftsplanen som tenkt, særleg grunna sjukefråvær blant driftspersonalet og ferieavvikling. Dette er beklageleg, både for dei tenesteytande avdelingane og for avdelinga sjølv.

Driftsavtalar
Eigedomsavdelinga har ikkje personalressursar nok til å løyse alle dei byggtekniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av eksterne driftstenester:

| FAGOMRÅDE | LEVERANDØR | AVTALEPERIODE |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| Snørydding | Anlegg- og driftsavdelinga | |
| | Jon Edvard Myrvågnes | |
| Plenklipping | Jungelkongen AS | |
| Gartnertenester | Ad hoc-kontrahering | |
| Skogrydding | Ad hoc-kontrahering | |

Serviceavtalar
Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg fagkompetanse til å løyse alle driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av ekstern servicekompetanse. Dette er til dels også lovpålagt som del av internkontrollansvaret.

| FAGOMRÅDE | SERVICEAVTALE | AVTALEPERIODE | MERKNAD |
|---|---|---|---|
| Varmeanlegg | NordvestMiljø AS | | |
| Ventilasjonsanlegg | NordvestMiljø AS | | |
| Brannalarmanlegg | Stanley Security AS | | Skal ut på anbod |
| Nød- og ledelys | Stanley Security AS | | Skal ut på anbod |
| Sprinkleranlegg | | | Skal ut på anbod |
| Brannsløkkingsutstyr | Fosnavåg Notbøteri AS | | |
| Heis | Lift Tech<br>Sanne Heis<br>Kone AS | | Skal ut på anbod |
| Elektriske anlegg | | | Skal ut på anbod |
| Leikeplassar | Leikeplassinspektøren AS | | |

Bygg som er overteke til ordinær drift, men som fortsatt er i garantifasen etter eit prosjekt, er ikkje omfatta av serviceavtalane ovanfor. For desse bygga vert det inngått serviceavtalar med systemleverandørane i garantiperioden. Deretter blir servicebehovet implementert i den generelle avtalen for fagområdet, slik denne er vist ovanfor. Pr. i dag gjeld dette fylgjande bygg:

Bygningsmessige avvik
Bygningsmessige avvik vert innmeldt og fulgt opp via Eigedomsavdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Avvik blir meldt både av brukarane og av avdelinga sjølv.

Avviksrapport pr. rapporteringsdato syner fylgjande:

| År | Innmeldt | Ubehandla | Under behandling | Lukka | Forkasta |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 968 | 334 | 117 | 480 | 37 |
| 2012 | 492 | 27 | 88 | 336 | 41 |

Innmeldte avvik blir anten (1) overført til driftsseksjonen for oppfølging snarast mogleg,

(2) overført til vedlikehalds- og investeringsseksjonen for vurdering ved rullering av neste års tiltaksplan eller (3) forkasta fordi avviket ikkje er avdelinga sitt ansvar.

Antall innmeldte avvik i 2013 er pr. rapporteringsdato markert høgare enn i 2012 totalt. Dette skuldast at Famac vart teke i bruk fyrst frå 01.07.2012 og at avdelinga i 2013 også har registrert inn avvik frå eksterne tilsyn, mellom anna leikeplasskontroll og branntilsyn. Avdelinga har også som målsetjing å melde inn avvik om driftspersonellet avdekker sjølv og ikkje kan lukke umiddelbart.

Avvik eller pålegg etter offentleg tilsyn
Tabellen nedanfor syner ei oversikt over avvik eller pålegg om utbetring som avdeliga har motteke etter offentleg tilsyn. Sidan førre rapportering er fylgjande avvik registrert:

| BYGNING | TILSYNSORGAN | AVVIK | STATUS |
|---|---|---|---|
| Herøy rådhus | Herøy brannvern | Sjå eigen tilsynsrapport | I arbeid |
| Myrsnipa barnehage | Elsikkerheit Møre AS | Sjå eigen tilsynsrapport | I arbeid |

**Byggteknisk vedlikehald og investering (ansvar 6031) PKM**
Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt om planlagte vedlikehald- og investeringstiltak.

Vedlikehald- og investeringstiltak omfattar normalt sett tiltak med netto kostnadsramme over kr. 100 000 og/eller er søknadspliktige. Tabellane nedanfor syner status for planlagde tiltak inneværande år. Formålsbygg visast med populærnamn. Utleigebustadar visast med offisiell adresse. Referansenummer viser til tiltakets id-nr. i avdelinga sitt fagsystem FamacWeb:

Planlagte tiltak 2013

| **2872.36939** | **HERØY RÅDHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Fasade |
| Tiltak: | Utbetring av skader i murpuss yttervegg for å hindre ytterlegare forverring. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2872.36939** | **HERØY RÅDHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av området rundt hovedinngang og minnesmerket for Arisan. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| **2872.52666** | **HERØY RÅDHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Etablering av sentral driftskontroll |
| Tiltak: | Oppgradering av eksisterande driftskontroll og tilrettelegging for webbasert sentral driftskontroll. |
| **Status:** | **Kravspesifikasjon under utarbeiding.** |

| 2874.43495 | BERGSLIA BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Montering av nytt gjerde. Oppfølging av tilsynsrapport frå årskontroll leikeplass. Eksisterande tregjerde mot parkeringsplass er vurdert som eit A-avvik då ungane kan klatre over konstruksjonen og ramle ned på parkeringsplass. |
| **Status:** | **Pågår** |

| 2874.52480 | BERGSLIA BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Ventilasjonsanlegg |
| Tiltak: | Oppgradering av ventilasjonsanlegget ved Bergslia barnehage. Utskifting av dagens aggregatløysing - som består av 3 mindre aggregat frå 1990 - til eitt sentralt aggregat med betre kapasitet og energigrad. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2874.53349 | BERGSLIA BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Tilpassing av uteområdet for dei minste ungane i barnehagen og samstundes trygge adkomsten til bygget. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2875.36945 | LEIKANGER BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Rømingsveg |
| Tiltak: | Etablere overbygg til rømingsveg for å sikre mot takras snø. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt.** |

| 2876.41103 | MOLTU BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Sikring av uteområde mot veg. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| 2876.50680 | MOLTU BARNEHAGE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Utbetring av ventilasjonsanlegg for den eldste delen av bygget. |

| | |
|---|---|
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| **2877.44568** | **MYRSNIPA BARNEHAGE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppdeling av uteområdet i fleire soner for å betre funksjonaliteten for barnehagen ved redusert personalbemanning. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2877.52699** | **MYRSNIPA BARNEHAGE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Utbetring av uteområde mot Myrvåg skule |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| **2877.53060** | **MYRSNIPA BARNEHAGE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Vindu - ytterkledning |
| Tiltak: | Utskifting av eitt vindu og deler av bordkledning |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt.** |

| **2878.37133** | **BLÅHAUGEN SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt på yttertak. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2878.37135** | **BLÅHAUGEN SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utbetring av eit vindu  med lekasjepunkt i garderobe ved sone 2. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2878.53776** | **BLÅHAUGEN SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling av fasade |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2879.52402 | BERGSØY SKULE BORGA |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av uteområde med nye leikeapparat. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| 2883.37139 | LEIKANGER SKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utskifting av vindu i administrasjonsfløya. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2883.37141 | LEIKANGER SKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Elektrisk anlegg |
| Tiltak: | Utbetring av det elektriske anlegget for å sikre betre kapasitet. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2883.53064 | LEIKANGER SKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Funksjonalitet |
| Tiltak: | Ombygging av klasserom grunna auka elevtal ved skulen |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2883.53089 | LEIKANGER SKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av taknedløp |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2883.53093 | LEIKANGER SKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt på tak mellom skulebygg og grendahus. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2885.52404 | MOLTU SKULE |
|---|---|

| | |
|---|---|
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Etablering av ventilasjonsanlegg på Moltu barneskule.<br>Oppfølging av K-sak - godkjenning av skulebygg etter forskrift om miljøretta helsevern. |
| **Status:** | **Kravspesifikasjon utarbeida, men tiltaket er ikkje påbegynt grunna branntekniske avvik. Eigedomsavdelinga avventer brannteknisk tilstandsrapport frå NorConsult AS som grunnlag for vidare planlegging og løyving av ekstra budsjettmidlar.** |

| **2885.52893** | **MOLTU SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Tak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2887.37145** | **NERLANDSØY SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Sikring av uteområde mot veg. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2887.37146** | **NERLANDSØY SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling av fasade samt mindre utbetring av lufting for trekledning |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| **2887.53105** | **NERLANDSØY SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Vindu |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2889.52863** | **STOKKSUND SKULE** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Oppgradering av uteområde med nye leikeapparat. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| 2890.48648 | YTRE HERØY UNGDOMSSKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Ventilasjon |
| Tiltak: | Oppgradering av ventilasjonsaggregat og kanalnett for gamlebygget. |
| **Status:** | **Kravspesifikasjon utarbeida, men tiltaket er ikkje påbegynt grunna branntekniske avvik. Eigedomsavdelinga avventer brannteknisk tilstandsrapport frå NorConsult AS som grunnlag for vidare planlegging og løyving av ekstra budsjettmidlar.** |

| 2890.53413 | YTRE HERØY UNGDOMSSKULE |
|---|---|
| Bygningsdel: | Inngangsparti |
| Tiltak: | Brannsikring av lagerfunksjonalitet i rømingsveg ved hovedinngang |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt. Eigedomsavdeling avventer brannteknisk tilstandsrapport.** |

| 2891.44054 | HERØY OMSORGSSENTER |
|---|---|
| Bygningsdel: | Uteområde |
| Tiltak: | Fjerning av varerampe og utbetring av gangparti ved hovedinngang raud og grøn. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2891.48849 | HERØY OMSORGSSENTER |
|---|---|
| Bygningsdel: | Vaskerom |
| Tiltak: | Utbetring av gulv og gulvbelegg på vaskerom grøn avdeling. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2891.52515 | HERØY OMSORGSSENTER |
|---|---|
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum til grøn- og raud avdeling.<br><br>Raud og grøn avdeling er ikkje klargjort for tilkobling til mobilt aggregat. Som del av prosjektet må bygget også klargjerast for mobil tilkobling. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| 3018.52514 | HERØY OMSORGSSENTER |
|---|---|
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum. |

| | |
|---|---|
| | Blå avdeling er klargjort for tilkobling av mobilt aggregat 400 V. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| **2892.41105** | **MYRVÅG OMSORGSSENTER** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttertak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| **2892.52516** | **MYRVÅG OMSORGSSENTER** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Reservestraum |
| Tiltak: | Innkjøp av mobilt aggregat for reservestraum |
| **Status:** | **Tilbodsinnhenting pågår** |

| **2930.37151** | **HERØY KULTURHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttertak |
| Tiltak: | Utbetring av lekasjepunkt. |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| **2930.50678** | **HERØY KULTURHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Oppgradering av ventilasjonsanlegg for Kulturskulen, festsalen og Herøyhallen |
| Tiltak: | Kulturskulen: Installasjon av anlegg med automatisk styring, utvida effekt og bedre energiøkonomi.<br><br>Festsalen: Automatikk og deler av mekanisk styring må oppgraderast for å kunne få kontroll over varmestyring.<br><br>Herøyhallen: Nye og meir effektive kammervifter. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| **2930.52403** | **HERØY KULTURHUS** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Oppgradering av gjestetoalett |
| Tiltak: | Oppgradering av dame- og herregarderobe i vestibyle/kafèområdet på hovedplan. |
| **Status:** | **Under planlegging** |

| 2930.52834 | HERØY KULTURHUS |
|---|---|
| Bygningsdel: | Renovering av inngangsparti |
| Tiltak: | Oppgradering av innvendige overflater i inngangsparti, vestibyle, garderobe og vestibyle ved bibliotek samt utskifting av vindu i vestibyle og utskifting av innerdører i renoveringsområdet.<br><br>Oppgradering av innvendige overflater omfatter nye gulvmatter og ferdigstilling av maling innvendige vegger. |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2930.52838 | HERØY KULTURHUS |
|---|---|
| Bygningsdel: | Oppgradering av golv i bibliotek |
| Tiltak: | Mindre tilpassing for ny planløysing, maling av veggar og legging av nytt golv. |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| 2905.54559 | ØVRE MYKLEBUST 1 |
|---|---|
| Bygningsdel: | Gulv |
| Tiltak: | Utskifting av gulvbelegg i leilegheit |
| **Status:** | **Ferdigstilt** |

| 2922.42149 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
|---|---|
| Bygningsdel: | Ytterdører |
| Tiltak: | Utskifting av verandadører på 4 av leilegheitene |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2922.43826 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
|---|---|
| Bygningsdel: | Innvendig tak |
| Tiltak: | Utbetring etter vasslekasje |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| 2922.54508 | SJUKEHEIMSVEGEN 06 |
|---|---|
| Bygningsdel: | Gulv |
| Tiltak: | Utskifting av gulvbelegg i fellesareal |

| | |
|---|---|
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2913.53159** | **RABBEGJERDET 3** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2917.37152** | **KVERNTUN** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Utskifting av vindu |
| **Status:** | **Påbegynt** |

| **2918.53163** | **SOLBERGVEGEN 2-4** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2918.53164** | **SOLBERGVEGEN 6-8** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Yttervegg |
| Tiltak: | Maling |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

| **2897.38615** | **STOREBAKKEN 3** |
|---|---|
| Bygningsdel: | Innvendig tak |
| Tiltak: | Utskifting av loftsluker |
| **Status:** | **Ikkje påbegynt** |

**Reinhald (ansvar 6051) AFK**
Eigedomsavdelinga har ansvaret for reinhaldet ved formålsbygga og ved einskilde utleigebustadar. Reinhaldsoppgåver sorterer tematisk under driftsansvaret for kommunale bygg, men er pt. utskilt som eiga eining.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har totalt 44 reinhaldarar i 24 årsverk til å reinhalde bygningsmassen.

Reinhaldet vert leia av fagleiar reinhald i 100 %.

Eigedomsavdelinga organiserer pr. rapporteringsdato reinhaldsansvaret som stillingsheimlar pr. bygg. Avdelinga vurderer fortløpande om ein kan organisere seg annaleis for å auke trivselen, redusere sjukefråværet og styrke fleksibiliteten blant dei tilsette.

Reinhaldsplan
Eigedomsavdelinga reviderer reinhaldsplanen for det einskilde bygg regelmessig og ved behov, t.d. etter ombygging eller tilbygg. Avdelinga nytter fdv-systemet FamacWeb til dette arbeidet og har som målsetjing å revidere reinhaldsplanane for samtlege formålsbygg basert på fagleg tilråding frå NHO Service, for deretter å gå i dialog med dei einskilde avdelingane om kva standard reinhaldet skal ligge på vidare framover. Det overordna målet er effektivt reinhald på forsvarleg nivå.

Arbeidet med å oppdatere reinhaldsplanane har nær samanheng med digitaliseringa av teikningsarkivet og er avhengig av framdrifta i dette prosjektet.

Tabellen nedanfor syner status for dei ulike bygg som er registrert i Famac pr. rapporteringsdato:

| BYGNINGSGRUPPE | BYGNING | REINHALDSPLAN |
|---|---|---|
| 130 - Administrasjonslokale | Herøy rådhus | Registrert |
| 190 - Interne serviceeiningar | Herøy brannstasjon | Ikkje registrert |
| | Vaktmeisterbase | Ikkje registrert |
| 221 - Førskulelokale | Bergslia barnehage | Registrert |
| | Myrsnipa barnehage | Registrert |
| | Moltu barnehage | Registrert |
| | Leikanger barnehage | Oppdatert i forhold til Famac |
| 221 - Skulelokale | Nerlandsøy skule | Ikkje registrert |
| | Bergsøy skule Borga | Registrert |
| | Bergsøy skule Blåhaugen | Registrert |
| | Einedalen skule | Registrert |
| | Moltu skule | Oppdatert i forhold til Famac |
| | Stokksund barne- og ungdomsskule | Registrert |
| | Leikanger skule | Oppdatert i forhold til Famac |
| | Ytre Herøy ungdomsskule | Registrert |
| 234 - Aktiviseringstenester | Herøy produksjon | Ikkje registrert |
| | Aktivitetsenteret | Registrert |
| | Voksenopplæringa | Registrert |
| | | |

| | | |
|---|---|---|
| 241 - Helsebygg | Herøy helsesenter | Registrert |
| | Myrvåg legevaktstasjon | Registrert |
| | Solheim | Ikkje registrert |
| 261 - Institusjonsbygg | Herøy omsorgssenter - blå avdeling | Registrert |
| | Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling | Registrert |
| | Herøy omsorgssenter - gul avdeling | Registrert |
| | Myrvåg omsorgssenter | Registrert |
| 325 - Næringsbygg | Fristadbygget | Registrert |
| 385 - Kulturbygg | Herøy kulturhus | Registrert |
| Innleigde bygg | Vaktsentralen | Registrert |
| | Myrvåg helsestasjon | Ikkje registrert |
| | WC Goksøyr | Ikkje registrert |
| | WC Fosnavåg | Ikkje registrert |

Kompetanse
Eigedomsavdelinga har berre tre reinhaldarar med fagbrev, to av dei har passert 67 år. Avdelinga arbeidar for å legge til rette for kompetanseheving gjennom fagbrev då dette er viktig både for trivsel og kvalitet på reinhaldet.

Reinhaldsmateriell
Eigedomsavdelinga har god oversikt over reinhaldsmateriellet som reinhaldarane disponerer. Ein del av reinhaldsmateriellet er av eldre dato og blir fortløpande fornya etter eige budsjett.

Avvik
Klager på reinhaldet blir handtert forløpande av reinhaldsleiar. Grunna mangelfull rapportering frå brukar, vil avdelinga innføre klageskjema for at klagene skal kunne handterast betre i framtida.

**Fellessekretariatet**
Fellessekretariatet er à jour med arbeidsoppgåvene sine.

**IKT**
Driftssituasjonen er stabil.

**Kultur**
I forhold til det lovverk, dei målsettingar og planar ein har å forhalde seg til i kulturavdelinga, har ein ikkje avvik å rapportere i forhold til teneste pr. 31.12.2013.

Planlagt oppstart av kulturminneregistrering er utsett til 2014 grunna manglande ressursar inneverande år.

Ny kulturleiar starta i stillinga den 4. september.

**Personal- og organisasjonsavdelinga**

**Generelt:**
Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepengar. Den har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

**Kvalitetslosen / avviksrapportering:**
10 meldte avvik i Kvalitetslosen, alle er lukka. Avvika går påinterne rutiner. Ingen meldte varslingar.

**Handsama saker i perioden**
Tilsettingssaker i andre tertial: 12 stillingar utlyst, alle var utlyst eksternt.

**Arbeidsgjevarpolitisk arbeid:**
Prosjekt Likestilte kommunar, med fokus på arbeidsgjevarpolitikk / lønspolitikk
Retningsliner for reduksjon av deltid.
Skrive kontrakt med leverandør av elektronisk tidsregistrering.

**Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane**
Det er gjennomført lokale lønnsforhandlingar med 12 arbeidstakarorganisasjonar. I tillegg har det vore 6 forhandlings - og drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane om andre saker. Det har vore 3 kontaktmøter i 3 tertial (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane).

**Helse miljø og sikkerheitsarbeid**
2 møte i IA utvalet
1 møte i IA nettverk, interkommunal IA nettverk der privat og offentlege arbeidsplassar deltek.
2 møter i AMU.

**Kurs/Seminar**
Internopplæring for leiarar:
- Sjukefråværsoppfølging med fokus på skriving av oppfølgingsplan.
- Ny seniorpolitikk gjeldande frå 01.01.2014 – informasjon om endring, overgangsordning og nye skjema
- Nye regler om alderspensjonister som engasjeres på pensjonistvilkår – kva krev det av oss som arbeidsgjevar?

Internopplæring for verneomboda

Seminar/kurs med eksterne aktørar for leiarar og andre:
- Likestilling - kjeisam plikt eller god personalpolitikk
- Arbeidsmiljølova
- Forvaltningslova

**Pleie og omsorg**

**Organisasjon**
Generelt:
Vi er inne i ei tid med stor endring i arbeids- og ansvarsfordeling mellom kommuner og helseføretak. Det synest som helseføretaket er klare for å legge ned tilbod raskare enn kommunane greier å bygge opp. Eit mykje diskutert tema er rehabiliteringsansvaret.

Det er gjennomført eit ope møte i samband med at helse-og omsorgsplanen ligg ute til offentleg ettersyn.

Avdelinga har mange seniorar og i løpet av den komande femårs-perioden står vi framfor ei stor utskifting av personalgruppa. Dette er ei utfordring for organisasjonen sidan så mange vil gå ut omlag samstundes. Dette går både på å imøtekome behov for tilrettelegging og praktisk gjennomføring av ekstra fri i samband med seniortiltak. I tillegg har du den økonomsike sida ved det då dette ikkje er kompensert for i budsjettet.

Vi har erfart at samhandlingsreforma krev god administrativ planlegging og koordinering, at pasientflyten er kjappare og pasientane sine behov er meir samansette enn før. Dette gir ekstra press på heimesjukepleien og korttidsplassane i institusjon. Vi får auka driftsutgifter og mindre inntekter på vederlag. Det aukande pasienttalet gir auka arbeidspress på dei tilsette. Ein må setje inn meir ressursar for å ivareta kravet om nødvendig helsehjelp, og ta omsyn til dei tilsette sine arbeidsforhold. Ifølge kostra og iplos-rapportering har vi for lite tilsette i høve til antal vedtak. Det vart difor bedt om oppretting av fleire faste stillingar i budsjettsamanheng..

Stor deltidsandel gir leiarane i pleie- og omsorg eit omfattande arbeid med personaloppfølging. Manglande tilgang på kompetente vikarar er ei aukande problemstilling.

Driftsteknikar er pressa sidan ansvarsområdet har auka med nye omsorgsbustader og meir hjelpemiddelformidling for fleire pasientar. Auka bruk av velferdsteknologi, nye tryggleiksalaramar, pasientsignalanlegg, kontroll av elektrisk utstyr med vidare krev meir tid og ressursar. Dette vart synleggjort ved å be om ei stillingsauke på 50 % i budsjettet for 2014.

Kompetanseutvikling:
Kompetansebygginga er styrt ut frå behova i avdelinga. Kompetanseutviklinga skjer etter ein målretta plan basert på ei kartlegging av pasientgruppa og kjendt utfordringsbilde. I tillegg satser vi på støtte til vidareutdanning for relevante fagområde som t.d. demens og rehabilitering. Dette får vi økonomisk støtte til gjennom sentral satsing på omsorgsplan 2015. Avdelinga har mange studentar og lærlingar og dette vert sett på som positivt. Vi har godt samarbeid med skuleverket.

Avvik/manglar:

- Driftsproblem knytt til lite hensiktsmessige bygg i ytre. Det er meldt om dårleg luftkvalitet frå BHT-gjennomgang på Herøy omsorgssenter, avdeling grøn. Gul avdeling har mange feil og manglar, personalet etterlyser nybygg. Ingen av desse avdelingane fyller krava etter sjukeheimsforskrifta, og gul har ei midlertidig godkjenning som sjukeheimsbygg som går ut i 2013.
- Avdelingsleiarane melder om store udekte utstyrsbehov, spesielt senger.
- Kjøkkensjefen melder om sårbar drift ved sjukefråvær. Det er ynskjeleg å slå saman til eit kjøkken, men lokala tillet ikkje det.
- Manglande lagerplass i Myrvåg.
- Manglar framleis reservestraumsaggregat, men dette er bestilt og er venta på plass vinteren 2014

Tiltak for å lukke avvik eller manglar:

- Mykje av problema er knytt til lokalitetane, og dette kan ikkje løysast på kort sikt
- Har prioritert utstyrsmidlar i budsjettsamanheng, men for 2013 kom det så mange uforutsette behov på kjøkkenutstyr at avdelingane må vente til neste år. Unntaket er innkjøp av bekkenspylar. Vi prioriterer utstyrsmidlane til utstyr som er heilt defekt, samt nødvendige hjelpemiddel for personalet
- Problem med manglande lagerplass er meldt til eigedomsavdelinga

**Kvalitetslosen / avviksrapportering:**

Antal rapporterte avvik i 3 tertial var 59, fordelt på 26 på helse/ miljø/tryggleik, 17 på organisasjon/internt og 32 på teneste/brukar. Dei fleste avvika er lukka på mellomleiarnivå. Avvika vert brukte til å finne systemfeil og gjere kvalitetsforbetringar for å hindre feil og manglar.

**Teneste:**
Mellomleiarane rapporterer at pasientar og pårørande stort sett er fornøgde med tenestene. Det har tilsaman vore to klager. Desse gjekk vidare til fylkesmannen som stadfesta kommunen sine vedtak.

Institusjonsteneste:

Beleggsprosent, samla for begge omsorgssentra:

| Tertial | 1 | 2 | 3 |
|---|---|---|---|
| 2011 | 97,8 | 96,8 | 99,6 |
| 2012 | 95.56 | 96,8 | 97,7 |
| 2013 | 96,66 | 97 | **99,1** |

Skal ein lykkast med samhandlingsreforma må ein ha ledig kapasitet til å kunne ta unna behov fortløpande. Der er ikkje betalt noko til Helseføretaket for utskrivingsklare pasientar..

1 tertial 2013: Av 96 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag
2 tertial 2013: Av 61 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 1 avslag
3 tertial 2013: Av 61 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 1 avslag

3 tertial 2013: 7 saker om avlastning i institusjon

1 tertial 2013: Av 17 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 0 avslag
2 tertial 2013: Av 16 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag
3 tertial 2013: Av 24 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 4 avslag

Heimeteneste:

1 tertial 2013: Av 23 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag
2 tertial 2013: Av 16 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag
3 tertial 2013: Av 17 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 8 avslag

Det har generelt vore eit auka press på heimetenestene siste åra. Det er ei utfordring å rekruttere heimehjelper og støttekontakter. Som eit rekrutteringstiltak har ein lagt til rette for at heimehjelpene får arbeide i team om dei ynskjer det.

Heimetenestene har tatt over deler av middagsombringinga sidan frivilligsentralen ikkje greier å skaffe nok frivillige. Det går ekstra midlar til dette sjølv om vi så langt råd prøver å kombinere det med andre oppdrag. Vi ville gjere dette om i fast stilling i løpet av året, men har ikkje kome i mål med det.

**Servicetorget**

- Fleire bustadtomter solgt. Ein har merka seg stor interesse for tomtene som kjem for sal på Leine.
- Servicetorget har vore i kontakt med fleire som er intr. i næringsareal både i Dragsund og Mjølstadneset
- Servicetorget har vore delaktig i rydding av ein del gamle saker knytt til tidlegare solgte eigedomar

- Framleis stor omsetting av eigedomar i kommunen og dermed stor etterspurnad eigedomspakkar.
- Revidering av informasjonsplanen.
- Ny portal - ny nettside vart lagt ut i desember. Ein har også skifta skjemaleverandør.
- Alle søkjarar til transportteneste som tilfredsstiller krava fikk plass.

**Skule**

**Organisasjon**
Det vert gjort eit godt førebyggande miljøarbeid ute i avdelingane, samt ei god oppfølging av sjukmelde. Skuleavdelinga er oppdelt i mange små avdelingar, der eit lite antal fråvær gir store prosentvise konsekvensar. Vi har god oversikt over kven som er sjukmelde og årsaker til dette, og kjenner ikkje til at noko sjukefråvær er arbeidsmiljørelatert.

<u>Tildelte Skjønnsmidlar 2013</u>
Skuleavdelinga fekk i juni'13 melding om ytterlegare tildeling av kr.100.000 i skjønnsmidlar for 2013, etter å ha fått same beløp i 2012. Dette for å sjå nærare på forholdet mellom ordinær undervisning og spesialundervisninga. Målet er at den ordinære undervisninga skal styrkast, og spesialundervisninga bli redusert. Ved dette vil fleire elevar få nytte av dei ressursane som skulane får tildelt. Prosjektet har fått namnet «Meir læring for fleire». Prosjektet er organisert med ei arbeidsgruppe samansett av repr. frå skule og frå PPT, og der 3 skular er pilotskular. Rektorane ved dei aktuelle skulane utgjer styringsgruppa, under leiing av skulefagleg rådgiver. Det har vore arbeidd godt siste haust, med faglege samlingar, lærarnettverk på tvers av skular, konkret utprøving og endring i skule/klasserom og evaluering.

<u>Deltaking i nasjonal satsing Vurdering for læring</u>
Utdanningsdirektoratet har siste åra gjennomført ei stor satsing på fagområdet Vurdering for læring. Møre og Romsdal fekk denne hausten kome med i programmet, som pulje 4. Kommunane i fylket fekk høve til å søkje om deltaking, utifrå gitte kriterie. Herøy var heldig og fekk vere med. Satsinga er ein kombinasjon av kompetansebygging og skuleutvikling. Ein føresetnad for deltaking, var at kommunen utnemnde ein ressursperson for satsinga i minst 20% stilling, og fekk tildelt kr.220.000 som tilskot til dette.
Det har vore stor aktivitet i satsinga denne hausten, på dei fire deltakande skulane. Alle skular har eigne mål og handlingsplanar, og alle lærarar deltek. I september var det ei stor felles samling med faglege innlegg og nettverksarbeid. Det same vart gjennomført ein heil dag etter nyttår. Fokus er, kortfatta sagt, vurdering for læring, dvs. korleis gi elevane gode tilbakemeldingar undervegs i arbeidet, for å styrke læringa, samt involvere elevane sjølve i vurderingsarbeidet.
Den nasjonale satsinga går fram til juni 2014, og vert styrt av Utdanningsdirektoratet gjennom samlingar som ressursperson og skuleeigar deltar på.

<u>Kompetanseutvikling</u>
Gjennom Sjustjerna:
12 lærarar frå Herøy deltek på eit etterutdanningsprogram i klasseleiing. Ansvarleg for programmet er Høgskulen i Volda, og det er organisert med 5 samlingar gjennom heile skuleåret. Det er barnetrinnet som har prioritet dette skuleåret. Ungdomstrinnet kjem med frå skuleåret 2014/15.
Alle skuleleiarar har delteke på 2 dagars leiarsamling i haust. Tema denne gongen var rektor sin styringsrett og rektorrolla.

Kommunalt:
Foruma for tilpassa opplæring og begynneropplæring held fram med deling av god praksis. Det same gjer ein på skuleleiarmøta, der vi no igjen tar ei runde på kva den enkelte skule er særleg god på. Det er svært mykje kunnskap og erfaringar ute i avdelinga, og det er viktig å dra dette fram og dele, slik at vi kan bygge kvarandre endå betre.
Hovudvekta dette skuleåret er nettverk og deling i forhold til dei to nemnde satsingane.

**Teneste**

Læringsmiljø og resultat i grunnskulen

Viser til eiga politisk sak om dette, som vert handsama i Komite for oppvekst og K-styre når resultata for den årlege elevundersøkinga foreligg, truleg i februar/mars.. Faglege resultat viser jamt over fin utvikling, og har nådd målet om å ligge på eller over snitt for fylke og land.

Internasjonal skule

Det er fortsatt vekst i elevtalet på Internasjonal skule, med opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne. Ved årsskiftet var der 120 elevar, som går i nivådelte grupper på dagtid og på kveldstid. Vi har elevar på venteliste. Ny gruppe kan bli starta opp i februar når tilsette flyttar kontor/arbeidsrom/personalrom over i ledige lokale på Bergsøy skule. Dette arealet vert då omgjort til nytt klasserom.
Opplæring og eksamen skjer etter europeiske standarar, og elevane har til no reist til Ålesund for å ta eksamen på dei høgste nivåa. Frå nyttår vert dette endra, slik at skulen lokalt får eksamensrett, med gjennomføring av elektronisk eksamen.
Elevane frå Herøy oppnår gode resultat.

Førebyggande arbeid

Ytre Herøy ungdomsskule har også denne hausten hatt samlingar for foreldre og lærarar med utgangspunkt i avtalen kommunen har med «Sterk og klar». Oddvar Bjørnestad har halde foredrag og leia forsamlinga gjennom prosessar basert på relasjonsbygging og motivasjonsskaping.
Det er også ei aktiv MOT-gruppe ved begge ungdomsskulane, med vaksne informatørar og utvalde ungdomar, som gjer ein flott innsats for å bygge positive haldningar og verdiar.

Vekst i elevtal Leikanger

Leikanger skule har hatt etter måten stor vekst i elevtalet dette skuleåret, ein trend som ser ut til å halde fram. Det vart denne hausten oppgradert eit klasserom og ei garderobe i kjellaretasjen, som avhjelpa situasjonen for ei stund. Men allereie neste skuleår er det ytterlegare vekst i elevtalet, og behovet for endå meir areal nærmar seg.
Samla for heile kommunen, er elevtalet stabilt.

**Lokalsamfunn**

Ytre Herøy ungdomsskule har gjennomført eit stort prosjekt i samarbeid med Runde miljøsenter, med hjelp av eksterne tilskotsmidlar frå Den naturlege skolesekken. Prosjektet omfatta både kurs for lærarar og elevekskursjonar med tema som lokal historie, berande kulturlandskap, miljø og forsking.

Også denne førjulstida var det mange flotte arrangement rundt om på skular, grendahus, kulturhus og kyrkjer før jul, der elevar fekk vise talent som aldri vert målt i kartleggingar og nasjonale testar.
Eit godt samarbeid mellom eigne tilsette, lærarar frå kulturskulen, foreldre og andre ressurspersonar utgjer fundamentet for desse arrangementa. Her har vi ein stor verdi å ta vare på.

Skuleavdelinga er i drøfting med Sunnmøre museum om framtidig bruk av Herøy kystmuseum som læringsarena. Vi landar truleg på ein konklusjon i byringa av 2014. Hausten 2013 hadde alle 10.klassingar i kommunen temadag på kystmuseet.

8.klassingar ved Stokksund skule og YHU deltok i september på eit opplegg i samarbeid med KNM Hitra, MK Heland og Herøy rotary, med fokus på den lokale innsatsen under 2.verdskrigen. Det vart også køyrt ein visningstur med KNM Hitra for aktuelle lærarar, med informasjon om Skorpesundet, Frey-sendaren i Oksavika og Dragsundet.

9.klassingane ved YHU gjennomførte også denne hausten «mini-yrkesmesse», i tett samarbeid med lokale bedrifter. Det var stor deltaking og god informasjon om arbeidsplassar og bransjar i lokalmiljøet.

Leikanger skule fekk ei flott kunstgrasbane som næraste nabo, og har hatt stor glede av denne til leik, aktivitetar og ballspel.
Arbeidet med å betre trafikktilhøva ved å nytte restarealet ved bana til parkeringsplass har starta opp, men er ikkje ferdigstilt.

Fleire av skulane har samarbeid med ressursar i lokalmiljøet i arbeid med ulike tema. Nemnast kan t.d Nerlandsøy skule, der elevar fleire gongar har vore på besøk i naustet til ein fiskar for å lære seg spleising og knutar.

**Delegasjonsvedtak:**
Det er siste tertial gjort følgjande delegerte enkeltvedtak i elevsaker:
Enkeltvedtak om spesialundervisning i grunnskulen:
2 vedtak etter Opplæringslova §5.1
Ingen klager

Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen:
2 vedtak etter Opplæringslova §5.7.
Ingen klager

Enkeltvedtak om byte av skule til annan skule enn nærskulen:
1 sak.
Ingen klager

**NAV Herøy**

Sjukefråvær
I 3. kvartal 2013 er sjukefråværet i Herøy på 5,4%. Dette er ein nedgang frå 5,6 % i 3. kvartal 2012. I Møre og Romsdal er også sjukefråværet på 5,4 %, mens landet forøvrig har eit sjukefråvær på 5,5 %.

Arbeidsløyse
Ved utgangen av august desember 2013 var talet på heilt ledige på 2,3 % i Herøy. Dette utgjer totalt 103 personar, 66 menn og 37 kvinner. Etter ei periode med noko høgare ledighet grunna permitteringar og konkurs i fiskeindustri, har aktiviteten tatt seg opp igjen. Vanligvis er også første kvartal kvart år prega av sesongvariasjonar i denne industrien.

Flyktningtenesta
Vi busette ei familie på to vaksne og tre born i oktober månad. Eit av borna har begynt på skule, dei to andre er under skulealder. Totalt 14 personar har delteke på Introduksjonsprogram i 3. tertial. Flyktningtenesta rapporterar at det har blitt vanskelegare å skaffe språkpraksis- og arbeidspraksisplassar til flyktningane, da arbeidsgjevarane ofte krev fagkompetanse og dei fleste flyktningane er ufaglærte. I tida framover blir det viktig å utvikle Introduksjonsprogrammet slik at det i tillegg til norskopplæring inneheld kvalifiserande tiltak etter kva arbeidslivet i Herøy og omegn treng.

Miljøterapeutisk oppfølging
I 3 tertial har miljøterapeutane hatt individuell oppfølging av 56 personar. Av desse er 8 ungdommar frå skuleprosjektet i Herøy vidaregåande skule, 18 personar har bustadsosial og/eller individuell oppfølging, 7 personar går på Kvalifiseringsprogram, 9 personar har lavterskeltiltak i form av oppsøkande oppfølging, og 14 personar er i Introduksjonsprogrammet. Totalt 22 personar av desse 56 er flyktningar. Utfordringa i 2014 blir å redusere tenesta, då eit toårig engasjement går ut, og vi blir ein tilsett mindre. Det jobbast med å få tilført eksterne midlar, blant ann knytt ti skuleprosjektet, men det er uvisst kva som blir det endelege resultatet.

Rus - tvangsvedtak etter § 10-2
Det har vore fatta eit vedtak etter Helse- og omsorgstenestelova § 10-2: Tilbakehold i institusjon utan eige samtykke. Dette er det andre tvangsvedtaket i Herøy kommune på monge år, og viser at tvang er ei siste utveg og først når det står om liv og helse.

**Utvikling**
**Byggesaker**
Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

**SAKSOVERSIKT 2012**

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | | Disp.sak | Delesak | Byggesak | Klagesak | Andre *) | |
| 1.tert. | 145 | 21 | 16 | 42 | 3 | 51 | 133 |
| 2.tert. | 209 | 23 | 29 | 99 | 3 | 45 | 199 |
| 3.tert. | 146 | 20 | 27 | 90 | 2 | 58 | 197 |
| Sum 12 | 500 | 64 | 72 | 231 | 8 | 154 | 529 |

**SAKSOVERSIKT 2013**

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | | Disp.sak | Delesak | Byggesak** | Klagesak | Andre *) | |
| 1.tert. | 164 | 12 | 16 | 78 | 3 | 17 | 126 |
| 2.tert. | 184 | 14 | 23 | 102 | 1 | 8 | 148 |
| 3.tert. | 185 | 12 | 22 | 151 | 0 | 21 | 206 |
| Sum 13 | 533 | 38 | 61 | 331 | 4 | 46 | 480 |

*) Konsesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.
**Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon_byggesak

Statistikken viser at ein i 3. tertsial 2013 har behandla 206 saker og det har kome inn 185 saker i same periode.

## Behandlingstider
Den førte statistikken for 3. tertial viser elles at (2 tertsial -13 i parentes):

- 82% ( 2 tertsial - 74 % )av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 72% (2 tertsial - 63%) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 13 veker

Oppmåling
Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretningar frå 2002 og fram til i dag.

| | 1. tertial | 2. tertial | 3. tertial | Heile året |
|---|---|---|---|---|
| Forretningar 2002 | 24 | 36 | 30 | 90 |
| Forretningar 2003 | 32 | 28 | 18 | 78 |
| Forretningar 2004 | 19 | 19 | 17 | 55 |
| Forretningar 2005 | 33 | 22 | 36 | 91 |
| Forretningar 2006 | 34 | 42 | 56 | 132 |
| Forretningar 2007 | 44 | 31 | 35 | 110 |
| Forretningar 2008 | 33 | 61 | 31 | 125 |
| Forretningar 2009 | 54 | 29 | 27 | 110 |
| Forretningar 2010 | 25 | 29 | 27 | 81 |
| Forretningar 2011 | 25 | 25 | 48 | 98 |
| Forretningar 2012 | 28 | 52 | 35 | 115 |
| Forretningar 2013 | 36 | 38 | 36 | 110 |

Pr 31.12.2013 er der 25 saker (24 i andre tertial 2013), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. 5 saker er under arbeid, men oppmålingsforretning er ikkje utført. Gjennomsnittleg behandlingstid i 3. tertial er 16 veker (11 veker i 2 tertial 2013).

**Økonomi**

I tillegg til rekneskapsføringa for Herøy kyrkjelege fellesråd og dei 3 sokna i kommunen som vart oppstarta i 2012 har avdelinga i 2013 tatt over rekneskapsansvaret for Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre.

Avdelinga tok også over arbeidet med rekneskapsføringa til Myrvåg Legesenter etter omlegginga av senteret frå og med 1. mars og for Herøy Legesenter frå 01.01.2013.

Dette er gjort utan at talet på årsverk er endra, men det har gått ut over kontrollarbeidet og rapporteringar.

Det er teikna kontrakt med Den Danske Bank, Evry og Nets om elektronisk fakturabehandling. Dette arbeidet vert starta opp i 2013 i samarbeid med Ulstein kommune og Vanylven kommune.

Hausten 2013 vart det inngått kontrakt med Arena Norge AS for utarbeiding av budsjettt 2014 i programmet Arena Budsjett. Dette var ein vellukka budsjettprosess med tanke på taldelen og vi vil fortsette med dette budsjettprogrammet også dei komande åra.

**PROSJEKTRAPPORTERING**

**Anlegg og drift**

**ANLEGGSPROSJEKT:**

**Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.
Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato
Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen.
Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:
Totalt budsjett: kr 2.800.000,-
Forbruk til no kr -2.539.644,-
Rest budsjett kr 260.356,-

Avvik
Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: Våren 2014
Forventa totalkostnad: 2.800.000,-
Behov for ekstraløyving: Ingen
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggast fram for godkjenning.

**Prosjektnummer/namn: 51007/Tjørvåg kunstgrasbane**
Prosjektleiar/ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 27/10
Løyving/storleik på løyving: Finansieringsplan på 4 mill

Status pr. dato
Anleggsstatus: Ferdig. Offisiell opning av Tjørvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

| | | |
|---|---|---|
| Total løyving: | kr | 4.000.000,- |
| Totalt forbruk: | kr | -4.000.000,- |
| Rest løyving: | kr | 0,- |

Avvik: Ingen

Kommentarar
Ferdigstilt: 28. mai 2011. Økonomisk avslutning på saka er oppstarta, men det har ikkje kome inn alle tippemidlar til prosjektet. Før det er avklara kan ein ikkje sende saka til politisk handsaming.
Forventa totalkostnad: Som i finansieringsplanen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta**
Prosjektleiar/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon
Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato
Anleggsstatus: Under utføring.

| | |
|---|---|
| Total løyving | kr. 4.100.000,- |
| Forbruk 2009 | kr. 45.001,- |
| Forbruk 2010 | kr. 85.926,- |
| Forbruk 2011 | kr. 0,- |
| Forbruk 2012 | kr. 19.412,- |
| Forbruk 2013 | kr. 2. 236. 310,- |
| Rest løyving | kr. 1. 713. 351,,- |

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013
Forventa ferdigstilling: 01. februar 2014
Forventa totalkostnad: 4 mill. inkl. riving av skulen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Riving av gamle Leine skule er flytta over på eigedomsavdelinga og deira prosjekt med riving av gamle skuler i kommunen. Kostnaden med riving av skulen blir belasta prosjektet Leine bustadfelt, skuletomta.

Avvik: Utsatt ferdigstilling.

**Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge**
Prosjektleiar/ansvarleg: Fred Arnesen
Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013.

Status pr. dato
Anleggsstatus: Signert kontrakt med entreprenør januar 2014.

| | |
|---|---|
| Forbruk 2013 | kr. 81. 365,,- |

Anleggsarbeid oppstarta: Februar 2014
Forventa ferdigstilling: Juni 2014
Forventa totalkostnad/finansiering: Ca 3.100.000,-. Finansiering ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplan.
Behov for ekstraløyving: -
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: -

Avvik: Ingen

**Prosjektnummer/namn: 51927/Leidningsanlegg Kvalsund**
Prosjektleiar/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Delprosjekt kloakkrammeplanutbygginga. Omfattar etablering av slamavskiljar ved sjøen sør for bedehuset samt legging av vel 1000 m med avlaupsleidningar frå slamavskiljar til krysset mot Teige.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Under avslutning.

Forbruk:
2009 kr. 100.161,-
2010 kr. 4.843.076,-
2011 kr. 324.467,-
2012 kr. 20.261,-
SUM kr. 5.287.965,-

Avvik: Ingen

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: i ferd med å avslutte saka
Forventa totalkostnad: om lag 5,3 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Omfattar separering av kloakk og overvatn på Moltu, samt bygging av avskjerande leidningar og etablering av slamavskiljar med utsleppsleidning.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
- Separatsystem frå Moltubakkane til sjøen er etablert i samarbeid med Herøy vasslag BA og Tussa AS i 2008/2009. Slamavskiljar og avskjerande leidningar for å kople saman dei tre eksisterande avlaupsleidningane som går til sjøen er ferdig planlagde.
- Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt.
- I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass og Moltu II på tredjeplass i utbyggingsrekkjefølgje.
- Det har vore og er ei utfordring å få på plass grunnavtalar. Særskilt i høve plassering av slamavskiljar. For å kome vidare med prosjektet vert det no vurdert ny plassering av slamavskiljar der grunneigar er positivt innstilt. Det kan verte naudsynt å nytte seg av moglegheitene for oreigning dersom ein no ikkje kjem fram til ei tilfredsstillande løysing.
- Tiltaket er særs viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu. Ny plassering av slamavskiljar inneberer omprosjektering av delar av anlegget, dette er under arbeid.
- Då framdrifta for liknande grunnavtalar i Grønhaugen gjekk raskare vart prosjektet med reinseanlegg RA2 der satt i gong først for og ikkje stoppe arbeida med kloakkrammeplanen.

Framdrift for prosjektet:
Sidan førre rapportering er det kome på plass nokre fleire grunnavtalar, det er dialog med dei som står att.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| Forbruk 2008 | kr 629.936,- |

| | |
|---|---|
| Forbruk 2009 | kr 142.587,- |
| Forbruk 2010 | kr 0,- |
| Forbruk 2011 | kr 102.212- |
| Forbruk 2012 | kr 46.160,- |
| Forbruk 2013 | kr 28.841,- |
| Sum forbruk | kr 949.736,- |

Avvik:

- Uføresett store utfordringar med grunnavtalar.

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: I løpet av 2014.
Forventa totalkostnad: om lag 6 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast**:** Ferdigstilling av grunnavtalar

**Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Lene Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg for avlaup i Grønhaugen på Bergsøya. Alt avlaupsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen, skal samlast og førast til silanlegget i Grønhaugen.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Det er skrive kontrakt med for alle entreprisar. Grunnarbeidet er nesten ferdigstilt og byggentreprenør har sett opp råbygget.

Det er skrive grunnavtale med grunneigar for leidningstrase og med Direktoratet for Naturforvaltning vedr. plassering av bygg og utsleppsleidning. Avtalen med Direktoratet kunne ikkje tinglysast utan at tomt vert skilt ut, men Direktoratet vurderte avtalen til og vere god nok utan tinglysing. For og kompensere for tiltak i friområdet så skal kommunen bygge hc-wc, parkering og betre tilkomst til badeplassen.

| | |
|---|---|
| Forbruk t.o.m. 2009 | kr 605.912 |
| Forbruk 2010 | kr 28.242 |
| Forbruk 2011 | kr 20.000 |
| Forbruk 2012 | kr 739.568 |
| Forbruk 2013 | kr 6.980.192 |
| Totalt | kr 8.373.914 |

Avvik:
Prosjektet har vore utsett pga. økonomi/rammeplanløyvingar og kapasitet ved Anleggs- og driftsavdelinga, men arbeida er no oppstarta. Det er forsinkelsar på grunnarbeidet, men arbeid med bygget går parallelt.

Kommentarar:
Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.
Forventa ferdigstilling: Andre kvartal 2014
Forventa totalkostnad: Omlag 17,5 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Ingen pr. dags dato

**Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:
Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

| | |
|---|---|
| Spelemidlar | kr 2.500.000 |
| RDA-midlar | kr 1.000.000 |
| Dugnad | kr 50.000 |
| Bergsøy IL | kr 5.226.000 |
| Refusjon mva. til prosjektet | kr 2.194.000 |
| Totalt | kr 10.970.000 |

Status pr. dagsdato:
Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko kostnadar med tilstelling og prosjektoppfølgingskostnadar.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks mva) | kr 8.776.000 |
| Forbruk 2010 | kr 240.586 |
| Forbruk 2011 | kr 78.500 |
| Forbruk 2012 | kr 7.187.114 |
| Forbruk 2013 | kr 61.704 |
| Rest | kr 1.208.096 |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2013
Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:

Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks. mva) | kr 2.686.300 |
| Forbruk 2011 | kr 10.000 |
| Forbruk 2012 | kr 719.398 |
| Forbruk 2013 | kr 1.569.667 |
| Rest | kr 387.235 |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: Januar 2014. Pga. verforhold vart det naudsynt og utsetje ferdigstilling av grunnarbeid og legging av kunstgras til våren 2013. Arbeida starta opp att i slutten av mai 2013 og kunstgras vart lagt juli 2013. Småarbeid gjenstår.
Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan oppgjør for lys- og kunstgrasentreprise ikkje er gjort endå er ein usikker på om det kan sparast inn på andre område.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: ingen

**Prosjektnr/namn: 51350/Vegarm Myklebust-Campus**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet omfattar bygging av komplett veg frå Myklebust til Campus. Det er gjort vedtak i samferdselsutvalet ved fylket 5.9.2012 om at prosjektet kan realiserast i samråd med Møre og Romsdal fylke og Statens vegvesen og at kostnadane vert å rekne som del av kommunen sitt bidrag til realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg.

Status pr. dato
Det er gjennomført grunnundersøkingar, arkelogisk registrering og omlegging av avlaupsleidningar i området. Det er oppretta kontakt med Statens vegvesen angåande praktisk gjennomføring. Prosjektet må detaljprosjekterast av konsulent før utlysing av anbod.

| | |
|---|---|
| Løyving | 10.000.000 kr |
| Forbruk 2013 | 604.109 kr |
| Rest løying | 9. 395.891 kr |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2015
Forventa totalkostnad: Usikkert då det ikkje er klarlagt total kostnadskonsekvens for prosjektet pga. arkelogogi og grunnkjøp.
Behov for ekstraløyving: Ja, vert å handsame politisk..
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Avtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen må underteiknast. Det er motteke eit avtaleutkast som må handsamast politisk..

**Prosjektnr/namn: 51361/Avlaup Almenningskaia**

Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Det må byggast ut avlaupsnett på Almenningskaia i Fosnavåg som mellom anna nytt hotell skal koplast til.

Status pr. dato
Anlegget er under prosjektering og ein tek sikte på oppstart februar 2014.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving i kloakkrammeplanen.

| | |
|---|---|
| Forbruk 2013 | 10.000kr |

**Prosjektnr/namn: 51304/Kai i Fosnavåg**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet omfattar riving av eksisterande kai foran "Strandteigen", fylling i sjø og bygging av ny kai på omlag 5x39m. Kai skal fungere som trasè for utrykkingskjøretøy og er ein del av promenaden langs sjøkanten i Fosnavåg.

Status pr. dato
Prosjektet er lyst ut anbod.

| | |
|---|---|
| Løyving | 3.500.000 kr |
| Forbruk 2013 | 53.952 kr |
| Rest løyving | 3.446.048 kr |

Kommentarar:
Oppstart: Forventa oppstart februar 2014
Forventa ferdigstilling: Andre kvartal 2014
Forventa totalkostnad:Usikkert før anbodsrunde er over
Behov for ekstraløyving: Ja, vert å handsame politisk når kostnadar ligg føre.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast:Ingen pr. d.d.

**Utbyggingsavtalar**
Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

| Nr | Part | Område | Utlyst oppstart | Starta forhandling | Off. ettersyn | Vedteken avtale | Anlegg overtatt av HK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kvalsund og Teige Byggefelt AS | Kvalsund og Teige byggefelt | x | x | Juni 2009 | 22.10.2009 | |
| 2 | Nordic Resort Holding AS | Torvik resort | x | | | | |
| 3 | Havutsikta AS | Havutsikta - Koparstad | x | x | | | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4 | Herøy byggsenter + Direktehandel AS | Myrvåg | x | | | | |
| 5 | Myklebuståsen utbygging AS | Myklebuståsen | x | x | | | |
| 6 | Tømrer Prosjekt AS | Hjelmeset 4 | x | | | | |
| 7 | Fosnavåg Vekst AS | Uteområde/ infrastruktur ved nyehotellet | x | x | juni-aug 2013 | | |
| 8 | Vågsholmen Utvikling | Vågshomen | x | x | | | |
| 9 | BT Utbygging AS | Tovågen | x | x | | | |

**Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen
<u>Grunnlagsdokumentasjon</u>
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

<u>Status pr. dato</u>
Drøftingsnokta vart framlagt for maritim- og teknisk komite den 24.09.2013. Med bakgrunn i drøftinga fikk administrasjonen i oppdrag å melde tilbake at komiteen føreset at Statens vegvesen vedstår seg opphaveleg avtale vedr brua. Dette er vidareformidla åt vegvesenet i brev av 10.10.2013. Avventar tilsvar på dette.

<u>Økonomi:</u>

| | |
|---|---|
| Løyving 2012 | 3 mill |
| Forbruk 2005-2012 | 30.000,- |
| Restløyving | 2.970.000,- |

<u>Kommentarar</u>
Avvik: Uklårt.
Forventa ferdigstilling: Uklårt.
Forventa totalkostnad: Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)
Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

**Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen

<u>Grunnlagsdokumentasjon</u>
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:
I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Veglys er bestilt.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Løyving | kr. 2.550.000,- |
| Forbruk 2005-2011: | kr. 2.460.000,- |
| Restløyving: | kr. 90.000,- |

Økonomisk avslutning blir utført når anlegget er overteke.

Avvik: Det er frå entreprenør varsla avvik/endring, men desse er avviste på grunnlag av manglande spesifikasjon/dokumentasjon. Gangveg og forstøttningsmur mot Auto Marine er tiltak som er utført i tillegg til kontraktsarbeidet.

Kommentarar
- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gatelys.
- Forventa totalkostnad: kr 2.550.000 kr (3.808.445 kr inkludert avløp)
- Behov for ekstraløyving: Som følgje av ekstra tiltak gangveg/ forstøtningsmur mot Auto Marine, samt tilstelling mot tilstøytande eigedomar.

Prosjektnr./namn: **51003 og 51011/Parkeringsareal bak rådhuset/Næringstiltak**
Prosjektleiar-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon
Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato
Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg.Det er ikkje formålstenleg å asfaltere arealet då det er innregulert bygg på området.

Løyving /Forbruk:

| | |
|---|---|
| Løyving 2011(overført til 2012) | kr. 1.000.000,- |
| Forbruk 2012 | kr. 506.171,- |
| Forbruk 2013 | kr. 513.354,- |
| **Meirforbruk** | **kr. 19.525,-** |

Alle beløp inkl. mva.

Avvik: Prosjektet har vore gjennomført på rammeavtale med entreprenør. Kostnaden har vorte høgare enn forventa og høgare enn det som kjem inn under reglane for bruk av rammeavtale. Bruk av rammeavtale tilseier at totalkostnad kan vere inntil 500.000 kroner

eks. mva. I dette tilfellet vart summen omlag 800.000 kroner eks.mva. Meirforbruk ut over løyving etter at alle arbeid er gjort er kr. 19.525,-.

Kommentarar
Det er beklageleg at kostanden vart høgre enn føresett og at reglane for rammeavtalen vart overskriden med omlag 300.000 kroner. Ein vil innskjerpe rutinane med sikte på å unngå dette for ettertida.

**Prosjektnr./namn: 51119/ Rassikring Vikane**
Etter nedfall av fjellblokk i 2007 vart det av konsulent gjort ei vurdering av skredfare/ sikringsbehov med forslag til tiltak. Sikring vart anbefalt løyst ved opparbeiding av fanggrøft. Arbeidet med opparbeiding av fanggrøft langs fjellfoten vart lyst ut på anbud. Utfrå kostnadene i motteke anbud og nærmare vurdering av tekniske utfordringar som anbefalt løysing innebar, fann ein det nødvendig å foreta ny vurdering av geologar m.t.p. om det kunne vere andre eigna sikringsmetoder. I denne samanheng har fjellsikringsteam gått over det aktuelle fjellområdet og kartlagt tilstanden på fjellet/ sikringsbehovet. Tilhøva viser seg å vere langt verre enn det ein tidlegare hadde grunn til å tru.
Det er løyvd 2 mill. kr til sikringsarbeidet. Kostnadene med ei sikring slik tilhøva no framstår, vil bli svært store og er no estimert til ein kostnad på minst 4 mill. Denne saka har blitt mykje meir omfattande og komplisert enn det ein hadde føresetnader til å sjå føre seg i utgangspunktet. M.a. ved at geologar og anna ekspertise ikkje kan gi noko garantiar på at gjennomføring av planlagt sikringsarbeid vil medføre sikre tilhøve for fleire eigedomar i området.
Ein er no i dialog/ har hatt møte med eigarane av dei rasutsette eigedomane for å finne den mest farbare vegen vidare.

**Prosjektnr./namn: (Ikkje oppretta)/Sikring av Myrabekken på Moltustranda**
NVE utarbeidde i sin tid planer for sikring av Myrabekken på Moltustranda. NVE har vedteke å dekke inntil 80% av kostnadene medan Herøy kommune har forplikta seg til ein eigenandel på 20%. NVE har på førespurnad opplyst at dette prosjektet no ligg i budsjettkø. Ein kan ikkje seie med sikkerheit kva tid det kjem til utførelse.

**BYGGEPROSJEKT:**

**Etter lengre tids vakanse pga. vanskar med rekrutteringa starta ny prosjektleiar i stillinga 01.06.2013. Ein har då pr. dato 2 prosjektleiarar på byggeprosjekt + 1 utleigd til Sunnmørsbadet. Lengre tids vakanse i stillinga har ført til forseinking i framdrifta på ulike byggeprosjekt.**

**Prosjektnummer/namn: 50911/Tilbygg Helsesenter.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon:
Kommunestyret handsama sak vedr prosjektrammer i K-sak 155/10. Nye kostnadsrammer knytt til prosjektet er pålydande kr. 10,8 mill, og omfattar både tilbygg og ombygging.

Status pr. dato:
TIlbygget vart overlevert til Herøy kommune den 27.11.2013. Av bygningsmessige arbeider så står det att maling av elementer utvendig samt tilsåing av plenarealer. Dette skal utførast på vårparten 2014. Møbelleveranse i desember 2013.

TIlbod/Prosjektkostnad:
Basert på tilbodet frå Prosjektbygg AS, var kostnadsramma som følgjer:

| | |
|---|---|
| Tilbodssum inkl mva: | 19.849.130,- |

| | |
|---|---|
| Inventar og utstyr: | 00.750.000,- |
| Prosjektoppfølging: | 00.400.000,- |
| Reservepost: | 00.600.000,- |
| **Til saman:** | **21.600.000,-** |

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

| | |
|---|---|
| Prosjektløyvingar: | 21,6 mill |
| Forbruk: | 20,3 mill |
| Rest: | 1,3 mill |

Kommentarar
- Avvik: Det har i byggeprosessen vorte behov for full utnytting av ledig areal i 2 etg. Det er omprosjektert til fleire cellekontor. Dette medfører auka kostnadar knytt til bygningsmessig, teknisk og møblering.
- Forventa totalkostnad: Må påreknast tilleggsløyving pga fleire kontor og utstyr mm.
- Behov for ekstraløyving: Uviss.
- Ferdigstilling: Ferdigstilt nov. 2013. Innflytting januar 2014.

**Prosjektnummer/namn: 51903/Omsorgsbustadar på Myklebust.** (Tidlegare bustader psykiatri Eggesbønes).

Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet vart vedteke oppstarta og med nye kostnadsrammer i K-sak 55/08. Opsjon for bygging av hus D (2 bueiningar) vart handsama i K-sak 69/08, og med vedtak om bygging og finansiering. Godkjent kostnadsramme for prosjektet samla er: 24,7 mill.

Status pr. dato
Ein har varsla krav om full inndekning av regresskrav på kr 260.000,- Tilbodet frå forsikringsselskapet var på kr 200.000,- Stevning for retten er sendt.

Økonomi pr. dato:
Økonomisk avslutning vil bli utført så snart forsikringssaka etter vasskade på nabobustad er avklara.

**Prosjektnr. -namn: Base funksjonshemma barn i barneskulen**
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Startløyving (K-sak 179/10) | kr. 200.000 |
| Løyving i 2012 budsjettet | kr. 2.500.000 |
| Total løyving pr. 01.01.2012 | kr. 2.700.000 *) |

*)I øk.plan 2013 er det føresett ei løyving på 2.5 mill. kroner til fullfinansiering.

Status pr. dato:
Tatt i bruk.

Prosjektkostnadar:

| | |
|---|---|
| Bygningsmessige arbeder: | 1.537.500,- |
| Grunn/maskinarbeider: | 0.250.000,- |
| Tekniske fag: | 0.457.500,- |
| Sum: | 2.245.000,- |

Restløyving på kr 255.000,- går til inndekking av lønskostnadar, inventar og uforutsett.

Forbruk pr dato:

| | |
|---|---|
| Prosjektløyvingar: | 2,5 mill |
| Forbruk: | 2,4 mill |
| Rest: | 0,1mill |

Økonomisk avslutning blir utført våren 2014.

Kommentarar:
Avvik: Arealmessige avvik ift vedtak men innafor økonomiske rammer for tiltaket.

**Prosjektnr. -namn: 51102/Bustader for unge funksjonshemma.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Trond Sellereite

Grunnlagsdokumentasjon
Saka gjeld oppføring av 4 bustader på regulert område på Myklebust som tidlegare var nytta til Bergsøy barnehage.

Status pr. dato:
Arkitekt Magne Bergseth har utarbeidd forslag til planløysingar og situasjonsplan på bakgrunn av funksjonsskildringar og behovsanalyser. Forslaget syner 4 bueiningar på rekkje, samt fellesarear/personaldel sentralt plassert. Planlegginga er utført med utgangspunkt i regulert tomt på Myklebust. Kostnadskalkyle basert på arkitektens skisser medfører eit vesentleg avvik ift opphavelege kostnadsrammer. Sak er framlagt med endeleg politisk handsaming i kommunestyret 25.september d.å. Nye reviderte kostnadsrammer pålydande kr. 15,61 mill. vart vedteken i K-sak 115/13 den 26.09.2013. Prosjektet er ute på anbod med anbodsfrist 03.02.2013.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Budsjett 2013: | 9.200.000,- |
| Oppfinansiering, K-sak 115/13 | 6.410.000,- |
| Forbruk pr dato: | 463.294,- |
| Restløyving: | 15.146.706,- |

**Prosjektnummer/-namn: 51906 Einedalen skule (Skule i Nærøymarka tidl. prosj. 3359)**

Prosjektleiar/-ansvarleg: Roger Myklebust

**Økonomi/løyvingar:**
Herøy kommunestyre vedtok i møte den 26.06. 2008 under K-sak 81/08 utbygging og kostnader for prosjektet.

| | | |
|---|---|---|
| Prosjektkostnad/budsjett: | 107.500.000 | |
| Spelemiddel ballbinge | 200.000 | |
| Tils: | 107.700.000 | |
| Forbruk:<br>Prosjektkostnad i K-sak 81/08<br>(inkl. mva) | | 107.700.000 |
| Forbruk prosjektstart – rekneskap 2007: | | 4.192.465 |
| Rekneskap 2008: | | 43.127.942 |
| Rekneskap 2009: | | 57.169.423 |
| Rekneskap 2010: | | 2.266.232 |
| Rekneskap 2011 | | 54.342 |
| | | 106.810.404 |
| Framføring fiber – egenandel(Jfr.K-sak 81/08) | | 943.750 |
| Tils | | 107.754.154 |
| Ikkje utf. sluttarb stip.<br>053.846<br>Serviceavtaler i garantitid<br>142.000 | | 195.846 |
| Tilsaman | | 107.950.000 |
| Budsjett: | | 107.700.000 |
| Meirforbruk | | 250.000 |

Oppgradering kryss fylkesveg iht. skiltplan:
(ikkje med i kostnadsoppstillinga ovanfor)

| | |
|---|---|
| Gjennomføring skiltplan:<br>Gangveg, skilting med mer iht. rev. skiltplan | 327.660 |
| Etablering av rasteplass:<br>Sykkestativ m/tak og montering<br>Rastebord og avfallsbeholder<br>Reserve | 094.594<br>019.562<br>008.094 |
| Tils (eks. mva) | 450.000 |

Det er i dette oppsettet tatt med entreprenørkostnader for anleggsarbeida, medan utstyrsdelen som kan bli gjenstand for diskusjon omkring type og omfang er prisa utan monteringskostnader.

Statens Vegvesen har tidlegare gitt utrykk for at dei vil medverke til ei løysing her når kommunen har klargjort planar og kostnader. Dette er gjort og kostnader er basert på innhenta tilbod.

Etter dette så er det kome brev frå Statens Vegvesen dagsett 25.08.11 der skiltplanen vert formelt godkjent. Av godkjenninga framgår det for øvrig at Herøy kommune er ansvarleg for gjennomføringa av planen.

**Status:**
Skulebygget er overtatt iht. kontrakt og økonomisk avslutta mot totalentreprenør. Leveranse av møblar og utstyr er og avslutta praktisk og økonomisk. Vidare så er FDV dokumentasjon utlevert og opplæring gjennomført. I tillegg er det er gjennomført prøvedrift og foretatt 1 års befaring saman med Eigedomsavd, og det har vore ei avsluttande kontrollbefaring i september 2011. Nokre mindre og primært sesongavhengige arbeid er elles planlagt no i sommar.

Spelemidlar:
Ballbinge er tildelt spelemidlar på kr. 200.000 og søknad om utbetaling av spelemidlar er innsendt.

Økonomi:
Sluttarbeida syner at prosjektet har eit behov for tilleggsfinansiering på 240.000,- noko som i det vesentlege kan tilskrivast arbeidet med skiltplan, tilstelling uteareal/gangvegsystem, litt meir møblar pga. auka elevtal og tilhøyrande prosjektoppfylgjing.

Når det gjeld utforming og utrustning av riksvegkrysset m/ekstra gangveg og etablering av sykkelparkerings- og rasteplass iht. utarbeidd skiltplan så vil dette utfrå godkjenning av 25.08.11frå Statens Vegvesen vere ei sak som er Herøy kommune sitt ansvar. Slik gjennomføring kan anten gjerast ved ekstra løyving i samband med formell avslutning av prosjektet, eller at saka vert overført til trafikksikringstiltak og får si løysing her.

**Avslutning:**
Avslutninga av har vore handsama i plan og byggenemnd, men ikkje i formannskap og kommunestyret.
Det er lagt opp til ei avsluttande handsaming av prosjektet i løpet av 2012 med påfylgjande overføring til eigedomsavd, og prosjektet vil utgå ved neste rapportering.

Prosjektnr. -namn: **Utbygging Herøy Produksjon/samlokalisering dagtilbod.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Roger Myklebust

Grunnlagsdokumentasjon
Løyving/storleik på løyving:
K-sak 179/10: 2.500.000

Generelt:
Denne saka gjeld utviding av Herøy Produksjon og samlokalisering av dagtilbod på på eit regulert område på Myklebust. Dette er forøvrig i same område som det er planlagt 4 nye bustader for unge funksjonshemma.

Framdrift:
Dette arbeidet starta hausten 2011, og det har i det høvet vore synfaring til Molde i samband med arbeidet med behovskartlegging. Det har forøvrig også vore eit møte om denne saka i

plan og byggenemnda. Ein får kome nærare attende til framdrifta når denne saka er meir avklara.

**Barnehage**
Avdelinga deltek i prosjektet kommunen har om likestilte kommuner.

**Barn- familie- og helse**
Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommuner. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Etter at det var gjennomført ein felles fagdag i 1. tertial har hovudarbeidet no vore å følje opp og arbeide vidare med pasientsikkerheit. Det er mellom anna følgt opp med konkrete samstemmingar av medisinlister og deltaking i pasientsikkerheitkampanjen. Det arbeides også no vidare mot ein avslutning av prosjektet i sin nåværande form.

Avdelinga er og delaktige i prosjektet kommunen har innen likestilte kommuner.

**Bu og habilitering**

**Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid**
Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Dei har oppdatert kartlegginga over uønska deltid, innhenta informasjon om landskjende prosjekt, og sett på kommunen sine eigne erfaringar så langt. Det har ikkje lykkast å få prosjektmidlar til dette, og arbeidet må gjerast langs med. Framdrifta er prega av det.

Felles prosjekt mellom Pleie og omsorg og Bu og habilitering, prosjekt jobbrotasjon frå Våren 2013 tom. 2014.

**Eigedom**
Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt for status for planlagde investeringsprosjekt.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| 2890.48648 | Ytre Herøy ungdomsskule<br>Nytt ventilasjonsanlegg | K-sak | kr. 3 800 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Det er planlagt anbodskonkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| 2885.52404 | Moltu barneskule<br>Nytt ventilasjonsanlegg | K-sak | kr. 1 800 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Det er planlagt anbodskonkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy rådhus<br>Etablering av sentral driftskontroll | K-sak | kr. 1 000 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Ikkje fastsatt pt.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - blå avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - blå avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - raud og grøn avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Myrvåg sjukeheim<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

**Fellessekretariatet**
Ikkje noko rapportert.

**IKT**
IKT- planen ligg til grunn for prosjektgjennomføringa.

**Kultur**
Kulturleiar møter i Søre Sunnmøre Kulturforum og i arbeidsgruppa for kultursamarbeid i regi av Sunnmøre Regionråd.

Kulturkontoret har samarbeidsavtalar med grendelag og idrettslag i bygging av aktivitetsanlegg.
Bygging av sandhandballbane i Aktivitetsparken ved kulturhuset er ferdig med unntak av inngjerding som skal sluttførast vinter 2014. Samarbeidspart er Bergsøy Handball.

Kulturkontoret koordinerer og godkjenner søknader om spelemidlar til idrettsanlegg, aktivitet og friluftsliv. Det er sendt søknad om spelemidlar til fylgjande prosjekt:

- Bergsøy stadion, Rehabilitering grasbane til kunstgras
- Gurskøy IL, Kunstgrasbane
- Sunnmørsbadet Fosnavåg
- Heid Turløype, 2. byggesteg
- Heid Turløype, 1. byggesteg
- Nerlandsøy skule, Ballbinge

**Personal - og organisasjonsavdelinga**
Er med i to samarbeidsporjsekt  mot pleie og omsorg og bu og habilitering, sjå kommentarar der.

**Pleie og omsorg**

Gjennom ulike interkommunale samhandlingsfora, og som oppfølging av samhandlingsavtalen med Helseføretaket, er avdelinga med på mange mindre samarbeidtiltak som det ikkje er rapportert om her.

Prosjekt "kompetanseløftet" på rehabilitering av hjerneslag mellom kommunane på søre Sunnmøre og helse Sunnmøre hf, Mork rehabiliteringssenter
Interkommunalt prosjekt der pleie- og omsorg og helseavdelinga er med

Prosjekt geriatri/kompetanse.
Eiga prosjektskisse - samarbeidsprosjekt med helseavdelinga, som er prosjektansvarleg

Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid
Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Ein avventer no nokre kommunale retningliner på bruk av deltid. Personalavdelinga har saka.

Prosjekt velferdsteknologi
Vi er med i eit interkommunalt prosjekt der vi saman med Ålesund og nokre kommuner til har fått prosjektmidlar frå fylkesmannen for å prøve ut spel- og sporingsteknologi. GPS har vore testa på pasientar, og konklusjonen er teknologien så langt ikkje er god nok til denne målgruppa. Dette vert dokumentert i ein prosjektrapport. Erfaringa med spelteknologi er svært positiv. Prosjektet skal vidareutviklast til å finne gode spel for målgruppa

Prosjekt jobbrotasjon
Eit internt samarbeidsprosjekt frå haust 2013- 2014. Det var svært mange interesserte under kartleggings-og planleggingsfasen, men når dette skulle settast i drift var der få reelle søkjarar. Prosjektet kom likevel i gang hausten 2013, og det vert spennande å hauste erfaring frå dette.

**Servicetorget**
Ikkje noko rapportert

**Skule**
Tildelte Skjønnsmidlar 2012
Skuleavdelinga fekk i september melding om tildeling av kr.100.000 i skjønnsmidlar for 2012, for å sjå nærare på forholdet mellom ordinær undervisning og spesialundervisninga. Målet er at den ordinære undervisninga skal styrkast, og spesialundervisninga bli redusert. Ved dette vil fleire elevar få nytte av dei ressursane som skulane får tildelt. Prosjektet har fått namnet «Meir læring for fleire». Prosjektet er organisert med ei arbeidsgruppe samansett av repr. frå skule og frå PPT, og der nokre av skulane skal vere pilotskular for utprøving av metodar.

Deltaking i nasjonal satsing Vurdering for læring
Utdanningsdirektoratet har siste åra gjennomført ei stor satsing på fagområdet Vurdering for læring. Møre og Romsdal fekk denne hausten kome med i programmet, som pulje 4. Kommunane i fylket fekk høve til å søkje om deltaking, utifrå gitte kriterie. Herøy var heldig og fekk vere med. Satsinga er ein kombinasjon av kompetansebygging og skuleutvikling. Kommunen må utnemne ein ressursperson for satsinga i minst 20% stilling, og får tildelt kr.220.000 som m.a. skal dekke dette. Vi er heilt i startfasen, og vil kome tilbake med meir informasjon i seinare rapporteringa.

**NAV Herøy**
Ikkje noko å rapportere

**Utvikling**

**Planarbeid**

Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

**Til planstatusoversikten**

Ved rapportering av planstatus **pr. 31.08.13 stod det 33 planoppgåver på lista**.

3 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Samfunnsdelen av kommuneplanen, Reguleringsplan for Kvalsund, Reguleringsendring Sjøsida eigedom).

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan Frøystad 2
- Detaljreguleringsplan Nærøya, fortau veg og kryss
- Detaljreguleringsplan Innfartsveg Fosnavåg
- Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn
- Detaljreguleringsplan Hjelmeset 3

Følgjande klagesak er registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II

Det har i løpet av 2 tertsial 2013 har det kome til 1 nye planoppgåver:

· Reguleringsendring for Tovågen

Ein har desse planoppgåvene:

| | |
|---|---|
| Planoppgåver pr 31.08.13 | 33 |
| Planoppgåver, nye | 1 |
| Sum | 34 |
| Planoppgåver, avslutta | 3 |
| Planoppgåver, klagehandsaming | 5 |
| **Sum planoppgåver** | **26** |

Planoppgåver pri 1 – 12 stk ( inkl 7 kommuneplanar, delplanar, temaplanar)
Planoppgåver pri 2 – 6 stk
Planoppgåver private – 8 stk

**<u>Kartverk/arbeid med kartverk</u>**

Generelt

Generelt har ein fokus på generell utvikling av kartsystemet, intern brukarstøtte på programvare og å betre funksjonaliteten. Tilrettelegging for nye plattformer (www.kommunekart.com) på mobil og nettbrett er fokusområder for avdelinga på kartsida.
Oppmålingsavdelinga følgjer og opp seksjoneringssaker som kjem til kommunen. I tillegg bistår ein eigedomsavdelinga i diverse saker vedk. grunnkjøp/sal/etablering av nye tomter.

Adresseprosjekt

Store delar av Bergsøya fekk tildelt nye gateadresser I 2009. Prosjektet vil gå vidare til alle eigedomar i Herøy har fått gateadresser og er eit prioritert arbeid ved avdelinga.

Ny kartlegging

I samarbeid med Ulstein og Hareid vil Herøy kommunen gjennomføre ei nykartlegging i 2013 med leveranse i januar 2014. Kommunen vart flyfotografert 19 mai 2013.

Scanning av gamle historiske flyfoto er ferdigstilt og publisert på www.norgeibilder.no

Andre prosjekt

- Innføring av nytt høgdesystem – under arbeid
- Kvalitetslosen, eit auka fokus på å legge inn aktuelle rutiner.

**Økonomi**

Ikkje noko å rapportere.

**LOKALSAMFUNN**

- Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune besøkje, bu og arbeide i.
- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Kommuneplanen for Herøy 2013-2015 er det sentrale dokumentet når det gjeld utvikling v lokalsamfunnet.

**Anlegg og drift**
Ikkje noko rapportert.

**Barnehage**
Barnehagane har som mål å bidra til godt omdømme m.a ved å profilere sitt indre liv på internetsida og i lokalavisa. Alle barnehagane er bevisste på å ha fokus på "Herøyidentitet" når dei er ute og ferdast i lokalmiljøet. Målet er at barna skal vere glad i heimplassen sin og kjenne stoltheit over den.

**Barn- familie og helse**
Ikkje noko rapportert.

**Bu og habilitering**
Ta i bruk moderne kommunikasjonshjelpemiddel for å profilere kva vi driv med.
Oppdatere Bu og habiliteringsavdelinga på ny portal.

**Eigedom**
Ikkje noko rapportert.

**Fellessekretariatet**
Ikkje noko rapportert.

**IKT**
Ikkje noko rapportert.

**Kultur**
Kulturhuset har arrangert fleire konsertar / forestillingar gjennom året. Fyrste halvår gav desse ei negativ inntening, mens siste halvår gjekk arrangementa ca i balanse.

Kulturkontoret koordinerer den kommunale deltakinga i Den Kulturelle Spaserstokke med ulike arrangement og opplevingar for eldre.

Kulturkontoret er med og koordinerer Kultursekken, dvs ulike profesjonelle opplevingar for grunnskulen gjennom kulturnista, kulturlauget og lokal kulturplan.

Kulturkontoret tildeler årleg ulike tilskot til lag og organisasjonar.

Kinoen i kulturhuset har i 2013 vore driven privat med tilskot frå kommunen. Frå 1.1.2014 tek kommuna over drifta.

**Personal - og organisasjonsavdelinga**

Ikkje noko å rapportere.

**Pleie og omsorg**
Omsorgssentra ynskjer å vere ein naturleg del av lokalsamfunnet, og det at flest mulig av kommunen sine innbyggarar besøker sentra er med på å bidra til det. Dette skjer i det daglege først og fremst gjennom kontakta med stadig nye pårørande. Så gjennom alle dei frivillige som besøker oss, ofte gjennom faste aktivitetar som velforeningane, sanitetsforeninga eller diakoniutvalet med fleire. Kvar veke er der andakt med besøk av prest og organist. Barnehagen er fast innom på besøk og vi har invitert skulane med på eit meir systematisk samarbeid

Kulturgruppa arbeider godt og systematisk. Der har vore innslag frå sjukeheimane i lokale og regionale media, og siste året også tre TV/video-innslag som har vore publisert i fleire mediakanalar.

**Servicetorget**
Kommunen er på facebook (1258 tilhengarar som er ei auke på 2,2 % sidan sist rapportering). Ein har invitert publikum om å sende inn bilder frå kommunen som ein legg som forsidebilde jevnleg.

I desember fikk ein ny nettside. Internettsida vert oppdatert raskt når ein har ting å publisere - administrasjonen må nok tenke endå meir på at web-sida skal vere ein kanal for formidling av informasjon.
Aktiv bruk av nettsida og sosiale medier kan gi innsparing på annonsering. I tillegg vil ein framstå som moderne og tilpassa brukarane.

**Skule**
Ingen nye prosjekt/aktivitetar er gjennomført i siste tertial.
Nemnast kan likevel alle flotte arrangement rundt om på skular, grendahus, kulturhus og kyrkjer før jul, der elevar får vise talent som aldri vert målt i kartleggingar og nasjonale testar. Eit godt samarbeid mellom tilsette, foreldre og andre ressurspersonar er grunnlaget for tilrettelegging av arrangementa. Her har vi ein stor verdi å ta vare på.

**NAV Herøy**
NAV Herøy har vore på 5 bedriftsbesøk i 3. tertial. Samarbeidet med arbeidsgjevarane er særs viktig for å få fleire ut i arbeid og aktivitet. Vi ønksjer å lære mest muleg om bedrifta, i form av å få kunnskap om kva kompetanse dei treng, dei oppgåvene dei skal løyse, rekrutteringsbehov i framtida og kva utfordringar dei har eller ser. Vi informerar om tiltak og virkemiddel NAV-systemet har til rådigheit, IA-avtalen og ved behov får dei ein kontaktperson i NAV.

**Utvikling**
Ikkje noko rapportert.

**Økonomi**
Ikkje noko spesielt å rapportere. Delar av avdelinga sin aktivitet er særs utadretta med mange henvindingar frå personar og verksemder. Har inntrykk av at dette stort sett går greitt.

DETALJ OG OMRÅDEPLANER (kommunale og private)

GENERELL OVERSIKT
**(Siste politiske prioritering den 9/4-2013 sak 66/13)**

**Liste Ajourført- 09.01.2014**

**KOMMUNALE PLANER:**

A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

## Kommuneplaner, delplaner og temaplaner

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | 201245 | 11/469, 12/4 | Kommunedelplan avløp 2006-10 | OM | 1 | |
| 2. | 201250 | 10/368, 10/630, 12/7 | Kommuneplan Herøy – Arealdel | OM | 1 | |
| 3. | 201250 | 10/368, 10/630, 12/7 | Kommuneplan Herøy – Samfunnsdel | OM | 1 | A |
| 4. | 201269 | 11/388, 12/5 | Kommunedelplan Helse og Omsorg | OM | 1 | |
| 5. | 201270 | 12/546 | Kommunedelplan Trafikktrygging | AZT | 1 | |
| 6. | 201302 | | Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan | OM | 1 | |
| 7. | 201303 | | Rusmiddelpolitisk handlingsplan. | OM | 1 | |
| 8. | | | Strategisk næringsplan. | OM | 1 | |

## Område og detaljreguleringsplaner

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 9. | 201247 | 07/820 | Reguleringsplan Indre Bergsøy | BSS | 1 | |
| 10. | 201248 | | Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt | AZT | 1 | |
| 11. | 201261 | | Reguleringsendring Mjølstadneset | - | 2 | |
| 12. | 201265 | 10/164 | Reguleringsplan for Kvalsund hamn | HR | 1 | |
| 13. | 201267 | | FV654 Flusundkrysset- kryss mot Vikane | HR | 1 | |
| 14. | 201271 | | Runde, tilrettelegging av tomter | BSS | 2 | |
| 15. | 201272 | 11/852 | Reguleringsplan gangsti rundt Myklebustvatnet | | 2 | |
| 16. | 201305 | 13/566 | Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl | BSS | 2 | |
| 17. | 201306 | | Ny basestasjon brannvernet | HR | 2 | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18. | 201307 | | FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring | HR | 2 | |
| 19. | 201310 | | Reguleringsplan nye gang- og sykkelvegar | AZT | 1 | |
| 20. | 201266 | 11/717 | Nærøya, fortau, veg og kryss | AZT | 1 | KL |
| 21. | 201263 | | Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del) | BSS | 1 | KL |
| 22. | 201246 | | Ny innfartsveg Fosnavåg | HR | 1 | KL |

PRIVATE PLANER:
A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 23. | 201275 | 10/422 | Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta | HR | |
| 24. | 201278 | 09/611, 12/12 | Reguleringsplan Verket | OM | |
| 25. | 201284 | | Reguleringsplan Huldal | AZT | |
| 26. | 201276 | | Reguleringsplan Kvalsund | BSS | A |
| 27. | 201286 | | FV 654 Indre Herøy kyrkje-Stoksund | HR | |
| 28. | 201285 | | IMO senteret | AZT | |
| 29. | 201289 | | Regulerings-endring for Sjøsida Eigedom | BSS | A |
| 30. | 201301 | | Lanternen Marina | AZT | |
| 31. | 201304 | | Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda området FKO | AZT | |
| 32. | 201283 | 09/424 | Reguleringsplan utvida bustadfelt Frøystad | AZT | KL |
| 33. | 201252 | 10/80 | Reguleringsplan Hjelmeset III | BSS | KL |
| 34. | 201401 | 13/1379 | Reguleringsendring Tovågen | BSS | N |

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201245 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan avlaup 2012-2022 |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | - |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR AVLAUP |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2014** |

**Planstatus:**

Arbeidet er starta opp og planprogram er vedteke.
Runde Miljøsenter har gjennomført resipientundersøkelsar levert statusrapport for eit utval av resipientane i Herøy.

*Status: Utviklingsavdelinga skal oppdatere delar av kommunedelplanen etter avtale med Anlegg- og driftsavdelinga. Arbeidet ligg etter tidsskjema på grunn av at resipientundersøkingane måtte gjennomførast på sommaren og det har teke lang tid med utarbeiding av rapporten.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201246 |
| **Plannamn** | Ny innfartsveg Fosnavåg |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Asplan Viak/Statens vegvesen |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |
|---|---|

**Planstatus:**

Planprosessen starta vinteren 2006 og den omfatta reguleringsplan m/tilhøyrande konsekvensutgreiing for ny innfartsveg på strekninga Hjelmeset - Fosnavåg. Saka enda til slutt i Miljøverndepartementet som i januar 2011 konkluderte med å stadfeste Fylkesmannen si motsegn når det galdt alt. 1 langs nordsida av Myklebustvatnet naturreservat. Departementet tilrådde forøvrig at kommunen arbeidde vidare med planen etter alt. 2.

Kommunestyret tok etter dette departementet sitt vedtak til vitande og ga klarsignal for vidare planarbeid etter alt. 2 (bruk av eksisterande FV 654 og via rundkøyring ved HVS og tunnell til sentrum). Reguleringsplanen etter alt. 2 vart vedteken av kommunestyret i møte den 25.04.2013 (K-sak 49/13). Plansaka vart påklaga av Norsk Ornitologisk Forening og kommunestyret behandla klagesaka i møte den 29.08.2013 (K-sak 100/13). Status for saka er uendra sidan forrige rapportering i det den fortsatt ligg hos Fylkesmannen for avsluttande klagebehandling.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 07001 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Indre Bergsøy |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Indre Bergsøy\GIS |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus**:
Forslag til reguleringsplankart, føresegner og planomtale med vedlegg vart levert til utviklingsleiar like før jul 2013, for gjennomgang. Saksframlegg vart også levert til gjennomgang.

Målet er å få lagt reguleringsplanen med tilhøyrande dokument fram for politikarane med tanke på utlegging til offentleg ettersyn i januar 2014..

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201248 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Utviklingsavdelinga |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\utviklingsavdelinga\plan\aleksander\byggefelt moltustranda |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kommunal plan | | |
| **Areal** | Kommunal plan | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **01.06.2014** |

Planstatus:
Det vart arrangert ope møte på Moltu skule for diskusjon om byggjefelt på Moltustranda. Dato for møtet var 22.2.11.

Utviklingsavdelinga har og vore i dialog med fleire grunneigarar på Moltu om å få i stand avtale om kjøp av areal til veg og kommunale tomter. Det er gjennomført synfaringar og møter med grunneigar i eit av området.

Utviklingsavdelinga har utarbeidt fleire førebelse planskisser som grunnlag for vidare forhandlingar og seinare formelt oppstart av planarbeid. Vidare framdrift er avhengig av forhold knytt til erverv av eigedom. Herøy kommune er i dialog med fleire grunneigarar kring taksering av eigedomar og forhandlingar kring kjøp av eigedom.

**Status:**
*Utviklingsavdelinga har varsla oppstart av planarbeid. Frist for innspel 24.01.2013. Vidare arbeid vil vere utarbeiding av reguleringsplan og behandling av innspel.*

*Sakshandsamar har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp saka under høyringsperioden.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 10001 |
| **Plannamn** | Kommuneplan Herøy- hovudrullering |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy Kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\KOMMUNEPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|




| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2013** |
|---|---|

**Planstatus:**
Samfunnsdelen er godkjend i kommunestyret 24.10.2013

Forslag til arealdel er handsama og lagt ut til offentleg ettersyn i kommunestyret 24.10.2013. Planen ligg på dette tidspunkt ute til høyring.

*Status:*
*Samfunnsdelen: Planen er godkjend, ekspedert og avslutta.*

*Arealdelen: Forslag til plan ligg ut til offentleg ettersyn i perioden 1.11.2013-10.1.2014.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201252 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Hjelmeset III |
| **Tiltakshaver** | Tømrerservice AS |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Tømrerservice AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\HJELMESETH3 |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 4.000. | Februar 2010 | |
| **Areal** | Kr 17.400 | 28.04.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus**:
Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte 28.2.2013. Klagefristen gjekk ut 4.april.

Innan fristen kom det inn tre klager på kommunestyret sitt vedtak. Slik kommunen vurderer klagene, inneheld dei ikkje nye moment i høve til tidlegare. Klagarane kan såleis ikkje pårekne å få medhald i klagene.

Kommunestyret handsama klagene i møte 29.8.2013. Klagene er sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201261 |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Mjølstadneset |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **26.09.2012** |

**Planstatus:**

Dette gjeld omregulering av austre del av Mjølstadnesområdet med sikte på å tilrettelegge erstatningstomt for bedrift som på sikt må flytte frå Torvik. AG Plan og Arkitektur vart engasjert våren 2009, for å vurdere om innteikna vegtrase i kommuneplanen kunne kome i konflikt med avgrensinga av industriområdet.

Statens vegvesen har på ettersommaren (jfr. prosjekt **4 Kommunedelplan for RV 654 Røyra Mjølstadneset**) starta arbeidet med kommunedelplan for RV 654 frå Røyra til Mjølstadneset. Sjølve arbeidet med reguleringsendringa vil gå vidare når forholda omkring ovannemnde vegline er tilstrekkeleg avklara.

Det har ikkje vore arbeidd med saka sidan førre rapportering.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201263 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del) |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS ved Berit Sandvik Skeide |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Fosnavåg hamn |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | ingen | | |
| **Areal** | ingen | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | ja |
| **Beløp** | Ca 500 000 |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |
|---|---|

**Planstatus**:
Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte 27.6.2013. Klagefrist vart sett til 26.8.2013. Innan fristen kom det inn tre klager. To av klagene vart trekt etter møte med klagarane.

Klagen vart handsama i kommunestyret 28.11.2013. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka er sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201265 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Kvalsund hamn |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Rambøll AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | JA (2010-budsjettet) |
| **Beløp** | 200 000 (Jfr. F-sak 147/10) |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**
Initiativet til planarbeidet var opprinneleg privat, men etter vedtak i formannskapet den 18.05.2010 vart det imidlertid bestemt at planen skulle fremjast som ein kommunal plan. Formålet med planarbeidet har vore å legge til rette for fleire naust, småbåtplassar, parkering, ny vegtilkomst til hamna m.v.

Formannskapet vedtok i møte den 11.04.2012 (F-sak 133/12) at forslag til reguleringsplan skulle utleggast til offentleg ettersyn. Offentleg ettersyn/innhenting av høyringsuttalar skjedde i perioden 11. mai til 22. juni og frist for innspel/merknader vart sett til 25.06.2012.

Plansaka har vore under førebuing med sikte på ny politisk behandling. Med vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Kvalsundbrua (5 år) har det imidlertid vorte naudsynt å få avklart kva konsekvensar dette vil ha for hamneområdet før reguleringsplanarbeidet vert vidareført/sluttført. Det ligg fortsatt ikkje føre tilstrekkelege avklaringar for at planarbeidet kan vidareførast og det har såleis ikkje vore arbeidd med denne saka sidan forrige rapportering.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201266 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Nærøykrysset – FV 18 |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan & Arkitektur AS / Utviklingsavdelinga |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\NÆRØYKRYSSET |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kommunal plan | - | - |
| **Areal** | Kommunal plan | - | - |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | Kommunal plan |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.1.2014** |

**Planstatus:**
Formannskapet har vedteke å legge saka ut til offentleg ettersyn / høyring i 2 alternativ. Dette for å avdekkje kva alternativ ein skal arbeide vidare med for området. Ein arbeider no med handsaming av innkomne merknader frå høyringsperioden, samt justeringar / endringar i planforslaget med sikte på sluttbehandling.Planforslaget blir fremja til politisk sluttbehandling i løpet av første del av 2013.Kommunestyret gjorde i møte av 25.04.2013, K-sak 50/13 vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for «Nærøykrysset FV18». Vedtaket er no kunngjort med frist for klage 31.05.2013.

**Status:**
*Kommunestyret sitt vedtak er påklaga av Gjert A. Nærø. Klagen er handsama av kommunestyret. Saka er sendt over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd. Ein vil avvente arkivering av plan inntil klagesaka er avgjort av Fylkesmannen. Omlegging av krysset er ikkje prioritert i fylket sitt handlingsprogram.*

*Fylkesmannen varslar avgjerd i klagesak innan august 2014.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201267 |
| **Plannamn** | Flusundkrysset- Kryss mot Vikane |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**
Miljøverndepartementet si stadfesting av Fylkesmannen si motsegn mot planane om ny innfartsveg på nordsida av Myklebustvatnet har aktualisert spørsmålet om å planlegge/iverksetje tiltak lang eksisterande fylkesveg. Det var i første omgang snakk om å vurdere tiltak på strekninga frå Cash & Carry til rundkøyringa på Hjelmeset. Prosjektet er i ettertid utvida og endra namn frå FV 654 Myklebust – Eggesbønes til Nygjerdekrysset – Kryss mot Vikane og no sist til Flusundkrysset – Kryss mot Vikane.

Formannskapet vedtok i møte den 01.10.2013 (F-sak 167/13) at det skulle iverksetjast førebuingar med sikte på oppstart av reguleringsplanarbeid for den ovannemnde strekninga. Det har vore halde ei rekkje møte om saka mellom Statens Vegvesen, no seinast i desember 2013. Med basis i avklaringar med vegvesenet på sistnemnde møte vert det no arbeidd konkret med førebuingar for formell oppstart av reguleringsplanarbeidet.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201269 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan for helse og omsorg |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2014** |

**Planstatus:**
Forslag til plan har vore ute til offentleg ettersyn og ein tek sikte på ei slutthandsaming av planen i februar 2014.

*Status: KDP for helse og omsorg skal til slutthandsaming i februar 2014.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201270 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan for trafikktrygging |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | - |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER \KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | - | - | - |
| **Areal** | - | - | - |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Ja |
| **Beløp** | Midlar avsett til konkrete tiltak i budsjett |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.1.2014** |

**Planstatus:**
Planarbeidet er varsla oppstart og planprogram for arbeidet er stadfesta.

Grunna omsyn til arbeidet med kommuneplan har denne planen ikkje blitt prioritert. Ein har over lengre tid forsøkt å få ei evaluering frå Anleggs- og driftsavdelinga i høve tiltaka i førre plan. Denne er enno ikkje motteke og manglande tilbakemeldingar er noko av grunnen til at planarbeidet har stoppa opp.

Utviklingsavdelinga har ansvaret for vidare framdrift av planarbeidet, og vil følgje opp kommunedelplanen som prioritert oppgåve i tida framover.

**Status:**
*Planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn i 6 veker. Det er nytta sosiale media under høyringsperioden. Det har kome mykje innspel til planforslaget.*
*Vidare arbeid vil vere møte i arbeidsgruppa for å behandle innspel og gjere evt justeringar i plan, samt legge fram ei tilråding til Formannskapet for vedtak av plan.*

*Sakshandsamar har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp saka etter høyring.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201271 |
| **Plannamn** | Runde, tilrettelegging av tomter |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus**:

Planarbeid ikkje igongsett. Ikkje prioritert. Avventar forhandlingar om grunn.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201275 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta |
| **Tiltakshaver** | Volfram AS v/Svein Nærø |
| **Privat/Offentleg** | Privat reguleringsplan |
| **Konsulent** | Rambøll AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\HALLVARD\NÆRØY_RØYKERI |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 5.000. | 21.01.2011 | |
| **Areal** | Kr 29.400. | 21.01.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**
Målet med reguleringa av gnr. 24, bnr. 2 m.fl. på Nærøya har vore å legge til rette for bustadbygging (tettare utnytting, tomannsbustader og einebustader). Rambøll AS leverte inn planforslag den 11.05.2009. Planen vart imidlertid ikkje lagt fram for politisk behandling med tanke på utlegging til offentleg ettersyn før 01.07.2009. Dette innebar at innsendt planmateriale måtte omarbeidast og tilpassast ny planlov.

Ny oppstart av planarbeidet vart varsla før jul 2009. Eit planforslag vart vedteke utlagt til offentleg ettersyn i formannskapsmøte den 23.11.2010 (F-sak 344/10). Det vart reist motsegn mot reguleringsplanforslaget både frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Det vart etter dette halde fleire avklaringsmøte om planen både internt og med Fylkesmann og Fylkeskommune på Molde med sikte på å klargjere eit akseptert planforslag for sluttbehandling.

Rambøll sende inn eit justert planforslag hausten 2013. Det har etter dette vore arbeidd med kvalitetssikring av plandokumenta og førebuing for politisk behandling og nytt offentleg ettersyn. Planen er no på det næraste klar for nemnde behandling.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 11008 |
| **Plannamn** | Kvalsund |
| **Tiltakshaver** | Karstein Sund |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Rambøll Norge AS ved Oddhild Fausa |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 5.000. | 13.10.2011 | X |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus**:
Reguleringsplanen vart godkjent i kommunestyret 28.11.2013. Planen er ekspedert. Klagefrist sett til 3.1.2014. Pr. 6.1.2014 er det ikkje registrert klager på planvedtaket.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 09015 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Verket |
| **Tiltakshaver** | Kay Terje Myklebust og Espen Vike |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\REGULERINGSPLAN FOR VERKET |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 4000,- | 20.10.2009 | |
| **Areal** | 26920,- | 20.10.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2014** |

**Planstatus:**

AG Plan og arkitektur har på vegne av Kay Terje Myklebust og Espen Vike søkt om løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for delav gnr. 29 bnr.13 og 25 mfl. mot Straumane på Berge. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for frittliggjande bustader med innslag av konsentrerte bustader og etablering av eit naustområde.

*Status: Detaljreguleringsplan for Verket er godkjend og kunngjort med klagefrist 17.1.2014.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201283 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Frøystad bustadfelt II |
| **Tiltakshaver** | Oddmund Kvalsvik |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\FRØYSTAD BUSTADFELT II |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 4000 | 20.10.09. forfall 10.11.09 | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | nei |
| **Beløp** | nei |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus:**

Oppstart vart vedteke i F-sak 184/09 den 18.08.09. Frist for innspel til oppstart var 26.10.09. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn vart gjort i F-sak 89/10 den 06.04.10. I løpet av høyringsperioden 11.06. – 13.08.10 er det kome inn åtte merknader, deriblant motsegn frå Statens vegvesen med rekkjefølgjekrav om etablering av planfri kryssing for mjuke trafikantar på Frøystadskaret FØR utbygging av bustadfeltet.

Planen er kunngjort og påklaga av 2 naboar til planområdet.

**Status:**

*Kommunestyret har handsama klagesaka og oversendt denne til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Klagesaka var oversendt til Fylkesmannen i desember 2012. Fylkesmannen har meldt om utsett klagesakshandsaming ved fleire høver – dette grunna låg kapasitet på Fylkeshuset og stor arbeidsmengd.*

***Fylkesmannen melder at saka mest truleg vert avgjort i desember 2013.***

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201284 |
| **Plannamn** | Huldal Aust |
| **Tiltakshaver** | Bergsøy IL - Fotball |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Sporstøl Arkitekter AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014.** |

**Planstatus:**
I samband med at Bergsøy IL etter kvart har flytta all aktiviteten til Bergsøy stadion m.v. så ønskjer dei å realisere verdiane i Huldalsbana med tanke på finansiering av sine nye investeringar i stadionområdet. Bergsøy IL har engasjert Sporstøl Arkitekter til å utvikle området og første kontakt vart teken i desember 2010. Oppstartmøte vart halde i mai 2011. Planarbeidet, som etter tiltakshavars ønkje vil omgjere deler av friområdet (jfr. kommuneplanen) til byggeformål, vil krevje KU og naturleg nok då også planprogram. Innsendt forslag til planprogram vart behandla av formannskapet hausten 2011 og tiltakshavar/konsulent har fått tilbakemelding om vidare planprosess, her under krav om KU for nærare utvalde tema. Planprogrammet har vore utlagt til offentleg ettersyn. Etter ønskje frå Sporstøl Arkitektkontor vart det halde eit møte om saka på forsommaren. Ansvaret for vidare framdrift ligg hos tiltakshavar/konsulent.

**Status:**
*Kommunen har motteke revidert planprogram for stadfesting. Sak er fremja til Formannskapet og vert truleg handsama i løpet av januar/februar 2014.*

*Vidare framdrift og arbeid vil ligge hjå konsulent for utarbeiding av planforslag med KU-vurderingar.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201285 |
| **Plannamn** | IMO-senteret, gnr. 34 bnr. 219 m.fl. |
| **Tiltakshaver** | IMO-senteret v/Gaustad |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Ing. Geir Myklebust |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\DETALJREGULERING IMO-SENTERET |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 5000,- | 13.11.2013 | |
| **Areal** | | Ved off ett. | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014.** |

**Planstatus:**
Dette gjeld reguleringsplan for «naboområdet» til Sentrumsteigen og er elles avgrensa av Kjøpmannsgata, Rådhusgata og Igesundvegen. Det vart hausten 2011 innsendt forespørsel om førehandskonferanse. Førehandskonferanse med tiltakshavar/konsulent vart vart halde den 26.04.2012.

Formannskapet godkjende oppstart av planarbeidet i møte den 03.07.2012 og tiltakshavar har etter dette annonsert oppstart og sendt saka til aktuelle høyringsinstansar.

Kommunen har oversendt krav til avløp for området og vore i dialog med konsulent i høve utforming av reguleringsplanen.

**Status:**
*Ein har ikkje motteke planforslag pr rapporteringsdato. Tiltakshavar melder om eit mogleg skifte av plankonsulent.*

*Sakshandsamar har ikkje kapasitet til å følgje opp saka på noverande tidspunkt.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201286 |
| **Plannamn** | FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stoksundbrua |
| **Tiltakshaver** | Statens Vegvesen |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling | |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**
Formålet med planen er å legge til rette for ei meir naturleg vegline med tilhøyrande gang- og sykkelvegar på strekninga frå Indre Herøy kyrkje til Stoksundbrua samt ei mindre strekning i retning Sandvika. Statens vegvesen annonserte oppstart av planarbeidet i august 2011.

Det har undervegs vore ein del møte om saka mellom kommunen og Statens vegvesen. Vegvesenet arbeider no med sikte på at eit endeleg planforslag skal kunne framleggast for politisk behandling og påfølgjande offentleg ettersyn i løpet av 1. halvår 2014.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201289 |
| **Plannamn** | Detaljregulering gnr. 34, bnr. 22 Sjøsida |
| **Tiltakshaver** | Kvalsvik Elektro AS |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Sjøsida Eigedom AS |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 5000,- | 1.august 2013 | 28.8.2013 |
| **Areal** | 16600,- | 1.august 2013 | 28.8.2013 |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |

**Planstatus**:
Reguleringsplanen vart godkjent i kommunestyret 28.11.2013. Planen er ekspedert. Klagefrist sett til 3.1.2013. Det er ikkje registert klager pr. 6.1.2014.

| | |
|---|---|
| **Planident** | - |
| **Plannamn** | Detaljregulering Lanternen Marina AS |
| **Tiltakshaver** | Lanternen AS v/Kåre Jensholm |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan & Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING LANTERNEN MARINA |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | - | Ved off ett | |
| **Areal** | - | Ved off ett | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **01.06.2014.** |

**Planstatus:**

Det er gjennomført oppstartsmøte med partane den 23.01.2013.
Det er vidare gjennomført dialog med tiltakshavar og konsulent vedk planspørsmålet og omfang av planarbeidet. Det er gjennomført synfaringar på Jensholmen i april 2013.

**Status:**

*Spørsmål om planoppstart er behandla av Formannskapet (planutvalet) der det er gjeve løyve til reguleringsendring innanfor ei grense fastsett av planutvalet.*

*Formannskapet har vedteke retningslinjer for det vidare planarbeidet. Konsulent må varsle oppstart av planarbeid i tråd med dei retningslinjene som er sett av Formannskapet.*

***Ein vil handsame saka vidare når ein har motteke planforslag frå konsulent.***

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201302 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2014** |

**Planstatus:**

Kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og ruspolitisk handlingsplan. Kommunedelplanen skal utarbeidast etter plan- og bygningslova og Utviklingsavdelinga er derfor ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, utarbeiding av planprogram, offentleg ettersyn og andre forhold som kjem av plan- og bygningslova.
Arbeidet med bustadsosial handlingsplan er starta opp og planprogram har vore ute til offentleg ettersyn.

*Status: Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan er varsla oppstart og planprogram har vore ute til offentleg ettersyn. Vi må stadfeste planprogram før vi kan utarbeide forslag til plan.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201303 |
| **Plannamn** | Rusmiddelpolitisk handlingsplan |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.1.2014** |

**Planstatus:**
Det skal startast opp arbeid med Rusmiddelpolitisk handlingsplan og kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen skal ikkje utarbeidast etter plan- og bygningslova, men skal ha ein lik planprosess der utviklingsavdelinga vil vere ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, prosjektorganisering og andre forhold der utviklingsavdelinga har kompetanse.

*Status: Arbeidet med Rusmiddelpolitisk handlingsplan er starta opp, men utviklingsavdelinga har ikkje vore involvert i det vidare arbeidet.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 515201304 EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 M.FL. OMRÅDET F/K/O |
| **Plannamn** | Detaljregulering gnr 38/2 mfl området F/K/O Eggesbøjorda |
| **Tiltakshaver** | Rema 1000 og Johannes S. Eggesbø |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Sporstøl Arkitekter AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 5000,- | 18.11.2013 | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014.** |

**Planstatus:**
Rema 1000 ynskjer å etablere nytt forretningsbygg innanfor området F/K/0 – gjennom felles handsaming av plan- og byggesak. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen der planfaglege råd er blitt drøfta. Utviklingsavdelinga ynskjer at det blir utarbeidd ein illustrasjonsplan som viser mogleg utforming av heile F/K/O – området som viser ei framtidig utvikling av forretningsareala på Eggesbønes. Kommunen har gjeve råd til utforming av arealet og ynskjer at det vert lagt vekt på ei rasjonell og god arealutnytting av det svært så avgrensa forretningsarealet i området.

**Status:**

*Det er varsla oppstart av planarbeid og plankonsulent arbeider no med utarbeiding av planforslag.*

***Sakshandsamar har ikkje kapasitet til å følgje opp denne saka på noverande tidspunkt.***

| | |
|---|---|
| **Planident** | |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Frøystad skule |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| **Rapporteringsdato:** | **6.1.2014** |
|---|---|

**Planstatus**:
Eigedomsavdelinga ønskjer å omregulere skuletomta på Frøystad til bustadføremål. Notat er sendt på intern høyring til anlegg- og drift og eigedom. Ikkje fått tilbakemelding. Det vil no bli utarbeidd konkret forslag til reguleringsendring med tilhøyrande dokument.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201306 |
| **Plannamn** | Ny basestasjon for brannvernet |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**

Det har ei tid pågått førebuande arbeid med sikte på å få etablert ein ny basestasjon for brannvernet på Gjertneset. I denne samanheng er det mellom anna ført samtalar/forhandlingar med grunneigar om kjøp av grunn i det aktuelle området. Anlegget vil samstundes også verte driftsbase for anleggs- og driftsavdelinga og eigedomsavdelinga. Det er førebels ikkje sett i gang noko konkret reguleringsplanarbeid i området og ein avventar inntil vidare nærare føringar frå dei involverte partane med omsyn til klarlegging av rammer for det forestående planarbeidet. Det har såleis ikkje vore arbeidd med denne saka sidan forrige rapportering.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201307 |
| **Plannamn** | FV 18 Leine – Remøyholm (reguleringsendring) |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling | |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.01.2014** |

**Planstatus:**
Kommunestyret vedtok i møte den 25.02.2010 (K-sak 24/10) reguleringsplan for FV 18 Leine – Remøyholm. Godkjenningsvedtaket vart påklaga av 2 grunneigarar. Etter ein forhandlingsrunde aksepterte grunneigarane å trekke klagene under føresetnad av at kommunen tok initiativ til ei ny vurdering av veglina forbi dei aktuelle eigedomane.

Kommunestyret gjorde på dette grunnlag og i møte den 31.01.2013 (K-sak 5/13) eit vedtak der dei forplikta seg til i løpet av 2013 å starte arbeidet med ei justering/ endring av reguleringsplanen på strekninga frå Voldsundneset og i retning Remøya.

Vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Remøybrua har imidlertid skapt behov for ei avklaring som også vil kunne få konsekvensar for dette reguleringsplanarbeidet. Slik avklaring ligg enno ikkje føre. Partane i den tidlegare trekte klagesaka er informerte om at oppstart av arbeidet med reguleringsendringa vert utsett i påvente av ovannemnde avklaring.

| | |
|---|---|
| **Planident** | - |
| **Plannamn** | Reguleringsplan nye gang- og sykkelvegar |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentlege planar |
| **Konsulent** | - |
| **Digital informasjon er lagra her:** | - |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | Nei | |
| **Areal** | | Nei | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | ? |
| **Beløp** | ? |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **06.1.2014** |

**Planstatus:**
Formannskapet har gjennom planprioritering for 2013 vedteke at Utviklingsavdelinga skal starte planarbeid med "Gangvegpakke 2013", dette vil bli vere offentlege reguleringsplanar som skal danne grunnlaget for seinare utbygging på følgjande strekningar:

**Status:**

- *Sandvika – Stokksundkrysset (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)*
- *Nykrem – Djupvik (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)*
- *Frøystad – Torvik (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)*
- *Moltustranda FV10 (Varsla oppstart og gjennomført ope møte)*

Arbeid framover vil vere å utarbeide forslag til reguleringsplanar for offentleg ettersyn.

- *Undergong Koppen FV654 (Planforslag har vore til offentleg ettersyn)*

*Sakshandsamar har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp desse planane etter varsel om oppstart og offentleg ettersyn.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201401 |
| **Plannamn** | Tovågen Reguleringsendring |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Privat plan |
| **Konsulent** | Ag Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Tovågen 13-1379\GIS |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | Nei | |
| **Areal** | | Nei | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | ? |
| **Beløp** | ? |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| **Rapporteringsdato:** | **06.1.2014** |
|---|---|

Planstatus:
AG Plan og Arkitektur AS har på vegne av BT Utbygging AS søkt om reguleringsendring for Tovågen bustadfelt. Endringa er sendt på høyring til grunneigarar, naboar og uttaleinstansar. Frist for å kome med uttale er sett til 20.1.2014.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | BSS | Arkivsaknr: | 2013/1379 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 29/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

## REGULERINGSENDRING FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR TOVÅGEN BUSTADFELT

**Tilråding frå rådmannen:**
I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for Tovågen, datert 9.12.2013.

Særutskrift:
- AG Plan og Arkitektur AS, Webjørn Svendsen gate 12, 6150 Ørsta
- BT Utbygging AS, c/o Bjarne Tarberg, 6076 Moltustranda.

**Vedlegg, prenta:**
1. Reguleringsplankart, datert 9.12.2013.
2. Reguleringsføresegner, datert 9.12.2013.
3. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 23.1.2014. Oppklaring i høve til fråsegn gitt 21.1.2014.
4. E-post frå Herøy kommune til Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.1.2014. Oppmoding om å vurdere saka på nytt.
5. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 21.1.2014. Fråsegn.
6. Brev frå AG Plan og Arkitektur AS, datert 9.12.2013.

**Vedlegg, ikkje prenta:**
7. Brev frå Herøy kommune, datert 26.11.2013.
8. Brev frå AG Plan og Arkitektur AS, datert 13.11.2013.

**Saksopplysningar:**
AG Plan og Arkitektur AS varsla i slutten av juli 2013, oppstart av planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan for Tovågen bustadfelt, godkjent 27.9.2012 (planid 1515201255). Varsel om oppstart vart sendt til grunneigarar og naboar i området. Det vart gitt frist til 24. august til å kome med innspel/merknader til endringa. Det kom ikkje merknader innan fristen.

Herøy kommune mottok forslag til reguleringsendring for Tovågen bustadfelt 13.11.2013. Målet med endringa er å få til ei betre areal- og økonomisk utnytting av tomtearealet. Foreslått endring vil kunne gje eit breiare tomtetilbod i området.

I gjeldande reguleringsplan for Tovågen bustadfelt, er byggjeområda delt inn i eitt KS-område (konsentrerte småhus) og fire FS-område (frittliggjande småhus). I reguleringsplanen sine føresegner er det lagt til rette for at det innanfor FS1-FS4 kan byggjast frittliggjande einebustader, ev. med sekundærhusvære (leiligheit). Maksimum BYA for FS-områda er 30 %

Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for at tre (3) av tomtene innanfor FS2 i godkjend reguleringsplan også kan nyttast til to (2) fullverdige bustadeiningar, dvs. tomannsbustader.

I reguleringsendringa som ligg føre er FS2-området delt inn i to område, FS2 (dei tre tomtene lengst mot vest) og FS5 (dei tre tomtene lengst mot aust).

Det er også søkt om justering av grensa mellom FS 5 og f_LP1 (leikeplass) og reduksjon av f_LP2 (leikeplass).

Herøy kommune mottok 9.12.2013, brev frå konsulent AG Plan og Arkitektur AS. På vegne av tiltakshavar søkjer dei om å få endre utnyttingsgrad frå 30 til 40 % for dei tre tomtene innanfor FS5.

Forslag til reguleringsendring vart lagt ut til offentleg ettersyn i desember 2013, med frist for å kome med innspel/merknad sett til 20.1.2014.

I samband med høyringa kom Møre og Romsdal fylkeskommune (MRF) med fråsegn til planarbeidet. I brev av 21.1.2014, kjem fylket med synspunkt på prosessen knytt til handsaming av saka og synspunkt på reduksjon av leikeareal innanfor planen (varsla motsegn).

Sakshandsamar tok kontakt med fylkeskommunen og ba dei vurdere fråsegna på nytt, ettersom kommunen syns fråsegna ikkje var heilt i samsvar med planprosessen.

Møre og Romsdal fylkeskommune kom 23.1.2014 med nytt brev, der dei avklarer tidlegare uttale. Fylkeskommunen meiner prosessen i saka, med oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn, er i samsvar med lova, slik at saka no kan godkjennast av kommunen. MRF aksepterer utviding av byggjeområdet FS2.

Etter at Møre og Romsdal fylkeskommune har kome med avklaring i høve til deira fråsegn av 21.1.2014, ligg det ikkje føre merknader til omsøkte reguleringsendring for Tovågen.

**Vurdering:**
Kommunen vurderer dette til å vere ei mindre reguleringsendring etter § 12-14 i plan- og bygningslova. Dette med bakgrunn i at det ikkje vert lagt opp til justeringar i planen som endrar føresetnadene for gjennomføring av planen. Det er her snakk om små justeringar av grad av utnytting og formålsgrenser. Leikeområdet f_LP2 vert redusert ein del til fordel for byggjeområde FS2. Området har relativt god dekning av leikeareal og vil etter endringa liggje klart innanfor krava til leikeareal i kommune-planen sin arealdel (2004).

Det vert ofte reist spørsmål ved kva tiltak som kjem inn under omgrepet «mindre reguleringsendring» av reguleringsplan. Det er ofte ei skjønnsmessig vurdering i kvart enkelt tilfelle kor grensa går. Det er ikkje gitt utømande retningsliner jf. tidlegare lov. Sjølv om mindre endring av reguleringsplan vert handsama noko enklare enn reguleringsendring etter § 12-14, gjeld bestemmelsane om samråd og medverknad også for slike endringar, dvs. at berørte offentlege mynde skal få høve til å uttale seg.

Planarbeidet vart varsla igangsett i juni 2013. Berørte partar og grunneigarar vart varsla ved brev. Det kom ikkje innspel/merknader. Endringsforslaget låg ute til offentleg ettersyn des. 2013 til jan. 2014. Det kom ikkje innspel/merknader til planforslaget.

Saka kan no handsamast i samsvar med kommunen sitt delegasjonsreglement (k-sak 79/12 og k-sak 158/09), der formannskapet har mynde til vedtak etter plan- og bygningslova § 12-14.

**Konklusjon:**
Rådmannen rår formannskapet til å godkjenne søknad om reguleringsendring for delar av Tovågen bustadfelt (datert 9.12.2013).

Fosnavåg, 28.01.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide




# TEIKNFORKLARING

## PBL§ 12-5 REGULERINGSFØREMÅL OG § 11-8 OMSYNSSONER

1 BYGNINGAR OG ANLEGG
(PBL § 12-5, nr. 1)

- FS — BUSTADER - FRITTLIGGJANDE SMÅHUS
- LP — LEIKEPLASS

2 GRØNTSTRUKTUR
(PBL § 12-5, nr. 3)

- F — FRIOMRÅDE

3 SIKRINGSSONE
(PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- FRISIKT (H140)

4 INFRASTRUKTURSONE
(PBL § 11-8 b, jf. § 12-6)

- REKKJEFØLGJEKRAV LEIKEPLASSAR (H450)

LINJESYMBOL

- Planen si grense
- Føremålsgrense
- Grense for sikringssone
- Grense for infrastruktursone
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Frisiktlinje
- Måle- og avstandslinje

ILLUSTRASJON (ikkje juridisk bindande)

- Skjering-/fyllingsareal

Vist skråningsutslag kan bli justert som følgje av nærmare bonitering ved detaljprosjektering (byggjeplan)

METER
0 10 20 50

N

| GEODETISK DATUM | HØGDEREFERERANSE | EKVIDISTANSE | KARTGRUNNLAG |
|---|---|---|---|
| EUREF89 UTM-sone 32 | NN1954 | 1 m | Grunnkart Herøy kommune |

| REVISJONAR | DATO | SIGN |
|---|---|---|
| 1. Endra BYA ved FS5 | 9.12.2013 | EAH |

| SAKSHANDSAMING: | DATO | SIGN |
|---|---|---|
| Oppstart | | |
| Planutval | | |
| Off. ettersyn | | |
| Kommunestyret, eigengodkjenning | | |

HERØY kommune

**REGULERINGSENDRING (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR: TOVÅGEN BUSTADFELT, MYRVÅG I HERØY KOMMUNE**

| Kartblad: | Tegn: EAH | Dato: | Målestokk: |
|---|---|---|---|
| Tiltakshavar: BT Utbygging AS | Kfr.: KG | 13.11.2013 | 1:1000 (A2) |

Utarbeidd av:


AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf 700 61 600, E-post: firmapost@agplan.no, www.agplan.no


| Teikningsnummer: | Revisjon: |
|---|---|
| 2180-100 | 1. |

# "REGULERINGSPLAN (detaljplan i hht. pbl § 12-3) FOR TOVÅGEN BUSTADFELT "

| Planidentifikasjon: | Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 | Eigengodkjenningsdato | Eigengodkjend av: |
|---|---|---|---|
| | XXX | xx.xx.xxxx | Herøy kommunestyre |

**Områdeomtale/plangrense:**
I nord: Grensar til sjøareal
I aust: Grensar til eller går dels inn på sjøareal, gnr. 45 bnr. 2, 14 og 131
I sør: Grensar til eller går dels inn på gnr. 46 bnr. 34, 35, 36, 37, 40, 42, 44, 48, 56, 57, 58, 59, 65 og 66
I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr. 46 bnr. 33, gnr. 47 bnr. 1 og 7

## §§ 1-3 GENERELT

## § 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

## § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

## § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

## § 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12-5, nr. 1)
- *Bustader - frittliggjande småhus, FS1 – FS5*
- Bustader - konsentrert småhus, KS
- Fritidsbusetnad – frittliggjande hytte, H
- Øvrig kommunalteknisk anlegg - pumpestasjon, A
- Naust, N
- Leikeplass, LP1-LP2

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)
- Køyreveg, V
- Annan veggrunn – teknisk anlegg
- Parkering, P

Grøntstruktur (PBL. § 12-5, nr. 3)
- Friområde, F
- Badeplass, BP

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (PBL. § 12-5, nr. 5)
- Friluftsføremål, FR

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL. § 12-5, nr. 6)
- Friluftsområde i sjø

Sikringssone (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)
- Frisikt (H140)

Infrastruktursone (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)
- Rekkjefølgjekrav leikeplassar, LP1 og LP2 (H450)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)
- Bevaring i kulturmiljø (H570)

Bandleggingssone (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)
- Bandlegging etter lov om kulturminner (H730)

## § 5 - FELLESFØRESEGNER

**a.** Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense.

**b.** Innanfor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

## § 6 – AREALBRUK

**a.** *I område merka "FS1-4" kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, ev med sekundærhusvære (leilegheit).*

*I område merka «FS5» kan det byggjast frittligjande småhus – einebustad eller tomannsbustadar.*

I område "KS" kan det byggjast konsentrerte hus.

I område merka "H" ligg det ei hytte. Det kan førast opp tilbygg til hytta.

**b.** Grad av utnytting av tomtene er fastsett ved tillaten prosent utbygd areal (% - BYA): BYA for dei enkelte delområda:

- FS1-4: maksimum 30 %
- FS5: maksimum 40 %
- KS - område: minimum 25 % og maksimum 40 %
- H - område: maksimum bebygd areal er sett til 100 m$^2$.
- N - område: maksimum bebygd areal er sett til 75 m$^2$.

Tillate bebygd areal (BYA) vert definert i samsvar med NS 3940: 2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m$^2$ pr. bilplass. Oppgitt maksimum bebygd areal samsvarer med avgrensing vist ved byggegrense.

## § 7 – BUSTADER OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

**1. Generelt:**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrense er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på

tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

*Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueiing til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining.*

Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport. På situasjonsplan skal plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

**a.** I område merka "FS" skal bygningar ha ei gesimshøgd som ikkje overstig 6,5 meter og mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter. I område merka ”FS” skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 45 $m^2$ grunnflate og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

**b.** I område merka ”KS” skal bygningar ha ei gesimshøgd som ikkje overstig *6,5* meter og mønehøgde som ikkje overstig *8,5* meter. I KS-området bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittståande enkelt garasje eller carport (til ei bueining) byggast med grunnflate inntil 36 $m^2$. Parkering kan dekkjast ved felles parkeringsplass.

**c.** Eksisterande hytte på gnr. 46, bnr. 15, merka “H” inngår i reguleringsplanen. Maksimum bebygd areal (inkludert hytte, terrasse og ev. uthus) er sett til 100 $m^2$.

**d.** I område merka “A” skal det etablerast pumpestasjon. *Høgd botn pumpesump vert fastsett ved detaljprosjektering av tekniske anlegg.* For området A er føremålsgrense lik byggjegrense.
Det er lagt til rette for ein parkeringsplass.

**e.** Naust:
I område N skal nytt naust ha same gesims- og mønehøgde som eksisterande naust. Maksimum bebygd areal er sett til 75 $m^2$ for område “N”.

Nausta bør vere i tradisjonell stil med trekledning. Naust/sjøhus skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta kan nyttast til oppbevaring av reiskapar, båtar og anna sjørelatert utstyr. Nausta skal ikkje innreiast med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/fritidshusføremål.

**f.** Område merka “LP1 og “LP2” er felles for heile området. Leikeplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

**g.** I område merka “LP1”, skal det jf. illustrasjonsplan opparbeidast gangveg med universell utforming (stigning 1:12, med repos).

## § 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

**a.** Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

**b.** Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert seinka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

**c.** Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

**d.** Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

**e.** Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

**f.** Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på KS- areal opparbeidast min. 20 $m^2$ areal eigna til leik pr. bueining. På KS-område skal slikt leikeareal samlast som ein eller fleire felles plassar. Minste storleik på leikeplass skal vere minimum 60 $m^2$. Arealet skal visast på situasjonsplan ved søknad. Slik leikeplass/opphaldsareal skal ha gjerde mot offentleg veg.

## § 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5,nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande grøft
- gangveg/gangareal
- annan veggrunn – teknisk anlegg
- parkering

I området merka “P” kan det opparbeidast p-plassar for handikappa.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal som følgje av detaljprosjektering.

V1, V2 og V3 er offentlege vegar.

Vegane V1, V2 og V3 er dim for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknyting til søknad om utbygging.

## § 10 – GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

Friområde:
Området merka ”F” er ein korridor mellom leikeplass (”LP2”) og badeplass/friluftsområde (”BP”/”FR”).

I friområdet er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av friområdet.

Badeplass:
Området merka ”BP” er føresett nytta til bading, friluftsliv og rekreasjon. Innan området kan det oppførast mindre bygg som kan vere nyttig for området sin bruk.

## § 11 – LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)

Friluftsformål:

I friluftsområde merka ”FR” er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av friområdet.

Innanfor friluftsområdet ”FR1” kan det etablerast gangsti-/veg tilpassa universell standard til utsiktspunkt, jf. illustrasjonsplan. Gangstien-/vegen skal tilpassast til terrenget på ein god måte, utan at det vert gjort uheldige inngrep i terrenget.

## § 12 – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, nr. 6)

Friluftsområde i sjø:
Friluftsområde, sjø skal nyttast til natur-, ferdsels-, fiske – og friluftsliv. Innan områda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg eller bygg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for området sin bruk.

Området utanfor badeplassen kan nyttast til fritidsaktivitetar, så som bading, leik og bruk av småbåt.

## § 13 – SIKRINGSSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

## § 14 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450):
Som omsynssone, kode H450, er vist krav om opparbeiding av felles leikeplassar ”LP1” og “LP2” og tilhøyrande gangvegar/-stiar.

## § 15 – SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)

Bevaring kulturmiljø (H570)
Omsynssone, H570, omfattar dei automatisk freda kulturminna sine sikringssoner og areal som ikkje er avgrensa ytterlegare. Det er ikkje høve til å setje i gong gravearbeid eller andre tiltak som kan skade, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje. Ev tiltak skal godkjennast av kulturmynde.

## § 16 BANDLEGGINGSSONE (PBL. § 11-8 d, jf. § 12-6)

Bandlegging etter lov om kulturminner, H730_Fornminne:
Innanfor omsynssone bevaring – sjøbotn, er det ikkje tillate med tiltak som kan medføre inngrep i sjøbotnen utan løyve frå Bergens Museum, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Det er ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, endre, dekkje til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Eventuelle dispensasjonar frå føresegnene må godkjennast av rette antikvarisk mynde.

## § 17 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7)

**a.** Felles leikeplassar ”LP1” og ”LP2” og tilhøyrande gangvegar/-stiar skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve tilhøyrande bustadareal er utbygd, jf. FS- og KS-areal.

**b.** Før utbygging vert sett i verk skal kommunen godkjenne tekniske anlegg og vedta utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og kommunen vedkomande sjølve utbygginga av dei tekniske anlegga. Tekniske anlegg omfattar vegar, leidningsnett til vatn-, avløps- og overvassanlegg samt El- og teleforsyning.

Herøy kommune, xx/xx/2012

______________________ ______________________

ordførar rådmann

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 23.01.2014 | 5026/2014/REGULERINGSPLAN/1515 | Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91 | 23.01.2014 |

-

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan endring del av gbnr 46/80 Tovågen bustadfelt - avklaring i forhold til tidligare uttale

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Planfagleg vurdering**
Vi viser til telefonsamtale 23.01.2014, om endring av gjeldande reguleringsplan i Tovågen.

Vi har i dag gjennomgått vår uttale i saka, datert 21.01.2014, i forhold til ein eventuell reduksjon av leikearealet f_LP2. Vi finn likevel å kunne akseptere ei utviding av byggeområdet FS2. Vi legg til grunn kommunens vurdering om at området har relativt god dekning av leikeareal og etter ei eventuell endring vil ligge innanfor krava til leikeareal i kommuneplanen.

Når det gjeld den prosessmessige framgangsmåten, så oppfattar vi det slik at kommunen tidligare har meldt oppstart av planarbeid, at det er gjennomført eit offentleg ettersyn og at saka no vil kunne godkjennast i kommunen.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

| | |
|---|---|
| Johnny Loen<br>plansamordnar | Anders Smith-Øvland<br>overarkitekt |

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Mappe 2013/1379.
Anders Smith-Øvland, Møre og Romsdal fylkeskommune.

Viser til telefonsamtale med deg i dag og brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 21.1.2014.

I samtalen vår kom det tydeleg fram at det har vore misforståelsar i denne saka.

Ber om at de går gjennom saka på nytt og kjem med ein ny uttale / oppklarande brev til saka.

Frist for å kome med uttale torsdag 30.1.2014.

Helsing

**BERIT SANDVIK SKEIDE**

Planleggar

*7008 1300/ 7008 1382*

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

| | |
|---|---|
| Reg.nr 2013/1379 | Saksbeh BSS |
| 22 JAN. 2014 | |
| Ark.kode P L12 | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. 9 |
| Kassasjon | |

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 26.11.2013 | 73356/2013/REGULERINGSPLAN/1515 | Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91 | 21.01.2014 |

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan endring del av gbnr 46/80 Tovågen bustadfelt - fråsegn ved oppstart av detaljregulering

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Oversendinga gir ei enkelt og kortfatta omtale av kva som er søkt endra.

Vår uttale vil vere todelt, først vil vi ta for oss forholdet til barn og unge, deretter kva som kan bli teke som mindre endring etter plan- og bygningslova § 12-14.

**Barn og unge**
Vi har ikkje vore på staden, men har vurdert situasjonen ut i frå framlagt plankart.

I forhold til kartet og den endringa som er føreslått for byggeområdet FS2, vil utviding av byggeområdet medføre ein vesentleg reduksjon av det planlagde leikeareal f_LP2. Bredda vil her bli redusert med om lag ein tredjedel. Vi rår til at ein finn ei betre utforming av denne endringa, slik at forma og omfanget på leikearealet vært tilnærma oppretthaldt. Eventuelt at ein finn erstatning innanfor området.

Vi legg vekt på at ein i forslaget til endring legg opp til ei fortetting av byggeområdet FS2, og at vi derfor ikkje kan tilrå at omfanget på leikeareal vert redusert.

Vi viser til Rikspolitiske retningsliner for barn og unge, T-2/08, Kapittel 3, punkt 2.4.4 (Utdrag): *Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til uterom, fellesareal, friområde eller uteområde til skoler og barnehager, som brukes til eller er egnet for lek, skal det gjennomføres en totalvurdering av leke plassituasjonen og skaffes fullverdig erstatning dersom vurderingen tilsier det.*

Endringa av formålsgrensa mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1 vurderer vi som akseptabel. Vi legg her vekt på at det ikkje vert lagt opp til ei fortetting innanfor FS5, samstundes som at leikearealets form og utstrekning i mindre grad vert endra.

**Planfagleg vurdering**
Søknaden gjeld endring av gjeldande reguleringsplan, med mindre endring som alternativ framgangsmåte dersom det ikkje føreligg innvendingar.

Vi har i vurderingane under barn og unges interesser vurdert endringa mellom byggeområdet FS2 og leikearealet f_LP2 som meir omfattande, enn endringa mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1. Skilnaden går her ut på at endringa i førstnemnte medfører ei vesentlig større endring for leikearealet, samstundes som at byggeområdet i det tilfellet føreslås fortetta.

Vi vurderer endringa mellom byggeområdet FS2 og leikearealet f_LP2 å måte behandlast som ei reguleringsendring, jf § 12-3 detaljregulering, mens justeringa av formålsgrensa mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1, bør kunne bli behandla som ei mindre endring, jf § 12-14, andre ledd.

Vi viser her til lovkommentaren for jf § 12-14, endring og oppheving av plan for nære utgreiing av kva som kan/kan ikkje, bli tolka som mindre endring.

**Konklusjon**
Vi vurderer ut i frå barn og unges interesser foreslått reduksjon av leikearealet f_LP2 som uakseptabel, men finn å kunne akseptere foreslått justeringa av formålsgrense mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1.

Vi legg vekt på at leikearealet f_LP2 vil bli vesentleg redusert, samstundes som at byggeområdet FS2 blir fortetta. Ved ei eventuell justering mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1, legg vi vekt på at leikearealet vert nokon lunde oppretthalde, samstundes som at byggeområde ikkje blir fortetta.

- Vi vurderer endringa mellom byggeområdet FS2 og leikearealet f_LP2 å måte behandlast som ei reguleringsendring etter § 12-3 detaljregulering.

- Ved eit eventuelt offentleg ettersyn vil vi vurdere å fremme motsegn mot ein eventuell reduksjon av leikearealet f_LP2, slik dette er føreslått.

- Vi vurderer justeringa av formålsgrensa mellom byggeområdet FS5 og leikearealet f_LP1, bør kunne bli behandla som ei mindre endring, jf § 12-14, andre ledd.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

| | |
|---|---|
| Johnny Loen<br>plansamordnar | Anders Smith-Øvland<br>overarkitekt |

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

# AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •Rådgivande Ingeniørers Forening RIF

Ørsta 9.12.2013

**Herøy kommune**
**Utviklingsavdelinga**
**6099 Fosnavåg**

## Tillegg til:

## Søknad om reguleringsendring av detaljplan for 201255 Tovågen bustadfelt for – endring av plankart for del av eigedomen gnr. 46 bnr. 80, endring av føresegnene

I høve brev datert 13.11.2013 frå vårt kontor vil vi med dette kome med følgjande tillegg til saka:

På vegne av tiltakshavar vil vi for dei tre tomtene i felt FS5 søkje om å få nytte BYA = 40 % i staden for 30 % som er vist på plankartet datert 13.11.2013.
Dette med bakgrunn i tomtestørrelsane og moglegheitene areala gir for bygging av tomannsbustad. Arkitekt har sett på saka og konkluderer med at BYA = 30 % kan verte noko knapt.

1) Arealføremålet kan framleis vere FS grunna avgrensing til tomannsbustad.

2) Vi har sett opp følgjande arealberekning for tomtene i FS5 utbygde som tomannsbustadar der krav om tilgjengeleg bueining vert oppfylt ved at alle hovudfunksjonane ligg på inngangsplanet:

   1,5 p-plass (à 20 m$^{2)}$ pr bueining medfører for kvar tomt 60 m$^2$ parkering.
   1 sportsbud på à 5 m$^2$ pr bueining medfører ca 10 m$^2$ pr tomt
   Bustad med planløysing som tilgjengeleg bueing på inngangsplanet estimerer vi til 95m$^2$ inkl ytterveggar pr bueing. Samla pr tomt ca 190m$^2$.
   Vidare skal også delar av overdekte balkongar og evt. svalgangar reknast med, ca 40 m$^2$ pr tomt.
   Samla BYA som trengs for å få til bustad med tilgjengelegheit på inngangsplanet estimerer vi då til ca 300m$^2$.

   Utrekna tillatt BYA for dei tre tomtene i FS5 for høvesvis 30- og 40% BYA.

| Ca tomtestr. | | BYA 30% | | BYA 40% |
|---|---|---|---|---|
| 894 m$^2$ | gir: | 268 m$^2$ | og | 358 m$^2$ |
| 913 m$^2$ | gir : | 274 m$^2$ | og | 365 m$^2$ |
| 817 m$^2$ | gir: | 245 m$^2$ | og | 327 m$^2$ |

   For å legge til rette for tomannsbustadar med god kvalitet meiner vi ein bør auke tillatt BYA til 40%, jfr. reknestykke over.

Vi legg ved revidert plankart og reviderte føresegner.

**AG Plan og Arkitektur AS**
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00
Telefax: 70 06 16 01
www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

Med venleg helsing

Kåre Gjengedal
Ansvarleg søkjar

Jorunn Beate Lillebø Lande
Master i Arikitektur

Kopi til:

- BT Utbygging AS v/ Bjarne Tarberg, 6076 Moltustranda

**Vedlegg.**

- Revidert plankart
- Reviderte føresegner

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LSH | Arkivsaknr: | 2014/14 |
| | | Arkiv: | L81 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 30/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

## AVTALE MED STATENS VEGVESEN - VEGARM FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS

**Tilråding frå rådmannen:**

1. Herøy kommune godkjenner utkast til avtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen.
2. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.

Særutskrift:
Anlegg- og driftsavdelinga, her
Statens vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

**Vedlegg:**
Avtaleutkast

**Bakgrunn**
I samband med bygginga av vegarm frå Myklebust til Campus er det utarbeidd eit utkast til avtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt, sjå vedlegg. Denne saka gjeld godkjenning av avtaleutkastet.

**Saksopplysningar:**
Av tidlegare vedtak er det tre som er viktige for avtalen:

| Organ/tidspunkt | Vedtak |
|---|---|
| Vedtak i Herøy kommunestyre 22.03.2012 vedrørande forskotering av delutbygging av innfartsveg, K-sak 50/12 | «Herøy kommunestyre ber Fylkestinget om å godkjenne at:<br>A)<br>• Innfartsveg Fosnavåg kjem inn på Møre og Romsdal Fylke sine prioriteringslister knytt til utbygging av viktige samferdselsanlegg.<br>B)<br>• Det vert inngått grunnkjøpsavtalar og gjennomført grunnkjøp knytt til den nye vegtraseen mellom Myklebustvegen og Idrettsområdet og<br>• Det vert gjennomført bonitering og prosjektering knytt til tekniske planar for vegen,vegfyllinga og<br>• kostnadar knytt til grunnkjøp, bonitering, prosjektering, uttak, flytting og bruk av overskotsmasse frå utbygginga av Badeland til trase for innfartsveg vert å rekne som ei del-forskottering av den komande innfartsvegen til Fosnavåg.» |
| Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet Møre og Romsdalsfylkeskommune 05.09.2012 | 1. Samferdselsutvalet gjev løyve til at Herøy kommune kan nytte overskotmasse frå utbygginga av Badeland til realisering av eit første byggesteg, Myklebust-Badeland, for ny innfartsveg til Fosnavåg.<br>2. Realisering av prosjektet skal skje i samråd med Møre og Romsdal fylke og States vegvesen. Kommunen må syte for plassering av tunnelmassane ved seinare utbygging. Kommunen tek HMS-ansvaret med masseplass frå Badeland.<br>3. Alle kostnader knytt til prosjektet vert å rekne som ein del av kommunen sitt bidrag i tilknyting til den samla realiseringa av ny innfartsveg til Fosnavåg.<br>4. Prioritering av vidare framdrift for FV654 Innfartsveg til Fosnavåg blir å kome tilbake til ved seinare oppdatering av investeringsprogrammet for fylkesvegar. |
| Vedtak i Herøy kommunestyre 25.4.2013 i K-sak 49/13 | Reguleringsplan for ny innfartsveg/FV 654 til Fosnavåg etter alternativ 2. |

Intensjonen i vedtaka nemnt ovanfor er at Herøy kommune skal prosjektere og koste opparbeiding av vegarm frå Myklebust til Campusområdet. Vegen vert ei kommunal drifts- og vedlikehaldsoppgåve til resten av innfartsvegen vert opparbeida og fylket tek over eigedomshøve, drift og vedlikehald for vegstrekninga.

Det er løyvd 10 mill. kr. av RDA-midlar til bygging av vegarma. Ein reknar med at det ikkje vil vere tilstrekkelig og finansiering av prosjektet vert å kome attende til i eiga sak.

Status pr. dags dato er at det er utført grunnundersøkingar og plassert masse frå utbygginga ved Badeland, samt at arkeologisk utgraving er utført.

Før det vert arbeida vidare med prosjektet må det signerast ein avtale mellom kommunen og vegvesenet. Vegvesenet har laga eit utkast til ein slik avtale som, for kommunen sin del, må politisk handsamast før signering. Sjå vedlagt avtaleutkast.

Avtalen regulerer samarbeidet mellom kommunen og vegvesenet, kva prosjektet omfattar og krav til gjennomføring av prosjektet. Avtalen bind kommunen til å nytte ressursar i form av prosjektleiing/oppfølging og midlar til å dekkje prosjektkostandane.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen vurderer avtalen til å vere føremålstenleg og omfatte naudsynte punkt for å ivareta både kommunen og vegvesenet sine interesser. Ein vurdera vilkåra i avtalen til å vere naturlege for anleggsprosjekt.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Tilkomst til Campusområdet vert meir trafikksikkert også for mjuke trafikkantar, det kan bidra til at fleire nyttar anna alternativ enn biltransport.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Vegarma betrar tilkomsten til Campusområdet, også i beredskapssamanheng.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Auka driftsutgifter:
Utbygginga gir om lag 0,3km kommunal veg og det gir om lag 26.500 kroner i auka årlege driftsutgifter (tal frå 2012). Denne utgifta fell bort når resten av innfartsvegen vert realisert og fylket ved Statens vegvesen tek over ansvaret for vegstrekninga.

Fosnavåg, 27.01.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jon Rune Våge |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

# Avtale

**mellom**

## Statens vegvesen Region midt (SVV)

**på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK)**

**og**

## Herøy kommune

**om prosjekt:**

**Bygging av delarm frå Myklebust til Badeland (Campus) på ny innfartsveg til Fosnavåg (framtidig fylkesveg 654) med mellombelse kryssløysingar.**

### 1. Allmenne vilkår

Avtalen omfattar prosjektering, godkjenning av planar, grunnerverv, ansvar som byggherre, finansiering, opparbeiding, overtaking og garanti.

Herøy kommune skal stå for prosjektering og bygging av delarm av framtidig fv. 654 frå Myklebust til Badeland som vist i reguleringsplan, vedtatt 25. april 2013.

Herøy kommune, heretter kalla utbyggar, er representert ved Lene Søvik Huldal (tlf 95131137, e-post: lene.huldal@heroy.kommune.no )

Møre og Romsdal fylkeskommune delegerer inngåing og oppfølging av denne avtalen til Statens vegvesen Region midt.
Statens vegvesen, heretter kalla SVV, er representert ved
Arne Leikanger (telf. 91576599, e-post: arne.leikanger@vegvesen.no)

All informasjon som partane tek imot etter at avtalen er inngått, og som kan tenkast å påverke nokon av punkta i avtalen, skal utan ugrunna opphald leggast fram for den andre parten, ved oppgitt representant.

### 2. Meir om prosjektet

Prosjektet omfattar ny veg med gangveg frå dagens fv. 654 på Myklebust via framtidig rundkjøring ved Myklebustvatnet og vidare til Badeland (Campus).

Ved Myklebust skal vegen no i første byggesteg knytast til eksisterande fv. 654 i eit mellombels T-kryss. Men byggeplanane som skal sendast til SVV for godkjenning må også vise korleis horisontalkurvatur og lengdeprofil/høgder skal vere i den framtidige

krysslØysninga. Mest mogleg av dette fyrste byggesteget av innfartsvegen bør kunne inngå i den permanente vegløysinga ned mot rundkjøringa utan endringar.



I det første byggesteg skal vegen byggast «rett fram» gjennom den regulerte rundkjøringa. Men all utfylling ned mot verneområdet må fullførast no slik at ein slepp å få nye, utvida, inngrep mot Myklebustvatnet når rundkjøringa og resten av veganlegget skal fullførast seinare.

**3. Framdrift**

Herøy ønskjer at fyllingsarbeid i vegtraseen kjem i gang så raskt som mogleg. Målet er at vegen skal vere ferdigbygd til 1. november 2014.

**4. Prosjektering/ byggeplan/ gjennomføring**

Bygging av prosjektet skal utførast i samsvar med tekniske planar (byggeplan). Byggeplanen skal godkjennast av SVV. Innhaldet i byggeplanen skal vere i samsvar med SVV sine handbøker og vegnormalar. SVV skal svare på godkjenning av byggeplanen innan 21 dagar.

At SVV godkjenner byggeplanen, endrar ikkje på utbyggar sitt ansvar for planen, men skal sikre at alle relevante og aktuelle normalar vert følgde.

Før det kan plasserast steinmasse i vegtraseen må det ligge føre byggeplaner som viser grunnforhold og behov for masseutskifting under de områda der steinmassen skal plasserast. Nødvendig masseutskifting må gjennomførast før eller samtidig med steinfyllinga. Det må også vere avklart kva det er behov for av stikkrenner (frå tunnelen) gjennom fyllinga.

Det er ein føresetnad at utbyggar har innhenta og fått naudsynt løyve og godkjenning av tiltaket, inkl. kommunal byggjeløyve. Dette gjeld også avklaringar med kulturvern- og naturvernstyresmakter.

Utbyggar er ansvarlig for konkurranse og val av entreprenør, jf. Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr. 69 og Forsyningsforskriften, FOR-2006-04-07-403, som gjeld frå 1. januar 2007. Det må stillast krav om at aktuelle entreprenørar har det faglige, tekniske og økonomiske grunnlaget som er naudsynt for å oppfylle kontrakten, inkl. erfaring frå liknande prosjekt.

Byggeplan skal innehalde faseplan for trafikkavvikling.

Følgjande tabell syner kva standard som skal leggast til grunn for fv. 654

| Vegklasse | Gateprofil |
|---|---|
| ÅDT 2012 på dagens fv. 654 | 6350 kjt/døgn, 6 % tunge |
| Vegbreidde (mellom kantstein) | 7.00 m |
| Køyrefelt | 3.25 m |
| Skulder | 0.25 m |
| Maks. stigning | 8 % |
| Dim. køyretøy | VT |
| Dim. fart | 50 km/t |
| Max tverrfall | 5 % |

## 5. Byggherre – byggjeleiar – SHA

Utbyggar står som byggherre i samsvar med Byggherreforskrifta.

Før arbeidet kan starte, skal byggherren utarbeide kvalitetsplan, inkl. kontrollplan og SHA-plan (plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø). Det skal utnemnast SHA – koordinator for arbeidet.

Utbyggar sin byggjeleiar skal ha erfaring og kompetanse frå liknande byggjeprosjekt, og vere godkjent for arbeidet. Byggjeleiar skal ha den daglege oppfølginga av prosjektet, inkl. kvalitetsoppfølging, og skal vere ansvarlig for naudsynt rapportering til SVV. Byggjeleiar er også ansvarleg for at SHA-oppfølginga som vert kravd for arbeid på offentleg veg blir følgd, inkl. arbeidsvarsling.

Utbyggar skal avklare alle tilhøve med andre partar og offentlege etatar. All kontakt og avtalar med private, entreprenørar eller offentlege etatar skal gå gjennom utbyggar.

Informasjon til omgivnadane er utbyggar sitt ansvar.

**6. Oppstarts- og byggjemøte**

Før arbeidet startar, skal partane ha eit oppstartsmøte, ev. saman med entreprenør.

Utbyggar kallar deretter inn til byggjemøte etter behov. SVV skal kallast inn til, og ha referat frå, alle byggjemøte. SVV skal varslast spesielt dersom det skal diskuterast endringar i planane.

**7. Grunnerverv**

Utbyggar skal erverve naudsynt grunn og andre rettigheiter for å gjennomføre prosjektet.

Med naudsynt meiner vi i utgangspunktet det areal som etter SVV sin praksis blir definert som veggrunn. Dette arealet er for fylkesveg avgrensa til minimum 1 m utanfor skjeringstopp/ fyllingsfot, men er likevel minimum 6 m utanfor vegkant på køyreveg og 2 m utanfor kant på gang- og sykkelveg.

Når anleggsarbeidet er utført, skal utbyggar søkje om frådeling av aktuelt areal og rekvirere oppmålingsforretning.

Når veganlegget skal overleverast til SVV på vegne av MRFK, er MRFK reell eigar av arealet, sjølv om overføring av formell heimel vil ta noko lenger tid.

Dersom frivillige forhandlingar med grunneigarar/ rettshavarar ikkje fører fram, må Herøy kommune stå for ekspropriasjon og innhente førehandstiltreding av naudsynte areal. Alle kostnader knytt til ei ev. ekspropriasjonssak skal dekkast av utbyggar.

**8. Arbeidsvarsling**

Før arbeidet vert sett i gang, skal SVV godkjenne arbeidsvarslingsplan. Utbyggar er til ei kvar tid ansvarleg for at arbeidsvarslinga er i samsvar med gjeldande varslingsplan, jf. handbok 051.

**9. Kvalitetskontroll**

Dokumentasjon på teknisk kvalitetskontroll skal vere i samsvar med handbok 018, og skal fortløpande sendast til SVV. Kontrollplanen skal omfatte alle arbeid der det er sett kvalitetskrav.

SVV skal kunne gjennomføre stikkontroll, og SVV skal varslast for ev. kontroll ved alle arbeidsoperasjonar der produkt vert tildekt som for eksempel membran, asfalt osb.

SVV har rett til å utføre teknisk kvalitetskontroll til ei kvar tid på anlegget. Slik kontroll skal gjennomførast utan kostnad for utbyggar.
Andre tenester som SVV utfører/leverer på særskilt oppmoding frå utbyggar i byggetida, skal fakturerast vidare til utbyggar utan påslag.

**10. Overlevering**

Det skal haldast overleveringsforretning frå entreprenør til Herøy kommune når alt arbeid er utført i samsvar med denne avtalen. Før overleveringa skal kommunen avklare med SVV om alle kvalitetskrav er oppfylt.
Kommunen skal overlevere den delen av prosjektet som inngår i regulert innfartsveg vederlagsfritt til fylkeskommunen når det blir midlar til å fullføre dette vegprosjektet med nye kryssløysingar og tunnel til Fosnavåg sentrum (og Vågen). Først da vil eigedoms-, drifts- og vedlikehaldsansvaret går over til MRFK, ved SVV.
Inntil dette skjer vil heile vegarma frå Myklebust til Badeland (Campus) vere klassifisert og driftast som kommunal veg.

Oppdaterte byggeteikningar, «som bygd», skal sendast SVV innan 3 mnd. etter at anlegget er avslutta. Teikningar inkluderer digitale kartdata og papir som skal inn i SVV sin VBASE. Dette skal leverast både i papir og elektronisk.

Spesielle tekniske anlegg skal leverast med full teknisk dokumentasjon/ samsvars-erklæring og instruks for D/V (drift/vedlikehald). Koordinatar for kablar/ rør skal gå fram av dokumentasjon.

**11. Garanti/ reklamasjon**

Som sikkerheit for at anlegget vert gjennomført innan fastsett tid og med fastsett kvalitet, skal utbyggar sikre seg med garantiar frå entreprenør i samsvar med krava i NS 8405.

Herøy kommune må koordinere eventuell reklamasjon og garantibefaring mellom partane i garantiperioden.

Bankgaranti for SVV sine veganlegg i garantiperioden, blir etablert med utgangspunkt i kostnaden for vegarbeida. Garantien må overførast frå utbyggar til SVV ved endeleg overlevering av anlegget til SVV dersom overlevering skjer i løpet av garantitida.

**12. Økonomi**

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal gjorde i møte 5. september slikt samrøystes vedtak:

**Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 05.09.2012**
1. Samferdselsutvalet gjev løyve til at Herøy kommune kan nytte overskotmasse frå utbygginga av Badeland til realisering av eit første byggesteg, Myklebust-Badeland, for ny innfartsveg til Fosnavåg.
2. Realisering av prosjektet skal skje i samråd med Møre og Romsdal fylke og States vegvesen. Kommunen må syte for plassering av tunnelmassane ved seinare utbygging. Kommunen tek HMS-ansvaret med masseplass frå Badeland.
3. Alle kostnader knytt til prosjektet vert å rekne som ein del av kommunen sitt bidrag i tilknyting til den samla realiseringa av ny innfartsveg til Fosnavåg.
4. Prioritering av vidare framdrift for FV654 Innfartsveg til Fosnavåg blir å kome tilbake til ved seinare oppdatering av investeringsprogrammet for fylkesvegar."

Utbyggar skal finansiere heile prosjektet inkl. naudsynt planlegging og prosjektering.

Kostnader for SVV som følgje av sidemannskontroll av prosjektering utført i regi av utbyggar og deltaking i møte og overleveringsforretning vert fakturert kommunen.

Dersom det vert naudsynt å flytte kablar, rør og liknande som ligg i eller utanfor eksisterande veg, skal desse flyttast etter avtale mellom utbyggar og SVV.

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal vedtok i møte 17. april 2013 ei slik tilråding:

**Tilråding frå Samferdselsutvalet - 17.04.2013**
Møre og Romsdal fylkeskommune finn å kunne gå inn med økonomisk støtte til arkeologiske utgravingar i samband med deler av ny innfartsveg til Fosnavåg. Endeleg løyving vert teke stilling til, etter at reguleringsplanen er godkjent.

Vidare oppfølging av økonomisk støtte til arkeologiske utgravingar må kommunen følgje opp som eiga sak. Det er ikkje omfatta av denne avtalen.

## 13. Heving av avtalen

SVV har rett til å heve avtalen dersom utbyggar ikkje oppfyller dei pliktene som følgjer av denne avtalen. Avtalen kan også hevast dersom vesentlege føresetnader vert endra før byggestart.

**Avtalen er trykt i to eksemplar, der partane skal ha kvart sitt. Avtalen trer i kraft når begge partar har signert.**

| | |
|---|---|
| Molde, ……………………… | Xxxx, …………………… |
| ---------------------------------------------- | ---------------------------------------------- |
| Knut Nauste | xxxxx |
| Avdelingsdirektør | xxxxx |
| Statens vegvesen | Herøy kommune |
| Vegavd. Møre og Romsdal | |

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2012/5 |
| | | Arkiv: | 143 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 31/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

## KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - HELSE OG OMSORG 2013 - 2020 - SLUTTHANDSAMING

**Tilråding frå rådmannen:**
Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 *kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020,* datert 17.1.2014.

Særutskrift:

| | |
|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset, 6404 MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset, 6404 MOLDE |
| Seksjon for rehabilitering i barn-, familie- og helseavdelinga | her |
| Eldrerådet i Herøy kommune | her |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | her |

Vedlegg
1 Kommunedelplan for Herøy - helse og omsorg 2013 - 2020, 17.1.2014
2 Innspel ved offentleg ettersyn

**Saksopplysningar:**
Arbeid med *Kommunedelplan for helse og omsorg 2013-2020* vart starta opp i kommunestyret 17.11.2011, sak 150/11, med utlegging av planprogram til offentleg ettersyn. Planprogrammet låg til høyring i perioden 25.11.2011 – 20.1.2012 og vart stadfesta av Formannskapet 11.4.2012, sak 130/12. Forslag til kommunedelplan vart handsama i formannskapet 1.10.2013, sak 168/13, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 11.10.2013 – 22.11.2013.

I perioden kommunedelplanen låg ute til offentleg ettersyn kom det inn totalt fem merknadar frå; Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, seksjon for rehabilitering i Herøy kommune, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet.

**Fråsegn frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 21.11.2013:**
*… I høve til arealplanlegging saknar vi i planen at det ikkje er set mål for korleis ein bør drive arealplanlegging i kommunen. Å vere liberal i høve til spreidd busetnad kan ha stor innverknad på folkehelsa, då dette ofte medfører at folk bruker bil til alle gjeremål. Vi meiner difor det bør vere naturleg å sette seg mål for fysisk planlegging også…*

*… Fylkesmannen har merka seg under pkt. 4.6.2 om personleg assistanse mv., at det står at det er opp til kommunen sjølv å avgjere kva tenester den enkelte brukar skal få tilbod om. Dette gir ikkje eit heilt korrekt bilde av rettstilstanden, då det i kommunen si vurdering skal leggast stor vekt på kva brukaren meiner ved utforminga av tenestetilbod etter helse og omsorgstenesteloven …*

*… Plandokumentet kunne avslutningsvis gjerne hatt med ei samla vurdering og oppsummering av korleis planen er tenkt følgd opp. Dette omfattar m.a. koplingar til overordna kommuneplan og til andre tilgrensa kommunedelplanar. Eit eksempel på det siste er kommunens arbeid med ein eigen kommunedelplan for trafikktrygging.*

**Vurdering:**
- *Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013-2020* held seg til innhaldet i helse- og omsorgstenestelova og er bygd på lova sitt ansvarsområde. «Folkehelse» er eit svært vidt tema som rører ved alle sider av den kommunale forvaltninga. Som det står i planen er den utarbeidd primært for dei avdelingane i kommunen som brukar helse- og omsorgstenestelova i sitt daglege virke. Vi har derfor ikkje teke inn enkeltelement som påverkar folkehelsa til innbyggjarane, men det vil vere relevant for avdelingane då arbeid med folkehelse er heimla i bla. kommuneplanen sin samfunnsdel. Innspelet vert også sendt som innspel til kommuneplanen sin arealdel og drøfta vidare der.
- Vi har teke inn i avsnittet at det skal leggast stor vekt på kva brukaren meiner ved utforming av tenestene.
- I kap. 1.1 om oppbygging av planen står det at konkretisering av overordna mål, strategiar og tiltak vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan. Vi har i tillegg valt å ta inn eit avsnitt om «plan til handling» om korleis planen er tenkt

nytta vidare. Kopling mot KDP Trafikktrygging er ikkje veldig relevant for oss på grunn av at denne planen tek utgangspunkt i innhaldet i helse- og omsorgstenestelova og ikkje «folkehelse» generelt.

**Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune datert 20.11.2013:**
*Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.*

**Uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne datert 25.11.2013:**
*RFF viser til RFF-sak 15/13 og vil i tillegg peike på at det er viktig med tverrfagleg arbeid og tidleg førebygging heilt frå førskulealder.*

**Vurdering:**
Tverrfagleg arbeid og tidleg førebygging er ein del av kommunedelplan for helse og omsorg og er omtala i kap. 4.1. Dette er også forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel som omtalar samhandling som eit av våre styringsprinsipp i den kommunale forvaltninga.

**Uttale frå eldrerådet 23.9.2013:**
Brukarråda ynskjer at brukarrepresentantar får vere aktivt med i delplanarbeidet.

**Vurdering:**
Råd og komitear for dei ulike interessegruppene har vore invitert inn til å delta i utarbeiding av helse og omsorgsplanen ved fleire høve. Ein har gjennom dialogmøter forsøkt å involvere dei ulike gruppene til å bidra inn i planarbeidet. Vi vil sikre medverknad frå barnerepresentanten i det vidare arbeidet med ulike temaplanar.

**Uttale frå seksjon for rehabilitering i barn-, familie- og helseavdelinga datert 26.11.2013**:
*Punkt 4.5: Nosituasjonen: I 1 setning etter sjukeheimane må det stå: I tillegg har ergoterapeuten og kommunefysioterapeuten funksjonsvurdering, oppfyljing og eventuell behandling i heimane. Og i siste setning i første avsnitt: Dei private fysioterapeutane tilbyr behandling til alle innbyggjarane i Herøy kommune i institutta og ved behov i heimen.*

*Punkt 4.6.1: Nosituasjonen. Eg vil skrive om heile første avsnittet om det skal beskrive helsetenester i heimen:*
*Herøy kommune har ei godt utbygd heimeteneste. Heimesjukepleia i samarbeid med helsetenesta (legane, psykiatrien, ergoterapien og fysioterapeutane) og spesialisthelsetenesta bidrar til at innbyggarane kan vere heime med sjukdommen sin. Det vert til dels utført avansert behandling i heimen. Det har vore ei jamn stigning i brukargruppa siste åra, og dette gir ei kapasitetsutfordring. Dette er i hovedsak knytt til raskare pasientflyt tilbake frå sjukehus, aukande demens blant eldre og aukande behov for palliative tenester.*

**Vurdering:**
Begge innspela er tekne inn i kommunedelplanen.

**Vurdering og konklusjon:**

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Planen er ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunen. Den førebyggande tankegangen har vore styrande for arbeidet med planen innanfor dei ulike

tenesteområda. Mange av dei foreslegne tiltaka vil kunne få særs positiv konsekvens for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:
Temaplan for krisehandtering – psykososial krisegruppe – reviderast etter planen.

Konsekvensar for drift:
Nokre av tiltaka i planen legg opp til ei ny, utvida eller endra drift. Dette må ein komme tilbake til og konkretisere ved innarbeiding i budsjett og økonomiplan.

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 *kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020,* datert 17.1.2014.

Fosnavåg, 17.01.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

# KOMMUNEDELPLAN FOR

# HERØY –

# HELSE OG OMSORG

# 2013-2020

# Herøy kommune

| | |
|---|---|
| Sist revidert 17.1.2014 | |
| Vedtak om oppstart med planprogram | 17.11.2011, K-sak 150/11 |
| Stadfesting av planprogram | 11.4.2012, F-sak 130/12 |
| Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, | 1.10.2013, F-sak 168/13 |
| Offentleg ettersyn i perioden 11.10.2013 – 22.11.2013 | |
| Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret | 27.2.2014, K-sak xx/xx |
| PlanID | 1515 201269 |

**INNHALD:**

**1. INNLEIING ... 3**
1.1 OPPBYGGING AV KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG ... 3
1.2 FORANKRING ... 3
1.3 GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV I HELSE- OG OMSORGSPLANEN ... 6
1.4 KLARGJERING AV OMGREP ... 6
1.5 BEHOV FOR UTGREIING / PLANARBEID I PLANPERIODEN ... 7
1.5.1 Bustadsosial handlingsplan ... 7
1.5.2 Bygging av nytt omsorgssenter ... 8
1.5.3 Temaplanar ... 8

**2 UTFORDRINGSBILDE ... 9**
2.1 UTFORDRINGSBILDE I EIT NASJONALT PERSPEKTIV ... 9
2.2 UTFORDRINGSBILDE I EIT LOKALT PERSPEKTIV ... 9
2.3 SAMHANDLINGSREFORMA ... 11
2.4 REKRUTTERING AV KVALIFISERT ARBEIDSKRAFT ... 11
2.5 INNOVASJON / IMITASJON ... 12

**3 FORSVARLEGE TENESTER ... 12**
3.1 KVALITETSFORBETRING OG PASIENTTRYGGLEIK ... 13

**4. TENESTENE ... 13**
4.1 HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGJANDE TENESTER ... 13
4.2 SVANGERSKAPS- OG BARSELOMSORG ... 14
4.3 HJELP VED ULYKKER OG ANDRE AKUTTE SITUASJONAR ... 15
4.4 UTREDNING, DIAGNOSTISERING OG BEHANDLING ... 15
4.5 SOSIAL, PSYKOSOSIAL OG MEDISINSK HABILITERING OG REHABILITERING ... 16
4.6 ANDRE HELSE- OG OMSORGSTENESTER ... 16
4.6.1 Helsetenester i heimen ... 16
4.6.2 Personleg assistanse, her under praktisk bistand og opplæring og støttekontakt ... 17
4.6.3 Plass i institusjon, herunder sjukeheim ... 18
4.6.4 Avlastningstiltak ... 19
4.6.5 Bustadar for vanskelegstilte ... 19

**5. PLAN TIL HANDLING ... 19**

# 1. INNLEIING

## *1.1 OPPBYGGING AV KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG*

Denne kommunedelplanen(kdp) startar med å ta føre seg kva dokument som legg føringar for det endelege plandokumentet og korleis arbeidet er forankra i overordna plandokument. Samfunnet er i stor endring og vi har difor lagt stor vekt på forankring og klargjering av omgrep, då det er viktig at alle får ei felles plattform for det vidare planarbeidet. Kommunedelplanen går vidare i å peike på planarbeid som må gjennomførast i perioden 2013-2020. Vi har vidare tatt føre oss kapittel 3 og 4 i helse- og omsorgstenestelova og knytt desse opp mot våre lokale målsettingar. For å nå målsettingane har det gjennom planarbeidet peika seg ut nokre strategiar for arbeidet med helse og omsorg i Herøy kommune som er tatt med i same kapittelet. Under dei ulike tenesteområda er det sett opp overordna mål, strategiar og tiltak. Konkretisering av desse vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

I løpet av planprosessen har ein gjennomført to opne møte, eit ved oppstart av planarbeidet og eit ved offentleg ettersyn. I tillegg har det vore ei dagssamling for inviterte nøkkelpersonar frå organisasjonar, politikarar og tilsette. Innspela frå desse møta er tatt med vidare i planprosessen og vore grunnlag for strategiar og tiltak.

## *1.2 FORANKRING*

Arbeidet med *Kommunedelplan for Herøy - helse og omsorg* er forankra i regelverket for kommuneplan i plan- og bygningslova og nærare i **Helse- og omsorgstenestelova** og **Folkehelselova**. Planarbeidet følgjer prosessreglane i kapittel 11 i plan- og bygningslova om kommuneplanprosessar. Det er utarbeidd planprogram for arbeidet som er sendt på høyring og stadfesta etter høyringsperioden. Forslag til kommuneplan er sendt på høyring i minimum seks veker før den endelege planen er vedteken av kommunestyret. Planen er ikkje juridisk bindande, men er retningsgivande for satsinga innafor helse og omsorg. I samband med **St.meld. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen. Rett behandling - på rett sted- til rett tid** kom desse nye særlovene og det vart samtidig gjort endringar i fleire andre lover som er gjeldande innan helse og omsorg.

I lovene ligg det at det er eit offentleg ansvar å fremje helse, førebyggje sjukdom og å sikre naudsynte helse- og omsorgstenester til heile befolkninga. Alle skal ha eit likeverdig tilbod om helsetenester uavhengig av diagnose, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og den einskilde sin livssituasjon.

**St.meld. nr 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening - framtidas omsorgsutfordringer** skildrar nasjonale utfordringar, strategiar og tiltak dei nærmaste åra fram mot 2015. Meldinga har likevel eit langsiktig perspektiv fram mot 2050.

**St.meld.nr. 16 (2011-2015) Nasjonal helse og omsorgsplan** legg kursen for helse- og omsorgstenester og folkehelsearbeid dei neste fire åra. Målet er flest mogleg gode leveår for alle, og reduserte sosiale helseskilnadar i befolkninga. Endringar i helsetruslar, sjukdomsmønster og utvikling i medisinsk diagnostikk og behandling, krev endringar i helse- og omsorgstenestene i den enkelte kommune. Stortingsmeldinga legg opp til at

kommunen må sjå helse- og omsorgssektoren i samanheng med andre samfunnsområde der kommunen har ansvar og oppgåver. Den kommunale helse- og omsorgstenesta skal utviklast slik at det vert mogleg for brukarane å oppleve god livskvalitet og meistring og slik at den i større grad kan oppfylle ambisjonane om førebygging og tidleg innsats.

**St.meld. nr. 29 (2012-2013) - Morgendagens omsorg** gir med utgangspunkt i eit historisk tilbakeblikk ein gjennomgang av endringar i samfunnet og peikar på konkrete tiltak for utvikling av ei moderne omsorgsteneste. Sentrale stikkord er samfunnet sine omsorgsressursar, ressursorienterte arbeidsmetodar og fagleg tilnærming, bustad og omgjevnadar, velferdsteknologi og innovasjon.

**St.meld. nr. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen - God helse - felles ansvar** gir ein samla strategi for å utvikle folkehelsepolitikk for dagens samfunn og styrke det førebyggande arbeidet i helse- og omsorgssektoren. Den gir tre konkrete mål; Norge skal vere blant dei tre landa i verda som har lengst levealder, befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse, trivsel og reduserte sosiale helseforskjellar og at vi skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga.

**St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen - Rett behandling – på rett sted – til rett tid** peikar på tre hovudutfordringar: Pasientane sitt behov for koordinerte tenester vert ikkje godt nok ivareteke. Tenestene er for fragmenterte . Tenestene er prega av for liten innsats for å avgrense og førebygge sjukdom. Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet gir utfordringar som vil kunne true samfunnet si økonomiske bæreevne. Det vert peika på fem hovudgrep for å løyse utfordringane. Dette er; ei klarare pasientrolle, ei ny framtidig kommunerolle og etablering av økonomisk insentiv. Vidare skal spesialisthelsetenesta utviklast slik at den i større grad kan bruke sin spesialiserte kompetanse og ein skal legge til rette for tydelegare prioriteringar.

**St.meld. nr. 10 (2012-2013) God kvalitet - trygge tjenester. Kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgstjenesten** viser til at alle land som har velutvikla helse- og omsorgstenester har politisk merksemd mot kvalitet og sikker pasientbehandling. Meldinga peiker på ei meir aktiv pasient- og brukarrolle. Den viser til ei målsetting om å etablere strukturar som støtter kvalitetsarbeid og ynskjer at ein skal vere opnare om  kvalitet og pasienttryggleik. Den peiker på behovet for meir systematisk utprøving og innføring av nye behandlingsmetodar og har eit ynskje om betre kvalitet gjennom kunnskap og innovasjon

**St.meld. nr. 30 (2011-2012) Se meg !** Handlar om ein heilskapleg rusmiddelpolitikk, alkohol - narkotika - doping. Om korleis  ein kan redusere tilgjenge og etterspurnad av rusmiddel. Om solidaritet med særleg utsette menneske og auka kunnskap og betre kvalitet

**NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg**: Utvalet peiker på eit stort unytta potensial for å ta i bruk tilgjengelig teknologi og for å utvikle ny. Dette gjeld velferdsteknologi som kan gi brukarane større tryggleik og betre høve til å klare seg sjølv. Og det gjeld telemedisinske løysingar til hjelp i behandling, tilsyn og pleie og teknisk støtte til kommunikasjon, administrasjon og forvaltning.  Ein viktig del av planlegginga av morgondagens samfunn vil handle om gjere bustadar og omgjevnadar gode å bli gamle i. Utvalet foreslår ein «fusjon» der høg bustadstandard og tenestetilbod kan kombinerast på ulike måtar og

stimulere til at det vert utvikla eit mangfald av løysingar. Utvalet konstatera at dei store institusjonane si tid er forbi og vil ha ei omsorgsteneste med bustadar og lokale som er ein integrert del av nærmiljøet i tettstadar og bydelar der dei offentlege fellesareala vert delte med den øvrige befolkninga. Knutepunkt med lokalisering av velferdssenter og ulike butilbod må difor vere ein del av kommunen si heilskaplege planlegging.

**Delrapport for Møre og Romsdal fylke av 24.09.2012 ved KS/FOU Deloitte om kommunenes utfordringer i samhandlingsreformen.** Formålet med den fylkesvise rapporten er å gi kommunane eit overblikk over utfordringsbildet framover, med spesielt fokus på utfordringane knytt til samhandlingsreforma. Rapporten inneheld ei analyse over kvar enkelt kommune innan områda befolkningsutvikling, kommunale pleie- og omsorgstenester og forbruk av spesialisthelsetenester. I samarbeid med KS (Kommunenes sentralforbund) har Deloitte valt ut nokre relevante måleindikatorar i arbeidet med innføringa av samhandlingsreforma.

**Frivilligplan for Herøy 2012 – 2025.** I sentrale plandokument er det lagt stor vekt på mobilisering av frivillig sektor inn mot omsorgssektoren, og ein finn det difor naturleg å knytte lokal frivilligplan opp mot kommunedelplanen for helse og omsorg.

**Samhandlingsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF** gir føringar for samhandlinga kring pasientflyten mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Første versjon av noverande avtale vart inngått av kommunestyret hausten 2011. Det ligg i avtalen at den skal territoriumast årleg.

**Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016** tek opp dei overordna utfordringane og utviklingstrekka i kommunen og peikar på planbehov som skal iverksettast for å imøtekome dette. For helse og omsorg står det mellom anna slik:
*«Innbyggjarane må ta meir ansvar for eige liv og helse og folkehelse må gjevast større merksemd og bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all kommunal forvaltning….. Det må utarbeidast felles plan for helse og omsorg som viser utfordringane sektorane står ovanfor og viser tiltak som kan vere med å utvikle helse- og omsorgssektoren og løyse dei utfordringane ein står ovanfor.»*

**Kommuneplan *2013-2025*, samfunnsdelen** har desse satsingsområde:
- *Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling*
- *Infrastruktur*
- *Kompetanse og næringsutvikling*
- *Rekruttering, busetting og inkludering*
- *Barn, unge og identitetsbygging*

**Kommuneplan *2013-2025*, samfunnsdelen** har desse gjennomgåande perspektiva:
- *Universell utforming*
- *Folkehelse*
- *Barn og unge*
- *Likestilling*
- *Verdiskaping*
- *Miljø og klima*

Kommunedelplanane skal støtte opp under satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel, og vere eit verktøy for å kome fram til praktisk gjennomførbare tiltak for å nå den overordna målsettinga til kommunen om å vere ei attraktiv kommune å bu og

arbeide i.

**Kommunen sin visjon "ei båtlengd føre"** ligg i botnen for planarbeidet. Dette krev ei innovativ grunnhaldning. For oss betyr det at vi ligg i forkant av utvikling på tenesteområdet, men ikkje slik at vi til ei kvar tid alltid skal vere i fremste rekke på alle tenesteområder samstundes. Vi skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant, og kvar det er greit å la andre dra utviklinga. Ei båtlengd føre betyr også at ein er føre var på tiltakssida i staden for å springe etter med brannsløkking.

Kommunedelplan for helse og omsorg skal bida til heilskapleg og målretta utvikling av tenestene. Planen skal bidra til ei systematisk utvikling med jamn framdrift mot måla som er vedtatt i kommuneplanen sin samfunnsdel og budsjett- og økonomiplan.

## *1.3 GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV I HELSE- OG OMSORGSPLANEN*

**Brukarperspektivet:** Kommunen har som målsetting at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren

**Familieperspektivet:** Målet er helse gjennom heile livsløpet for barn og unge i arbeid og i alderdom. Ein legg til grunn at brukaren er ein del av familien/lokalsamfunnet der ein skal bidra med det ein kan sjølv og få naudsynt hjelp til det ein ikkje meistrar sjølv. Tenestebehovet vil variere med alder, helse og opplevd folkehelse. Målet er å vere mest mogleg sjølvhjelpt, samstundes som familien skal kjenne seg trygg for at lokalsamfunnet har gode beredskapsordningar når ein treng det.

**Kompetanseperspektivet**: legg til grunn at kommunen leverer tenester med god kvalitet fordi ein har rett kompetanse på rett plass. Brukarmedverknad og samhandling er rettesnor for ei tverrfagleg personalgruppe. Ein er ei båtlengd føre fordi kommunen arbeider systematisk og målretta med tverrfagleg tilnærming, kompetanseutvikling og rekruttering

## *1.4 KLARGJERING AV OMGREP*

**Helse** er av Verdens helseorganisasjon (WHO 1946) definert som «en tilstand av fullkomment legemlig, mentalt og sosialt velvære og ikke bare fravær av sykdom og lyter». Definisjonen har vore til dels massivt kritisert, men likevel er den framleis retningsgivande. Definisjonen må betraktast som en visjon; ei retning for det helsefremjande arbeidet.

**Folkehelse** er eit omgrep for folk sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i ei befolkning (Folkehelselova § 3a). Ein måte å definere omgrepet på er å seie at folkehelse handler både om biologi (kropp), kultur (ånd, sjel) og politikk (fordeling av godene) (Per Fugelli).

**Omsorg:** Den formelle omsorga i Norge har tradisjonelt vore eldreomsorg, men tenesta er ikkje lenger avgrensa til spesielle aldersgrupper. Historisk sett har ordet «omsorg» klare bindingar til den gamle «lov om helsetjenesten i kommunene». Den innførte «pleie og omsorg» som ei av mange oppgåver for kommunane sine helsetenester. Lova førte til ei reorganisering av primærhelsetenesta. Omsorgsarbeid er aktivitetar som vert utført til beste for menneske som treng hjelp på grunn av sviktande helse eller manglande evner.

Det er ein samanheng mellom det å utføre omsorgsarbeid og det å opptre omsorgsfullt.

**Samhandling:** Er eit omgrep ein nyttar om koordinering og gjennomføring av aktivitetar i ein prosess der ingen enkelt person eller verksemd har totalansvar for prosessen. Denne samhandlinga må difor skje gjennom forhandlingar mellom aktørane. Samhandling er uttrykk for helse- og omsorgstenesta si evne til oppgåvefordeling seg i mellom for å nå eit felles mål det er semje om, og evna til å gjennomføre oppgåvene på ein koordinert måte (St.meld. 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreformen). Ved god samhandling veit den som til ei kvar tid har ansvar for pasienten kva ho/han skal sjå etter og sørgjer så for kompetanseoverføring til neste ledd.

**Habilitering og rehabilitering** er tidsavgrensa, planlagde prosessar med klare mål og virkemiddel der fleire aktørar samarbeider om å gi naudsynt bistand til brukar sin eigen innsats for å oppnå best mogleg funksjons- og mestringsevne, sjølvstende og deltaking sosialt og i samfunnet (forskrift om habilitering og rehabilitering). I definisjonen vektleggjast at habilitering og rehabilitering er ein prosess med brukar/pasient i sentrum. Skilnaden på habilitering og rehabilitering vert knytt til om skaden/tilstanden er medfødt (habilitering) eller ikkje (rehabilitering). Brukarar av habiliteringstenesta vil då vere barn og ungdom med medfødt eller tidlig erverva skade, sjukdom eller funksjonsnedsetting og vaksne der skaden eller sjukdomen, i hovudsak, også medfører kognitiv funksjonsnedsetting

**Kvardagsrehabilitering** skjer i nærmiljøet medan brukaren bur i eigen heim. Ein brukar vanlege kvardagsaktiviteter i opptrening. I kvardagsrehabiliteringa skal ein ha tidleg tverrfagleg og intensiv intervensjon frå ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar.

**Innovasjon** har vorte eit moteord, og vert ofte misbrukt. Det er berre ein som er først ute, alle andre imiterer. Så det er eit vesentleg skilje mellom innovasjon og imitasjon. Men ein imitasjon kan verte ein liten innovasjon for den det gjeld. Innovasjon krev tid, tolmod, vilje til risiko og evne til å halde fast på målet over tid. Den politiske og administrative leiinga må ville det, legge til rette for og spørje etter det. Spørsmålet er om vi kan gjere det vi gjer smartare og betre? Innovasjon handlar om å ta ein risiko, gå nye vegar, kaste seg ut på djupt vatn. Orda "nytt - nyttig - nyttiggjort " vert brukte for å beskrive innhaldet i omgrepet. Det vert brukt både i samband med teknologi, tenester og arbeidsmåtar og metodar. Alle hevder at dei tenkjer heilskapleg, men kven tenkjer saman? Eit viktig spørsmål som må stillast er kven som kan hjelpe oss med å tenkje nytt. Det er i mellomrommet mellom ulike aktørar at innovasjon vert skapt. Det vert hevda at krise er det ultimate utgangspunkt for å starte med innovasjon. Det er ofte også slik at små ressursar skaper kreativitet.

## *1.5 BEHOV FOR UTGREIING / PLANARBEID I PLANPERIODEN*

### 1.5.1 Bustadsosial handlingsplan

Dette er ein delplan på line med helse- og omsorgsplanen. Arbeidet med revidering av denne starta opp i januar 2013. Kartlegging av noverande bustadmasse, brukargruppe og kjende behov skal haldast opp mot statistiske prognosar. Ein vil på fritt grunnlag vurdere bruk av noverande bygningsmasse opp mot framtidige behov for endra tenesteinnhald. Det er viktig med samordning mellom helse- og omsorgsplanen og

bustadsosial handlingsplan.

### 1.5.2 Bygging av nytt omsorgssenter

Dette ligg ikkje under mandatet til den bustadsosiale planen og rådmannen vil lage eit eige mandat for utgreiing av dette. Det nye omsorgssenteret må sjåast i samanheng med kommunen sitt samla tenestetilbod innanfor helse og omsorg der fleirbruk for institusjons- og heimebuande vert eit nøkkelord.

### 1.5.3 Temaplanar

Helse- og omsorgsplanen er retningsgivande for utviklinga av tenestene. For nokre av tenesteområda er det behov for eit større detaljnivå og ein vil der ha eigne temaplanar.

Eksisterande temaplanar:

- Felles kompetanse- og rekrutteringsplan for helseforetak og kommuner på Sunnmøre. Samarbeidsprosjekt i regi av PWC (PricewaterhouseCoopers) i 2011
- Førebyggande arbeid barn og unge
- Krise/beredskapsplan er felles for kommunen.
    - Plan for psykososial krisegruppe - evaluering i 2013
- Psykiatri - behov for revidering
- Rehabilitering - ikkje i bruk. Behov for ny plan
- Rus - er under revidering
- Smittevern
    - Pandemiplan

Behov for nye planar:

- Demens
- Habilitering
- Rehabilitering - med fokus på kvardagsrehabilitering
- Rekrutterings- og kompetanseplan
- Infeksjonskontrollprogram

# 2 UTFORDRINGSBILDE

## 2.1 UTFORDRINGSBILDE I EIT NASJONALT PERSPEKTIV

Sitat frå St.meld. 29 - 2012-2013 om «Morgendagens omsorgstjeneste»:

*" Helse- og omsorgstjenestene står overfor store oppgåver framover. Befolkningens aldersammensterning endres og kompleksiteten i oppgaveløsningen vil øke. Fremfor å heve terskelen for å få hjelp må det i større grad utvikles tjenester som støtter opp under forebygging, tidlig innsats og rehabilitering. For å løse oppgaver på tvers av og utenfor kommuneorganisasjonen må det det sees med nye øyne på hva en tjeneste skal være, og hvem som skal være med å skape den.*

*Morgendagens omsorgstjeneste skal legge til rette for at brukerne i større grad blir en ressurs i eget liv, for at lokalsamfunnets innbyggere mobiliseres på nye måter og blir ressurser for hverandre, for at velferdsteknologi blir en ressurs for brukere som dermed får bedre muligheter til å mestre hverdagen, og for at ressursene hos ideelle og frivillige organisasjoner videreutvikles og tas i bruk på nye måter."*

Sitat frå St.meld. 34 - 2012-13 om «Framleggelsen av Folkehelsemeldingen»:

*"Vi trenger en mobilisering for folkehelse for å bekjempe helseforskjeller og gi barn like muligheter. Regjeringen styrker helsestasjons- og skolehelsetjenesten, setter i gang kampanje for fysisk aktivitet og sørger for bedre merking av mat. Vi må forebygge sykdom og fremme helse i alle sektorer i samfunnet. Det er hver enkelts ansvar. "*

*"Hovedbildet er at den norske befolkningen har god helse. Levealderen har økt betydelig de siste hundre årene og den øker fortsatt. I 2011 var forventet levealder 79 år for menn og 83,4 år for kvinner. I dag er det kreft, hjerte- og karsykdommer, lungesykdommer, psykiske plager og lidelser, muskel- og skjelettsykdommer og andre smertetilstander som har størst betydning for befolkningens helse. Kreft og hjerte- og karsykdommer er de mest vanlige dødsårsakene når hele befolkningen ses under ett. Selv om alle grupper i befolkningen har fått bedre helse, er sosiale helseforskjeller fremdeles en utfordring. Det er hjerte- og karsykdommer som skaper de største sosiale forskjellene i tidlig død. Framskrivninger fra Statistisk sentralbyrå tyder på at levealderen vil fortsette å øke til tross for at nye utfordringer med overvekt og fedme sannsynligvis vil bidra til å bremse den positive utviklingen"*

## 2.2 UTFORDRINGSBILDE I EIT LOKALT PERSPEKTIV

**Folkehelsebarometer / folkehelseprofil for Herøy i 2013:**

Under landssnittet:

- Befolkningsutviklinga held seg på same nivå for unge menn og viser nedgang for kvinner i 30 - 40 årsalderen.
- Utdanningsnivået

Over landssnittet:

- Andel befolkning over 80 år

- Forventa levealder for kvinner
- Røyking og hjarte- og karsjukdom.
- Høgare forekomst av e-coli i drikkevatn
- Overvekt menn
- Røyking kvinner
- Høgt blodtrykk og høgt kolesterol
- KOLS (kronisk obstruktiv lungesjukdom)/ astma
- Muskel og skjelettplager
- Lågaste mestringsnivå for lesing i 5 klasse
- Personskader behandla i sjukehus

**Eldrebølge og yngrebølge:**
Den såkalla eldrebølga ligg ti år fram i tid. Bølge er ein dårleg metafor for ei bølge trekker seg raskt tilbake, men den demografiske utviklinga går over fleire tiår. Bølgemetaforen gir inntrykk av ein tsunami og ein sit att med ei negativ kjensle. Kunsten er å sjå kva ei eldre, ressurssterk lokalbefolkning kan representere og gjere mogleg. Vri tanken frå negativ bølgekraft til positiv seniorkraft, og fokusere på kva ein då gjer.

Medan dei andre kommunane i Sjustjernesamarbeidet ser ut til å få ein relativt liten vekst får Vanylven og Herøy ein sterk auke i aldersgruppa 80 +. For Herøy aukar eldre over 80 år med mellom 20-40 kvart år til ein i 2040 har ei dobling i høve 2013-tal. Kommunen har 10 år på å førebu ei kapasitetsauke på personal og bygningar. Dette vert ei sentral utfordring i budsjett- og økonomiplanar.

Dobling i antal eldre over 80 år frå ca 2020 – 2040
(SSB framskreven folkemengde etter middels nasjonal vekst MMMM pr 2012)




Yngrebølge er eit tilsvarande omgrep som forskarar har innført om den store veksten som har vore i dei norske pleie- og omsorgstenestene siste ti åra. Veksten så langt har altså ikkje utgangspunkt i den eldre, men den yngre befolkninga.

**Arbeidsinnvandring:**
Herøysamfunnet har siste åra hatt ein positiv folkevekst, mest grunna arbeidsinnvandring. Integrering og bulyst er sentrale omgrep i denne samanhengen. For

tenestene som skal ytast til desse gruppene gjennom heile livet er det særlege utfordringar i forhold til kultur og språk. Der er nye smittevernutfordringar og utfordringar i samband med haldningar til tenestene og innhaldet i dei.

## 2.3 SAMHANDLINGSREFORMA

HVPU (helsevern for psykisk utviklingshemma)-reforma, overføring av ansvar for psykiatritenester og no sist samhandlingsreforma har alle gitt kommunane nye helse- og omsorgsoppgåver. Samhandlingsreforma starta offisielt 1. januar 2012 med to nye lover og ei rekkje økonomiske og faglege verkemiddel. Målet med samhandlingsreforma er å førebygge meir, behandle tidlegare og samhandle betre. Pasientar og brukarar skal få tidleg og god hjelp når dei treng det nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid på rett stad, gjennom eit heilskapleg og koordinert helse- og omsorgstenestetilbod. Kommunen sine tenester skal spenne frå førebygging til øyeblikkelig hjelp. Trenden er raskare pasientforløp der liggetida på sjukehus vert stadig kortare. Dette får konsekvensar for kommunane sitt tenesteapparat og vi går inn i ei tid med store endringar som vil kreve både evne, tid og vilje til omstilling og innovativ tilnærming.

## 2.4 REKRUTTERING AV KVALIFISERT ARBEIDSKRAFT

Det er ein generell trend at Norge har aukande utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft innanfor fleire ulike fagområde. Innanfor helse- og omsorgsområdet har ein i Herøy stort sett hatt ei stabil personalgruppe med god kompetanse, både på leiar- og fagnivå. Den framtidige helse- og omsorgstenesta vert annleis enn den vi har i dag. Den demografiske utviklinga med mange eldre og færre yrkesaktive vil føre til både kapasitets- og kompetanseutfordringar. Nokre tradisjonelle yrkesroller som lege og sjukepleiar vil få anna innhald på grunn av ny teknologi og forskyving av ansvarsforhold. Dette vil igjen føre til behov for andre yrkesgrupper enn det vi ser no i omsorgssektoren.

For pleie- og omsorgsavdelinga står ein framfor eit generasjonsskifte når det gjeld hjelpepleiegruppa. Utdanningsinstitusjonane produserer ikkje nok helsefagarbeidarar, så her må ein finne nye arbeidsmåtar og bruke ny kompetanse i tenestene.

Alderssamansetning i pleie- og omsorgsavdelinga pr august 2013.




I pleie- og omsorgsavdelinga er fast stillingsprosent i snitt 50 % stilling og deltidsproblematikken er ei konkret rekrutteringsutfordring. Legetenesta har vore stabil i kommunen i mange år, men dei siste åra har ein hatt ein del utskiftingar og vikarar. Det

har òg vore eit auka behov for fleire legar på grunn av veksande innbyggjartal og auka offentlege oppgåver i kommunen. Det vil også dei neste åra verte ein del naturleg avgang og med det behov for nye og stabile legar. Det er ei utfordring å rekruttere legar som vert verande over tid.

På grunn av dei store endringane i framtidig rekrutteringsbehov vil kommunen lage ein eigen kompetanse- og rekrutteringsplan som ein temaplan under helse- og omsorgsplanen.

### *2.5 INNOVASJON / IMITASJON*

For å kunne løyse framtida sine omsorgsutfordringar må kommunane finne nye løysingar både i organisering av tenestene og i bruken av ny teknologi. Velferdsteknologi er ikkje eit mål i seg sjølv, men kan vere eit virkemiddel i arbeidet med å gi gode pleie- og omsorgstenester. Velferdsteknologi er eit satsingsområde for Herøy kommune, og ein er med i interkommunalt prosjekt for utprøving av GPS (global positioning system) og spelteknologi.

I regi av Sjustjernesamarbeidet er innføring av helsenett godt i rute. Elektronisk journal er i bruk ved legesenteret og det vert sendt elektroniske meldingar mellom legesentra og helseføretaket. I samband med påbygginga ved Herøy Helsesenter vil det verte investert i moderne teknisk utstyr til bruk i behandlinga av pasientane, video-konferansar og undervisning knytt opp mot sjukehusa.

Det analoge nettet er på vei ut, og Herøy har tatt i bruk moderne tryggleiksalarmar i januar 2013. I desse ligg der ny funksjonalitet som må byggast ut etter kvart. Pleie- og omsorgsavdelinga skal ta i bruk eit nytt system for mobil pleie i 2014 ved bruk av såkalte PDA (personleg digital assistent).

## 3 FORSVARLEGE TENESTER

Ifølge helse- og omsorgstenestelova skal tenestene vere forsvarlege, fremje pasienttryggleik og vere av tilfredsstillande kvalitet. I dette ligg det ei vurdering av om pasientane får tenester av tilfredstillande kvalitet, om tenestene vert gitt i tide, i tilstrekkeleg omfang, om det er verdige tenester, om fagkompetansen er tilfredsstillande og om tenestene er heilskaplege og koordinerte.

Kravet om forsvarlege tenester er ei rettesnor for alle tenestene som vert ytt. Det ligg i dette at det skal ytast naudsynte tenester om ikkje heilt optimale tenester. Det kan såleis i mange tilfelle vere ei utfordring å yte “dei rette tenestene” av rett omfang - der både kommunen som tenesteytar og pasienten/brukaren som mottakar av tenesta er samde om at det er gitt rette tenester av rett omfang og kvalitet.

Det er viktig i planperioden å få ein størst mogleg konsensus på kva som vil vere forsvarlege tenester innan dei einskilde fagområda. Kommunen har politisk vedtekne tenesteerklæringar på områda institusjonsteneste, heimesjukepleie og praktisk bistand. Desse gir retningsliner for standard, men den enkelte sitt vedtak vert fatta på grunnlag av ei fagleg individuell skjønnsvurdering.

### *3.1 KVALITETSFORBETRING OG PASIENTTRYGGLEIK*

Kommunen har plikt til å drive kontinuerleg med forbetring av kvalitet og pasienttryggleik. Dette er ein del av kommunen sin internkontroll. Hovudhensikta er å verne pasientane mot å bli påført skade, eller bli utsett for risiko når dei får /søkjer om helse- og omsorgstenester.

## 4. TENESTENE

Vi tek utgangspunkt i helse- og omsorgstenestelova kapittel tre og fire med tenestefokus og ikkje organisasjons- eller avdelingsfokus.

### *4.1 HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGJANDE TENESTER*

**Nosituasjon**

Kommunen har ein plan for førebyggande arbeid for barn og unge. Den dannar eit tverrsektorielt grunnlag for førebyggande arbeid, og er eit samarbeid mellom helse, tannhelse, barnehage, skule, barnevern, PPT(pedagogisk-psykologisk teneste) og kultur.

Helsestasjon er eit lavterskeltilbod til alle foreldre og born. Ein har tverrfaglege team frå helse, PPT og barnevern som styrker det førebyggande arbeidet i skular og barnehagar.

I tråd med samhandlingsreforma har krava til å arbeide meir førebyggande auka og kommunane har dei siste åra fått fleire nye oppgåver.

Når det gjeld førebyggande tenester for eldre så har dag- og avlastningstilbod, samt kartleggingsopphald på institusjon eit førebyggingsaspekt i seg. Demens- og psykiatriteamet er eit tilbod som gir støtte til pårørande og bidrar til auka livskvalitet for brukaren. Det bidrar til at ein kan vere heime lengst mogleg. Praktisk bistand, saman med ein del andre heimetenester, bidreg til at ein kan leve og bu sjølvstendig. Pårørandeskule for pårørande til personar med demens er eit godt tiltak for å førebygge problem og bidra til at ein kan vere lenger heime med demens.

**Mål**

- Herøyværingen opplever å ha god folkehelse
    - Vi skal innan 2018 ligge på, eller under landssnittet, i det årlege folkehelsebarometeret for temaa helse/sjukdom, levevanar og miljø
    - Kommunen er langt framme på bruk av teknologi og førebyggjer behov for helsetenester og bidrar til eit aktivt og sjølvstendig liv

**Strategi**

- Førebyggje for å unngå behandling
- Bygge kunnskap om folkehelse
- Løysingsfokus gir ein positiv folkehelsespiral

**Tiltak**

- Tidleg intervensjon av barn som lever i miljø med vanskelig omsorgssituasjon, som til dømes psykiske problem og rus
- Auka fokus på kosthald og aktivitet
- Foreldrekurs for alle foreldre - også tilrettelagt for innvandrarar
- Styrke skulehelsetenesta
- Auke ressursane til førebyggande helsearbeid.
- Auke det førebyggande tilbodet for eldre gjennom oppretting av tverrfaglege team som skal kartlegge behov for teneste og sette inn tiltak i form av kvardagsrehabilitering
- Ta i bruk GPS, spelteknologi, utvide tryggleiksalarm, og utvide bruken av døralarm - også i heimen.
- Aktiv informasjon på relevante språk
- Styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar
  - ved årlege samarbeidsmøter
  - betre koordinering av ulike tiltak
- Utvide tilbodet om pårørandeskule til fleire grupper

## *4.2 SVANGERSKAPS- OG BARSELOMSORG*

**Nosituasjon**

Svangerskaps og barselomsorga vert ivaretatt av jordmortenesta, helsestasjonen og fastlegane. "Helhetlig plan for svangerskap, fødsel og barsel i Midt-Norge" er vedtatt av HMN RHF (Helse Midt-Norge, Regionalt helseforetak) i november 2010, og er rettleiande for korleis desse tenestene skal vere i Helse Midt Norge. Som eit ledd i samhandlingsstrukturen/avtalen mellom kommunar og Helseføretak er det oppretta eit klinisk samhandlingsutval. Dette organet arbeider med utvikling av prosedyre og implementering av planen hos aktørane.

Kommunen har jordmor i 50 % stilling. Jordmor samarbeider med fastlegane om omsorga for dei gravide kvinnene. I samarbeid med helsesøstrene tilbyr jordmor foreldreførebuande kurs og heimebesøk til familiar med nyfødde born.

**Mål**

- Sikre at svangerskap og fødsel skjer på ein naturleg måte, slik at mor si somatiske og psykiske helse vert best mogleg ivareteke.
- Fosteret blir fødd levedyktig og utan sjukdom eller skade som kunne vore forhindra, oppdaga og behandla.

**Strategi**

- Rekruttere og behalde god fagkompetanse
- Integrere foreldre og barn i lokale tilbod i barseltida

**Tiltak**

- Delta i interkommunale fagnettverk
- Informasjon om tiboda tilgjengeleg på dei språk som er mest brukte i kommunen
- Tilby foreldrekurs for alle foreldre - også tilrettelagt for innvandrarar

## *4.3 HJELP VED ULYKKER OG ANDRE AKUTTE SITUASJONAR*

**Nosituasjon**

På dagtid er legevaktsansvaret i kommunen delt ved at ein lege frå ytre og ein frå indre har ansvar for kvart sitt område. Kommunen deltek i ei interkommunal legevakt saman med nabokommunen Sande frå kl 15.00 til kl 22.00 alle dagar. Frå kl. 22.00 til kl. 08.00 deltek kommunen i Nattlegevakta i Volda. Legane på vakt samarbeider med Helse Møre og Romsdal om beredskapen. AMK (akuttmedisinsk kommunikasjonssentral) ved Ålesund Sjukehus tek imot meldingar om behov for øyeblikkelig hjelp på tlf. nr. 113. Ved større ulukker/hendingar har ein ein eigen beredskapsplan.

Herøy kommune har ei psykososial krisegruppe som kan aktiverast ved større ulukker der det er behov for hjelp og støtte. Gruppa er ei kjernegruppe samansett av soknepresten, kommuneoverlegen og psykiatrisk sjukepleiar. Det er ein eigen "Plan for psykososial krisegruppe".

**Mål**

- Når det er påtrengande naudsynt får brukar straks helse- og omsorgstenester
- Innbyggjarane får eit tilbod av høg fagleg kvalitet der den enkelte vert møtt med respekt og omtanke

**Strategi**

- Årleg vurdering av den kommunale helse- og omsorgsberedskapen
- Enda betre samarbeid med spesialisthelsetenesta ved akutte situasjonar

**Tiltak**

- Utvikle det nyetablerte øyeblikkelig hjelp døgntilbodet
- Evaluering av plan for krisehandtering
- Årleg samarbeidmøte med AMK

## *4.4 UTREDNING, DIAGNOSTISERING OG BEHANDLING*

**Nosituasjon**

Kommunen har to legekontor som tilbyr utredning, diagnostisering og behandling av pasientar på dagtid. Herøy legesenter har sju fastlegar og ein turnuslege. Myrvåg legesenter har tre fastlegeheimlar. Ved legevakta tilbyr ein legeteneste som hastar og ikkje kan vente til neste dag. Saman med psykiatritenesta i kommunen kan kommunepsykologen tilby diagnostisering og behandling for psykiske lidningar. Utviklinga i samfunnet er at folk i størst mogleg grad skal få hjelp der dei bur. I dette er heimesjukepleien ein viktig behandlar.

**Mål**

- Innbyggjarane i Herøy får dei helseteneste dei til ei kvar tid har krav på

**Strategi**

- Tidleg diagnostisering og behandling ved behov
- Rett behandling til rett pasient

**Tiltak**

- Tilpasse organisasjonen til endringane som følgje av samhandlingsreforma
- Deltaking i den nasjonale pasienttryggleikskampanjen

- Etablere samarbeid med klinikk for barn og unge i Helse Møre og Romsdal HF
- Oppretting av stilling for kreftkoordinator
- Utvikle den palliative omsorga gjennom felles opplæring for legar og sjukepleiarar
- Vidareføre tiltak i geriatrikompetanseprosjektet
- Interkommunal tverrfagleg kursdag i medikamentbruk i 2014

## *4.5 SOSIAL, PSYKOSOSIAL OG MEDISINSK HABILITERING OG REHABILITERING*

**Nosituasjon**

Kommunen har eigen fysioterapeut og ergoterapeut til behandling av barn og pasientar ved sjukeheimane. I tillegg har ergoterapeuten og kommunefysioterapeuten funksjonsvurdering, oppfølging og eventuell behandling i heimane. Det er sju fysioterapeutar med driftsavtale i Herøy kommune. Fysioterapeutane er fordelt på to institutt; Herøy fysikalske institutt og Myrvåg fysioterapi. Dei private fysioterapeutane tilbyr behandling til alle innbyggjarane i Herøy kommune i institutta og ved behov i heimen.

Gjennom korttidsopphald bidrar omsorgssentra til aktiv trening og rehabilitering. Etter innføringa av samhandlingsreforma har delen av korttidsopphald auka vesentleg.
Det er behov for å utarbeide ein ny rehabiliteringsplan som tek omsyn til endra samansetting av befolkninga og set fokus på å hjelpe alle til meistring i eige liv med dei helseutfordringane ein har.

**Mål**

- Brukaren skal kunne leve eit sjølvstendig liv

**Strategi**

- Felles haldning: "sjølvhjelpt er velhjelpt"
- Fokus på tidleg intervensjon for rask tilbakeføring i eige liv, med hjelp til sjølvhjelp framfor behandling

**Tiltak**

- Ny rehabiliteringsplan med fokus på kvardagsrehabilitering
- Ny habiliteringsplan
- Etablering av tverrfagleg rehabiliteringsteam
- Interkommunal tverrfagleg kursdag om rehabilitering i 2014

## *4.6 ANDRE HELSE- OG OMSORGSTENESTER*

### 4.6.1 Helsetenester i heimen

**Nosituasjon**

Herøy kommune har ei godt utbygd heimeteneste. Heimesjukepleia i samarbeid med helsetenesta (legane, psykiatrien, ergoterapien og fysioterapeutane) og spesialisthelstenesta bidreg til at innbyggjarane kan vere heime med sjukdomen sin. Det vert til dels utført avansert behandling i heimen. Det har vore ei jamn stigning i brukargruppa siste åra og dette gir no ei kapasitetsutfordring. Dette er i hovudsak knytt til raskare pasientflyt tilbake frå sjukehus, aukande demens blant eldre og aukande behov for palliative tenester.

Kommunestyret har vedtatt ei tenesteerklæring for heimesjukepleie. Denne gir ei rettesnor for standard på teneste, men den einskilde sine individuelle behov skal vurderast etter eige skjønn.

Eigne miljøarbeidarar arbeider med rus i heimane. Kommunen har to psykiatriske sjukepleiarar som delvis utfører sine tenester i heimen.

Kommunen har mange pårørande som stiller opp for sine, og mange som bidrar i frivillig arbeid for å gjere kvardagen betre for andre.

**Mål**

- Brukar har tryggleik for at han får naudsynte og individuelt tilpassa tenester.
- Kommunen skal bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig

**Strategi**

- Ha fokus på eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som tek vare på kontinuiteten i tenesta
- Bygge kunnskap om folkehelse og verdien av eigenomsorg
- Bruk av ny teknologi skal gi nye arbeidsmåtar og auka sjølvråderett

**Tiltak**

- Ta i bruk PDA i løpet av 2014
- Ta i bruk funksjonar i tryggleiksalarmen som fall- og døralarm
- Tilby ordning med GPS for heimebuande demente
- Opplæring i lovverk knytt til naudsynte og individuelt tilpassa tenester
- Gjennomgang av organisering og arbeidsmåtar sett i høve til brukarar og tilgjengelige ressursar i heimesjukepleie i løpet av 2014

### 4.6.2 Personleg assistanse, her under praktisk bistand og opplæring og støttekontakt

**Nosituasjon**

Kommunestyret har vedtatt ei tenesteerklæring for praktisk bistand/heimehjelp. Denne gir ei rettesnor for standard på teneste, men skal skjønnsmessig vurderast opp mot den einskilde sine individuelle behov.

Brukerstyrt personlig assistanse er ein måte å organisere opplæring og praktisk bistand på. Det skal leggast stor vekt på kva brukaren meiner ved utforming av tenestetilbodet, men kommunen avgjer sjølv kva tenester den enkelte brukar får tilbod om. Tenestemottakar er arbeidsleiar for eigne faste assistentar og avgjer innafor det tildelte timetalet kva oppgåver assistentane skal utføre og når det skal skje.

Støttekontakt er ei teneste som vert utført av oppdragstakarar, ofte frå brukar sitt nærmiljø

Det er ei utfordring å rekruttere personale til denne type tenester. Dette er i hovudsak personar som ikkje er fast tilsette, men tek meir eller mindre enkeltoppdrag for kommunen. Opplæring og samhandling vert dermed utfordrande.

**Mål**

- Kommunen skal bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig

**Strategi**

- Snu trenden slik at tenestene kan settast inn i forkant for å gjere folk meir sjølvhjelpte

**Tiltak**

- Årlege møte med støttekontaktar
- Sette kvardagsrehabilitering på dagsorden.
- Sikre rekrutteringsgrunnlag på personalsida, jf. kompetanse og rekrutteringsplan

### 4.6.3 Plass i institusjon, herunder sjukeheim

**Nosituasjon**

Kommunen har to omsorgssenter. Omsorgssentra har til saman 101 sjukeheimsplassar. Fleire av desse må fornyast, og i tillegg vil det på kort sikt vere behov for ei auke i antal plassar. Ein har dagtilbod på sjukeheimane og i eige dagsenter for personar med demens. Sjukeheimane har eiga kjøkkenteneste med tilbod om matombringing til heimebuande. Kommunen har eige avlastningshusvære for funksjonshemma barn. Kommunen har 2 døgnplassar for øyeblikkelig hjelp lagt til Myrvåg omsorgssenter.

Kommunen har eit effektivt og fleksibelt system for tildeling av institusjonsplassar og har siste åra ikkje hatt utskrivningsklare pasientar i sjukehus.

Det har over år vore stabil personaldekning på avdelingane. Legedekninga har siste åra derimot ikkje vore tilsvarande stabil og det har vore utfordrande for enkelte avdelingar.

**Mål**

- Gi tilbod om korttidsopphald med kartlegging, behandling og/eller rehabilitering i institusjon
- Gi tilbod om langtidsopphald til dei som treng omfattande behandling, pleie og omsorg
- Bidra til at den enkelte får høve til å leve sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre, og sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren

**Strategi**

- Tverrfaglege prosessar for utvikling av det framtidige omsorgstilbodet med fokus på politisk forankring, brukarmedverknad og tverrfagleg samhandling
- Meir fokus på fleirbruk av lokale
- Aktiv bruk av ny teknologi innafor fagfeltet
- Samhandling med pårørande, frivillige lag og organisasjonar og andre faggrupper

**Tiltak**

- Vurdere funksjonsendring i sjukeheimsavdelingane
- Oppretting av stilling for musikkterapeut
- Bygge ut sjukeheimsplassar med fellesrom for behandling og sosiale møteplassar, også for lokalbefolkninga

- Opplæring i lovverk knytt til naudsynte og individuelt tilpassa tenester
- Vurdere interkommunal løysing for avlastning for born

### 4.6.4 Avlastningstiltak

Kommunen har avlastningstiltak med tilbod om opphald på institusjon, enten i avlastningshusvære for funksjonshemma born eller på sjukeheim. Avlastning vert også gitt i private heimar. Dei andre deltenestene vil også kunne fungere som avlastningstiltak for pårørande.

### 4.6.5 Bustadar for vanskelegstilte

Vi viser her til den bustadsosiale handlingsplanen som er ein kommunedelplan på line med helse- og omsorgsplanen. Omsorgsbustadar til eldre er ikkje heimla under helse- og tenestelova § 3-7, men kommunen ser heilskapleg på behovet for bustadar med særleg tilpassing og hjelpe- og vernetiltak. Dette vert difor planlagt i ein heilskap gjennom bustadsosial handlingsplan, sjølv om ein samstundes må vurdere samanhengen og forholdstalet mellom omsorgsbustadar og institusjonsplassar.

## 5. PLAN TIL HANDLING

*Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013-2020* er ein delplan til kommuneplanen sin samfunnsdel. Den tek opp tema i samfunnsdelen og er retningsgivande for arbeidet som vert gjort i helse- og omsorgssektoren i Herøy. Brukarane av planen er i stor grad dei som brukar helse- og omsorgstenestelova i sitt daglege arbeid og administrativ leiing. Det skal vurderast om det er behov for revidering av innhald i kommunedelplanen årleg. Dette for å fange opp endringar i samband med samhandlingsreforma.

Strategi og tiltak i kommunedelplanen må få si prioritering og innpass i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Intensjonen bak denne prosessen er at mål og tiltak som vert gjennomført årleg i dei ulike avdelingane i kommunen er ein del av ein «raud tråd» som er med på å styre oss i retning av dei målsettingane som står i kommunedelplanen og kommuneplanen sin samfunnsdel.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Saksbehandlar, innvalstelefon
Seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71 25 84 68

Vår dato
21.11.2013
Dykkar dato
08.10.2013

Vår ref.
2011/8321/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/5 Saksbeh. OMR
26 NOV. 2013
Ark.kode P 143
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 11
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Kommunedelplan for helse og omsorg**
**Fråsegn til offentleg ettersyn.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Planutkastet er innhaldsmessig strukturert og presentert på ein ryddig og oversiktleg måte inndelt i fire hovudkapittel med søkelys på behov for utgreiingar/planarbeid i planperioden, utfordringar, forsvarlege tenester, og tenestetilbodet. Planen er berre retningsgjevande for satsinga innafor helse og omsorg.

**Helse, barn og unge**
Vi oppfattar planen å vere knytt til tradisjonelle tema innan helse- og omsorg, noko som sikkert er riktig for slike planar, men vi saknar ei direkte kopling mot den lokale fysiske arealplanlegginga i kommunen.

Folkehelseinstituttet har nyleg påvist at barn i små kommunar har mykje større risiko for overvekt enn barn i store kommunar. Kor mykje utgjer spreidd utbyggingsmønster i dette? I høve til arealplanlegging saknar vi i planen at det ikkje er set mål for korleis ein bør drive arealplanlegging i kommunen. Å vere liberal i høve til spreidd busetnad kan ha stor innverknad på folkehelsa, då dette ofte medfører at folk bruker bil til alle gjeremål. Vi meiner difor det bør vere naturleg å sette seg mål for fysisk planlegging også. Dette kan vere i størst mogleg grad å konsentrere bustadar med korte avstandar til butikk, barnehage, skule, fritidsaktivitetar og ikkje minst å bygge gang- og sykkelvegar som gjer at det er trygt og ferdast som gåande eller syklande. Slike tiltak vil medføre at fleire bruker beina eller sykkel og har helseeffekt for alle aldersgrupper.

Fylkesmannen har merka seg under pkt. 4.6.2 om personleg assistanse mv., at det står at det er opp til kommunen sjølv å avgjere kva tenester den enkelte brukar skal få tilbod om. Dette gir ikkje eit heilt korrekt bilde av rettstilstanden, då det i kommunen si vurdering skal leggast stor vekt på kva brukaren meiner ved utforminga av tenestetilbod etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 nr. 6, § 3-6 og § 3-8, jf. pasient- og brukarrettigheitsloven av 02.07.1999 nr. 63 § 3-1.

Herøy kommune skriv også at det er ei utfordring å rekruttere personale til denne typen tenester i kommunen. Det står at støttekontakt er ei teneste som vert utført av

oppdragstakarar, ofte frå brukar sitt nærmiljø. Fylkesmannen vil minne om at kommunen har full moglegheit for å tilsette støttekontaktane som arbeidstakarar, eller nytte andre arbeidsmiljømessige verkemidlar for å tiltrekke seg og behalde arbeidskrafta til å utøve slike tenester.

**Oppsummering:**
Fylkesmannen ser positivt på at det er laga ein samla plan for helse og omsorg. Det er viktig med tverrsektoriell og tverrfagleg tilnærming til dei utfordringar, oppgåver og tiltak kommunen her har retta søkelyset mot. Vi meiner planen er godt forankra i nasjonal politikk, den kommunale planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi har utover dette kome med nokre merknader av meir detaljert karakter og noko meir overordna om manglande kopling mot fysisk arealplanlegging i kommunen. Plandokumentet kunne avslutningsvis gjerne hatt med ei samla vurdering og oppsummering av korleis planen er tenkt følgd opp. Dette omfattar m.a. koplingar til overordna kommuneplan og til andre tilgrensa kommunedelplanar. Eit eksempel på det siste er kommunens arbeid med ein eigen kommunedelplan for trafikktrygging.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Sveinung Dimmen (e.f.)<br>Samordnar | Jon Ivar Eikeland<br>seksjonssjef |

**Fagsaksbehandlar:**
Helse: Seniorrådgivar Eilin Reinaas, tlf: 71258418

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/5 | Saksbeh. OMR
22 NOV. 2013
Ark.kode P 143
Ark.kode S
J.nr. | Dok nr. 10
Kassasjon

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 08.10.2013 | 61157/2013/KOMMUNEPLAN | Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 | 20.11.2013 |

# Herøy kommune - kommuneplan - kommunedelplan for helse og omsorg - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

**Kommuneplan for Herøy kommune**
**Helse og omsorg 2013-2020.**
**Kommentar frå seksjon rehabilitering i Barn, Familie og Helseavdelinga**

Punkt 4.5
Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering.
Nosituasjonen: I 1 setning etter sjukeheimane må det stå: I tillegg har ergoterapeuten og kommunefysioterapeuten funksjonsvurdering, oppfyljing og eventuell behandling i heimane. Og i siste setning i første avsnitt: Dei private fysioterapeutane tilbyr behandling til alle innbyggjarane i Herøy kommune i institutta og ved behov i heimen.

Punkt 4.6.1.
Nosituasjonen. Eg vil skrive om heile første avsnittet om det skal beskrive helsetenester i heimen:
Herøy kommune har ei godt utbygd heimeteneste. Heimesjukepleia i samarbeid med helsetenesta ( legane, psykiatrien, ergoterapien og fysioterapeutane) og spesialisthelsetenesta bidrar til at innbyggarane kan vere heime med sjukdommen sin. Det vert til dels utført avansert behandling i heimen. Det har vore ei jamn stigning i brukargruppa siste åra, og dette gir ei kapasitetsutfordring. Dette er i hovedsak knytt til raskare pasientflyt tilbake frå sjukehus, aukande demens blant eldre og aukande behov for palliative tenester.

M.v.h
Seksjon rehabilitering
Roger Kvalsvik

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kom med slik tillegg til uttale i RFF-sak 15/13 i møte 25.11.13:

RFF viser til RFF-sak 15/13 og vil i tillegg peike på at det er viktig med tverrfagleg arbeid og tidleg førebygging heilt frå førskulealder.

Helsing

HILDE BRINGSVOR SKINNES
Dagleg leiar/fellessekretariatet

700 81 300/700 81 360/992 10 019

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/2440 |
| | | Arkiv: | L02 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 32/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

**BULYST-PROSJEKTET. RAPPORTERING.**

**<u>Tilråding frå rådmannen:</u>**

Kommunestyret sluttar seg til handlingsplan 2014 for Bulystprosjektet.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Prosjektleiar Camilla S. Hermansen

**Vedlegg:**

- Handlingsplan 2014 for Bulystprosjektet.

**Bakgrunn for søknaden**
Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre har utfordringar når det gjeld å rekruttere og behalde arbeidskraft samt store utfordringar i forhold til å legge til rette for at tilflyttarane, særleg dei frå utlandet, skal verte inkluderte og integrerte i lokalsamfunnet på ein positiv måte.

**Tilsagn frå KRD og fylkeskommunen**
Tilsagn frå departement og fylke er gitt med bakgrunn i at desse måla vert jobba for å bli nådd.

<u>Hovudmål:</u>

Prosjektet skal bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna.

<u>Delmål:</u>

1. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane.

2. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.

3. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.

**Oppsummering av arbeidet første året**
Etter første år med mykje kartlegging av situasjonen ved å vere i dialog med og byggje relasjonar med ulike grupper, kan vi oppsummere utfordringa i eitt ord; Haldning! Korleis er det vi reagerer? Korleis er vi overfor kvarandre? Korleis skjønar vi kvarandre? Dette skal vere hovudfokus gjennom alle skisserte tiltak i handlingsplanen.
Relasjonsbygging, kartlegging, etablering av referansegruppe, organiserte fjellturar, foreldrekurs på Marine Harvest, ulike informasjonsmøter på MH, ulike møter i ulike avdelingar i organisasjonen og elles i samfunnet (Både i Herøy og Ulstein, men også utanfor kommunegrenser), deltaking på nokre konferansar (både som tilhøyrar og som bidragsytar), studiar i Prosessleiing, samarbeid med andre bulystprosjekt, lesing av ulike rapportar og samtalar med ulike organisasjonar som har gjort seg erfaringar på området, arrangert opne møte i begge kommunane, felles arbeidsdag, arbeidsgrupper, Lysfest, for å nemne noko.

- Relasjonsbygging. Det er understreka i prosjektsøknaden at det skal byggast relasjonar med ulike menneske. Dette har tatt mykje tid men vore avgjerande for det vidare arbeidet med prosjektet.

- Referansegruppe. Ei gruppe på 12 arbeidsinnvandrarar har blitt danna både for å vere ein sosial møteplass, men mest for å gi kunnskap inn i prosjektet som ikkje vi norske har sjølv.
- Fjellturar. Møteplassar blir etterlyst og dei som kjem hit elskar naturen vår. Då vart valet lett på å arrangere fjellturar til ulike toppar for å vere saman og for å bli betre kjent med naturen.
- Lærdom frå rapportar og andre prosjekt. I eit prosjekt har ein ikkje all verden av tid, og det er heller ikkje nødvendig at ein kjem på eller prøver ut alt sjølv. Lærdom frå andre og frå forsking har vore viktig i vegen fram mot handlingsplanen.
- Arbeidsdag/ope møte. Denne dagen hadde vi inne prosessleiar og vi inviterte breitt arbeidsgruppene og folk frå både kommunane, frivillige lag og organisasjonar samt næringsliv. Dette vart svært meiningsfulle samlingar i prosjektet.

**Planane for 2014**
Haldningsskapande arbeid vert «overskrifta» på Handlingsplanen for 2014. Dette er enormt viktig, men også veldig vanskeleg.
Konkret vil vi, saman med Haram kommune, arrangere fire frukostseminar i løpet av dei to neste åra der det skal bli lagt fram faktakunnskap og forskingsresultat for å auke vår kunnskap. Alle kan melde seg på, men offentlege tilsette, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar vert særleg inviterte. Vidare ønskjer Bulystprosjektet å ha møte med ein god del frivillige lag og organisasjonar i dei to kommunane. Dette også for å få ut kunnskap og erfaringar så langt, vere i dialog og utfordre kvarandre på inkludering og integrering. Det er også eit ønskje at dette får fokus i fleire samanhengar i kommunane våre. Til meir vi snakkar om det, til større medvit har vi på området. VI KAN UTGJERE EIN FORSKJELL!

Viser til vedlagde handlingsplan der desse konkrete tiltaka er nemnt:

- Språk/kulturopplæringskurs. Dette er eit kurs etter «Harammodellen» som handlar om at ulike organisasjonar og avdelingar kjem inn på ei samling kvar for å lære vekk ting. Her skal det snakkast berre norsk, så dette vert både ein språk- og kulturlæringsstad samt ein møteplass.
- Ulike kurs med ulike problemstillingar innan området kulturforståing. Både næringslivet og kommunane treng meir kunnskap på dette med kulturforståing. Vi skal få inn ulike fagfolk med ulik kompetanse for å lære oss meir.
- Kurs for utanlandske foreldre i skule og barnehage. Tilrettelagt informasjon om ulike viktige instansar for foreldre køyrt i same gruppe over nokre gongar. Også dette vert ein språk- og kulturopplæringsstad samt ein møteplass.
- Revidering av velkomstbreva samt gå gjennom språk, saker og informasjon på heimesidene
- Omsetting av ulik informasjon til store morsmålsgrupper. Her kan nemnast ulike skriv i skulen, helsestasjonen og barnevern. Men det fins ingen grenser på kva som er viktig og kvar behova ligg.
- Bustadkonferanse, lett og forståeleg informasjon omkring bustadkjøp.

**Utfordringane framover**
Kritisk suksessfaktor for heile handlingsplanen er: TID OG PRIORITERING samt få tak i rette folka til å bidra inn med kunnskap. Det må settast av tid på dei ulike arena til å få gjennomført desse enkle tiltaka og til å delta. Prosjektet treng at alle i organisasjonen, også politikarar, kjenner eigaskap til det.

- At heile organisasjonen kjenner eigarskap til prosjektet.
- At ein får tak i foredragshaldarar til kursa som skal køyrast
- At folk vil delta på dei arrangementa som prosjektet inviterer til
- At ulike tiltak vert implementert på dei rette plassane i organisasjonen
- Å få tilflyttarane til å kjenne seg som heime og bli her
- Å få «Herøyværingen» og «Ulsteinvikaren» til å vere på hels med framande ( meir opne)

**Vurdering og konklusjon**

Handlingsplan 2014 for Bulystprosjektet vart vedteken av styringsgruppa for prosjektet 13.01.2014. Det er likevel viktig for legitimiteten til prosjektet at handlingsplanen er godt forankra i kommunestyret.

Fosnavåg, 31.01.2014

Erlend Krumsvik Olaus-Jon Kopperstad

Sakshandsamar: Camilla S. Hermansen

# HANDLINGSPLAN FOR BULYSTPROSJEKTET I HERØY OG ULSTEIN 2014

**Hovudmålet med «Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein»: Kommunane skal bli meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering.**

Delmåla: 1. Prosjektet skal bidra til at området innan 2015 har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar. Innvandrarar og andre tilflyttarar etablerer seg og vert buande i kommunane. 2. Nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar. Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar. 3. Utvikle rutinar og verktøy. Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.a. utvikling av handlingsplanar.

Etter første år med mykje kartlegging av situasjonen ved å vere i dialog med og byggje relasjonar med ulike grupper kan vi oppsummere utfordringa i eitt ord; haldning! Korleis er det vi reagerer? Korleis er vi overfor kvarandre? Korleis skjønar vi kvarandre? Dette skal vere hovudfokus gjennom alle skisserte tiltak i handlingsplanen. Konkret vil vi, saman med Haram kommune, arrangere fire frukostseminar i løpet av dei to neste åra der det skal bli lagt fram faktakunnskap og forskingsresultat for å auke vår kunnskap. Alle kan melde seg på, men offentlege tilsette, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar vert særleg invitert. Vidare ønskjer Bulystprosjektet å ha møter med ein god del frivillige lag og organisasjonar i dei to kommunane. Dette også for å få ut kunnskap og erfaringar så langt, vere i dialog og utfordre kvarandre på inkludering og integrering. Det er også eit ønskje at dette får fokus i fleire samanhengar i kommunane våre. Til meir vi snakkar om det, til større medvit har vi på området.

VI KAN UTGJERE EIN FORSKJELL!

Kritisk suksessfaktor for heile handlingsplanen er: TID OG PRIORITERING samt få tak i rette folka til å bidra inn med kunnskap. Det må settast av tid på dei ulike arena til å få gjennomført desse enkle tiltaka og til å delta.

| | MÅL | STRATEGI | TILTAK | ANSVAR/TID |
|---|---|---|---|---|
| SPRÅK/ KULTUR FORSTÅING | Arbeidsinnvandrarane skal nytte norsk som arbeidsspråk | Utnytte erfaringar frå Haram kommune.<br>Få med motiverte bidragsytarar på ulike nivå og på ulike arena | Språk/kulturopplæring etter mal frå Haram (Med nokre lokale tilpassingar) | Prosjektleiar og ulike offentlege avdelingar (NAV, skule, barnehage, helsestasjon, PPT, barnevern, skatt, bibliotek)<br>Bank, frivillige lag og organisasjonar<br>Starte opp mars 2014-november 2014 |
| | Nordmenn skal kunne kulturfortolke dialogen med arbeidsinnvandrarar | Gjennom å få meir kunnskap skal vi betre samarbeidet på ulike nivå. | Arrangere ulike kurs med aktuelle problemstillingar innan området kulturfortolking (blant anna «Eitt barn, to språk….» i samarbeid med KUN)<br>Samtalegrupper på tvers av kommunar og sektorar på ulike problemstillingar er også etterspurt. | Prosjektleiar, få med ulike aktørar.<br>Vertfall eitt kurs pr. halvår |
| | Auke kunnskapen og betre forståinga for det norske systemet | Gjennom å få meir kunnskap skal vi betre samarbeidet på ulike nivå. | Arrangere kurs for utanlandske foreldre i skulen og barnehagen | Prosjektleiar, få med ulike aktørar<br>Fire samlingar våren 2014 |
| | Betra inkludering og integrering.<br>Betre kunnskap om staden. | Gjennom betre forståing aukar vi | - Revidering av velkomstbreva som | Rådmennene må vurdere kven i |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| OFFENTLEG TENESTE-YTING | Bevisstgjere tilsette i kommunane og tilflyttarane med og om systemet/behov/tenester | muligheitene for vellukka integrering | vert sendt ut med Posten.<br>- Gå gjennom språk , saker og informasjon på heimesidene. | organisasjonen sin er rette til å gjere dette.<br><br>Våren 2014 |
| | Det skal vere lett å skjøne viktig informasjon om samfunnet vårt. | Omsetting av ulik informasjon | Få omsett viktige informasjonsskriv til dei språk som største gruppene tilflyttarar har som morsmål | Ulike avdelingar i organisasjonen (Fks skule, barnevern, barnehage, helsestasjon)<br>Kontinuerleg i 2014 |
| KULTUR/ FRITID | 1 Få innsikt i behov for kultur/fritidsaktivitetar hos arbeidsinnvandrarane<br>2 Finne ut kva som skal til for å involvere | Involvere tilflyttarar og organisasjonar gjennom ei målretta spørjeundersøking og/eller samtalar | Spørjeundersøking.<br>Svara på spørjeundersøkinga skal vise oss aktuelle tiltak | Prosjektleiar og Møreforsking?<br><br>Våren-hausten 2014 |
| BUSTAD | Auka kunnskap om ulike tiltak innan bustad.<br>Få fram ulike samarbeidsområder mellom kommune og næringsliv | Få tak i rette foredragshaldarane | Ei konferanse<br><br>Mulege samarbeidstiltak på sikt | Ordførarane i Herøy og Ulstein<br>Gjerne i samarbeid med Eivind og fylket<br>Våren 2014 |
| | Unngå missforståingar mellom det offentlege og den einskilde søkjar<br>Lette arbeidet på området | Målretta og enkel informasjon om Startlån, bustøtte, byggemelding og anna viktig informasjon rundt bustadkjøp | Formulere informasjon og omset til dei største morsmåla utanom norsk og engelsk. | Rådmennene må finne dei rette personane til dette i organisasjonen.<br><br>Ferdig hausten 2014 |

HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | BSP | Arkivsaknr: | 2013/1323 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 084 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 33/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

## PENSJONSORDNING FOR FOLKEVALDE - NY ORDNING FRÅ 1.1.2014

**Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret vedtek ny pensjonsordning for folkevalde gjeldande frå 01.01.2014 ut frå eitt av alternativa:

1) Ordinær tenestepensjonsordning for tilsette

2) Pensjonsordning etter mønster av ordninga for stortingsrepresentantar

Særutskrift:
Ordførar
Varaordførar
Personal- og organisasjonsavdelinga

**Vedlegg:**

1. Ny pensjonsordning for folkevalgte fra 1. januar 2014
2. Mer om regelverket for folkevalgte frå 2014
3. Premie – og tilskuddssatser for folkevalte frå 2014

**Uprenta vedlegg:**
Særskilte vedtekter. Pensjonsordning for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner
https://www.klp.no/polopoly_fs/1.24042.1380886048!/menu/standard/file/F_230_saerskilte_vedtekter_pensjonsordning_web.pdf

Offentleg tenestepensjon i KLP Tillegg til vedtekter. Særskilte bestemmelser for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner
https://www.klp.no/polopoly_fs/1.22426.1387351179!/menu/standard/file/F_231_tillegg_til_vedtekter_pensjonsordning_web.pdf

**Saksopplysningar:**
Folkevalde i kommunar og fylkeskommunar har vore tilslutta «Pensjonsordninga for folkevalde». Denne tilsvara kommunen si pensjonsordning for tilsette men med særskilte rettar som berre gjeld dei folkevalde. Kravet til full oppteningstid er 16 år og pensjonsalder er 65 år. Pensjonsordninga er heimla i kommunelova § 43 og forskrift 22.april 1997 nr. 375 om pensjonsordningar for folkevalde i kommune eller fylkeskommune.

Frå 1. januar opphøyrde denne ordninga og det må veljast ny pensjonsløysing for folkevalde. Omlegginga skuldast endring i forskrift om pensjonsordningar for folkevalde som trer i kraft 1. januar 2014.

Frå 01.01.2014 vart alle aktive medlemmer i den noverande pensjonsordninga for folkevalde meldt inn i «Fellesordninga for kommunen» i KLP.

Innan utgangen av mars må kommunen velje kva for pensjonsordning som skal gjelde for dei folkevalde frå 1. januar 2014. Det er anbefalt frå KLP at val av alternativ vert gjort på eit langsiktig og prinsipielt grunnlag.

Etter endringa er det no mogeleg å melde folkevalde inni den ordinære pensjonsordninga for kommunen sine tilsette med same pensjonsreglar og med nokre få særrettar. Alternativt kan kommunen velje at folkevalde skal meldast inn i ei særskild pensjonsordning etter mønster av den nye pensjonsordninga for stortingsrepresentantar.

Stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar fekk ny pensjonsordning ved lov av 16. desember 2011 nr. 60 (stortings- og regjeringsloven). Omlegginga av pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmar er ei ny pensjonsordning som er basert på dei same prinsippa som ny alderspensjon i folketrygda. Frå 1.1.2014 gir Arbeidsdepartementet kommunar og fylkeskommunar høve til å opprette same type ordning for sine folkevalde. Alternativet til denne nye ordninga er den ordinære tenestepensjonsordninga (TPO) for kommunen og fylkeskommunen sine tilsette.

Samanlikna med dagens ordning er både «stortingsordning» og omlegging til ordinær tenestepensjons - ordning ei innskjerping i høve til dagens ordning for folkevalde. Dette vil sei at ingen av dei nye ordningane vil gi den same pensjonen etter 16 år som det ein får etter dagens ordning.

Alderspensjon for oppteningstid før 1.1.2014: Denne følgjer det gamle regelverket og ein beheld opptente rettar.

Ny alderspensjon for oppteningstid frå 1.1.2014: All ny oppteningstid skal følgje det nye prinsippet. Alle aktive vert meldt inn i ny ordning 1.1.2014.

Kommunen sitt val av alternativ vil gjelde alle folkevalde i kommunen som fyller vilkåra til medlemskap.

**Vurdering og konklusjon:**
Endringa som er skissert over, gjer at kommunar/fylkeskommunar som ønskjer pensjonsløysing for dei folkevalde no kan velje mellom to alternativ:

**1. Folkevalde vert meldt inn i den ordinære tenestepensjonsordninga for dei tilsette**

Alderspensjonen vil verte ein brutto livsvarig årleg yting tilsvarande som for dei tilsette i kommunen/fylkeskommunen, men med nokre tilpassingar. Uføre- og attlevandeytingar vil også vere som i den ordinære fellesordninga for dei tilsette.

Til vurdering er også om dei folkevalde skal ha rett til AFP frå 62 år (må vedtakast særskilt av kommunen, og finansiering vert som for andre tilsette). Dette er berre aktuelt dersom kommunen har valt at folkevalde skal meldast inn i den ordinære ordninga for tilsette.

Rådmannen stiller spørsmål ved om det er naturleg og ønskjeleg at ordførarar kan gå av med AFP, i og med at dei er valde for kommunestyreperioden og såleis påførehand bør vite kva omfang stillinga har.

**2. Pensjonsordning etter mønster av ordninga for stortingsrepresentantar**

Alderspensjonen vil vere ein netto, livsvarig årleg yting. Uføre- og attlevandeytingar vil vere som i den ordinære fellesordninga for dei tilsette i kommunen/fylkeskommunen.

**Fordelar og ulemper med tenestepensjonsordninga**

| Fordelar | Ulemper |
|---|---|
| • Veit kva ein får i pensjon<br>• Same ordning som dei kommunalt tilsette<br>• Høgre pensjon for korte karrierar<br>• Etablert ordning som er godt kjent i kommunane | • Lite fleksibel<br>• Redusert utbetaling dersom ein ynskjer å arbeide i kommunen/fylkeskommunen etter uttak av pensjon |

**Fordelar og ulemper med «stortingsordninga»**

| Fordelar | Ulemper |
|---|---|
| • Får pensjonsopptening for alle år i arbeid<br>• Fleksibelt uttak mellom 62 og 75 år<br>• Kan jobbe i ved sidan av pensjonen utan at utbetalinga vert redusert<br>• Nettomodell som ikkje vert samordna med andre ytingar | • Usikkert kva ein får i pensjon<br>• Korte karrierar gir mindre i pensjon enn ved dagens ordning eller tenestepensjonsordninga |

**Kva løner seg for kommunen?**
Mal etter kommunetilsette si ordning: Det er gjennomsnittet i det totale fellesskapet som avgjer premien i kollektive forsikringsordningar. Folkevalde utgjer ei dyrare gruppe (høgre løn og høgre alder) enn gjennomsnittet i fellesordninga for dei kommunetilsette. Fordi premien vert utjamna saman med ei andre tilsette i kommunen, vil det vere rimelegast å melde folkevalde inn i fellesordninga.

Mal etter stortingsordning: Folkevalde utgjer ei dyrare gruppe (høgre løn og høgre alder) enn gjennomsnittet i fellesordninga for kommunetilsette. Trass i at ein dårlegare yting normalt ville vere rimelegare (gitt alt anna likt), vert dette vege opp av at denne ordninga vil ha eit fellesskap av folkevalde åleine. Vi veit enno ikkje kor mange som vil velje denne ordninga, men det er grunn til å tru at dei fleste kommunane vil velje tenestepensjonsordning for tilsette i kommunen/fylkeskommunen.

Administrativt vil det vere ein fordel at ordninga for folkevalde er lik den ordninga som er for dei tilsette i kommunen.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen

Konsekvensar for beredskap:
Ingen

Konsekvensar for drift:
Val av alternativ vil ha økonomiske konsekvensar

Fosnavåg, 20.01.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Birgitte Sævik Pedersen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ulstein kommune og Birgitte Sævik Pedersen

Herøy Kommune
Boks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2013/1323 Saksbeh. BBP / AV
- 5 NOV. 2013
Ark.kode P 084
Dok nr. 1

klp

Kommunal Landspensjonskasse
gjensidig forsikringsselskap
Org. nr: 938 708 606 Foretaksregisteret
Pb. 400 Sentrum, 0103 Oslo
E-post: klp@klp.no
www.klp.no

Oslo, 31. oktober 2013

Forsikringstakernr.: 01515 001

*Att. rådmann og økonomiansvarlig*

# NY PENSJONSORDNING FOR FOLKEVALGTE FRA 1. JANUAR 2014

Folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner er i dag tilsluttet Pensjonsordningen for folkevalgte. Denne tilsvarer kommunens pensjonsordning for ansatte, men med særskilte bestemmelser som bare gjelder de folkevalgte. Kravet til full opptjeningstid er 16 år og pensjonsalder er 65 år. Fra 1. januar 2014 opphører dagens pensjonsordning og det må velges en ny pensjonsløsning for de folkevalgte, slik vi tidligere har varslet. Omleggingen skyldes endringer i forskrift om pensjonsordninger for folkevalgte som trer i kraft 1. januar 2014.

Etter endringene i forskriften gis det nå anledning til å melde de folkevalgte inn i den ordinære pensjonsordningen for kommunens/fylkeskommunens ansatte med samme pensjonsregler som disse, men med noen få særbestemmelser. Alternativt kan kommunen/fylkeskommunen velge at folkevalgte skal innlemmes i en særskilt pensjonsordning etter mønster av den nye pensjonsordningen for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer.

*Det medfører at kommuner/fylkeskommuner som ønsker pensjonsløsning for de folkevalgte nå kan velge mellom to alternativer:*

1. **Innlemmelse i den ordinære tjenestepensjonsordningen for de ansatte**

Alderspensjonen vil bli en brutto, livsvarig årlig ytelse tilsvarende som for de ansatte i kommunen/fylkeskommunen, men med enkelte tilpasninger. Uføre- og etterlatteytelser vil også være som i den ordinære fellesordningen for de ansatte.

2. **Pensjonsordning etter mønster av ordningen for stortingsrepresentanter**

Alderspensjonen vil være en netto, livsvarig årlig ytelse. Uføre- og etterlatteytelser vil være som i den ordinære fellesordningen for de ansatte i kommunen/fylkeskommunen.

Fra 1. januar 2014 vil alle aktive medlemmer i den nåværende pensjonsordningen for folkevalgte i KLP bli innmeldt i hhv. Fellesordningen for kommuner og bedrifter eller i Fellesordningen for fylkeskommuner, m.a.o. meldes de folkevalgte inn i kommunen/fylkeskommunens ordinære tjenestepensjonsordning i første omgang. Det vil også bli fakturert premie sammen med denne.

Hvis kommunen/fylkeskommunen velger at de folkevalgte skal ha samme pensjonsordning som de ansatte, vil premien som betales være endelig. For de som velger at de folkevalgte skal ha en pensjonsordning etter mønster av ordningen for stortingsrepresentanter, vil den fakturerte premien bli à konto og det vil senere bli foretatt etteroppgjør.

Nærmere beskrivelse av pensjonsordning for folkevalgte fra 2014, samt oversikt over premiesatser følger vedlagt.

På *www.klp.no/nyfolkevalgtordning* finnes mer informasjon. På klp.no finner dere også regelverket for de to alternative ordningene:

- "Offentlig tjenestepensjon i KLP - Tillegg til vedtekter med særskilte bestemmelser for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner" - for de som velger at de folkevalgte skal innlemmes i fellesordningen for de ansatte.
- "Særskilte vedtekter for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner" - for de som velger særskilt pensjonsordning etter mønster av den nye ordningen for stortingsrepresentanter.
- "Forsikringsvilkår - Offentlig tjenestepensjon i KLP" gjelder også for ny særskilt pensjonsordning så langt de passer.

Vi ønsker å sende dere regelverket per e-post og viser i denne forbindelse til forespørsel om samtykke til elektronisk kommunikasjon i vedlegg III Svarskjema ny folkevalgtordning fra 2014. Dersom dere ønsker regelverket tilsendt per ordinær post ber vi om tilbakemelding.

**Senest innen utgangen av mars 2014 må kommunen/fylkeskommunen beslutte hvilken pensjonsordning som skal gjelde for de folkevalgte fra 1. januar 2014. Vi anbefaler at valg av alternativ gjøres på langsiktig og prinsipielt grunnlag.**

Vedlagt følger et svarskjema hvor vi ber dere krysse av for ønsket alternativ løsning for de folkevalgte gjeldende fra 1. januar 2014. Vi ber om at utfylt og signert skjema returneres oss elektronisk til; "avtaler@klp.no" så snart dere har besluttet hvilken ordning dere ønsker, senest i løpet av mars 2014.

Dersom dere ønsker mer informasjon eller en presentasjon av ny folkevalgtordning og konsekvenser, ta gjerne kontakt med kunde- og salgsleder for deres fylke.

Vennlig hilsen
Kommunal Landspensjonskasse

Marianne Sevaldsen
konserndirektør

| | |
|---|---|
| *Vedlegg I* | *Mer om regelverket for folkevalgte fra 2014* |
| *Vedlegg II* | *Premie- og tilskuddssatser for folkevalgte fra 2014* |
| *Vedlegg III* | *Svarskjema ny folkevalgtordning fra 2014* |

Vedlegg I

# MER OM REGELVERKET FOR FOLKEVALGTE FRA 2014

## Hva skjer med den gamle pensjonsordningen for folkevalgte?

Uavhengig av valget mellom de to alternative fremtidige løsninger for folkevalgte vil de aktive medlemmer i dagens ordning for folkevalgte bli meldt ut av denne 31. desember 2013. Deres opptjente rettigheter på utmeldingstidspunktet blir stående i den gamle ordningen. Det samme gjelder pensjonsrettighetene for tidligere utmeldte med oppsatte rettigheter, og for de som mottar løpende pensjoner eller ventepenger.

Disse rettighetene forblir forsikret i den gamle opphørte ordningen for folkevalgte, og endres ikke som følge av endrede regler for opptjening fra 2014. For de som har rettigheter i gammel ordning og nå blir innmeldt i ny ordning, er det gitt regler for hvordan disse skal sees i sammenheng når pensjonen kommer til utbetaling.

**For rettighetene i den opphørte ordningen vil følgende gjelde fra 2014:**

- Pensjonsgrunnlaget vil være likt den folkevalgtes samlede faste godtgjørelse per 31. desember 2013. For folkevalgte som har fratrådt vervet tidligere vil pensjonsgrunnlaget være det vedkommende hadde på det tidligere fratredelsestidspunktet.
- Pensjonsgrunnlaget lønnsvekstreguleres frem til pensjonsuttak, på samme måte som i fellesordningene.
- Alderspensjon kan først tas ut fra fylte 65 år.
- Full alderspensjon etter 16 års opptjeningstid.
- Levealdersjustering og individuell garanti.
- Særskilte regler for maksimal samlet pensjon for opptjening både før og etter 1. januar 2014.

## Hovedpunkter for folkevalgte som innlemmes i den ordinære pensjonsordningen for ansatte

Folkevalgte som innlemmes i den ordinære tjenestepensjonsordningen for kommunen/fylkeskommunens ansatte vil få tilsvarende pensjonsrettigheter som disse, dog med tilpasninger som følger av de særskilte bestemmelsene for folkevalgte. For fullstendig oversikt over disse vises til "Tillegg til vedtekter - Særskilte bestemmelser for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner". Disse finnes på *www.klp.no/nyfolkevalgtordning*

**De særskilte tilpasninger som vil gjelde for folkevalgte fra 1.1.2014 er:**

- Hovedintensjonen i ordningen er 66 % alderspensjon etter 30 års opptjeningstid.
- Nedre grense for medlemskap på 1/3 av godtgjørelse for full stilling.
- Pensjonsgrunnlaget er den folkevalgtes samlede, faste godtgjørelse.
- Aldersgrensen er 70 år.
- AFP fra 65 år er en del av tjenestepensjonsordningen, mens AFP fra 62 til 65 år kan avtales.
- Pensjon opptjent i den tidligere folkevalgtordningen og pensjon opptjent i.h.t. nye regler fra 1. januar 2014 samordnes i.h.t. Samordningslovens § 7.

## Hovedpunkter for den nye særskilte pensjonsordningen for folkevalgte

Den særskilte pensjonsordningen for folkevalgte vil være etter mønster av pensjonsordningen for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer. For fullstendig oversikt over reglene i den nye særskilte folkevalgtordningen for kommuner og fylkeskommuner vises til "Særskilte vedtekter - Pensjonsordning for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner". Disse finnes på *www.klp.no/nyfolkevalgtordning*

**Nedenfor følger de viktigste elementene i den nye særskilte pensjonsordningen for folkevalgte:**

- Det siktes mot 66 % alderspensjon fra 65 år etter 41 års opptjeningstid.
- Nedre grense for medlemskap på 1/3 av godtgjørelse for full stilling.
- Pensjonsopptjeningen til alderspensjon utgjør 6,03 % av opptjeningsgrunnlaget opp til 7,1 grunnbeløp og i tillegg 24,13 % av opptjeningsgrunnlaget mellom 7,1 og 12 grunnbeløp.
- Krav om minst ett års medlemskap for rett til alderspensjon.
- Alderspensjonen kan tas ut fra og med fylte 62 år, senest ved fylte 75 år.
- Det må tas ut hel pensjon, og gis ikke mulighet for gradert alderspensjon.
- Alderspensjonen skal levealdersjusteres. Det legges til grunn at totalsummen man får i pensjon blir den samme, uavhengig av om man pensjonerer seg når man er 62 eller 75 år.
- Pensjonen fastsettes på grunnlag av pensjonsbeholdningen på uttakstidspunktet.
- Eventuell opptjening av pensjon etter pensjonsuttak gir grunnlag for ny alderspensjon. Denne fastsettes årlig.
- Rett til uføreytelser etter tilsvarende regler som i den ordinære pensjonsordningen for ansatte. Ved opptjeningstid forut for 1. januar 2014 blir denne medlemstiden omregnet til 30-deler ved at tiden deles på 16 og ganges med 30.
- Rett til ektefellepensjon og barnepensjon etter tilsvarende regler som i den ordinære pensjonsordningen for ansatte. Medlemstiden omregnes på samme måte som for uføreytelser.
- Pensjonsbeholdningen reguleres årlig i samsvar med lønnsveksten frem til uttak av alderspensjon.
- Pensjonene reguleres på samme måte som i folketrygden.

## Generelt om nytt regelverk

**Premie**
Premiene for folkevalgte som skal omfattes av den ordinære Offentlige tjenestepensjonsordningen omfatter de samme premieelementer og kreves inn sammen med premie for andre omfattet av denne ordningen. For en nærmere beskrivelse av premieberegningen, utjevning, betaling, konsekvenser av mislighold mv. viser vi til Forsikringsvilkår for Offentlig tjenestepensjon i KLP §§ 11-16, som er tilgjengelig på klp.no.

**Endring**
Forsikringstaker kan ikke foreta endringer i pensjonsordning for folkevalgte. KLP kan i forsikringstiden gjennomføre endringer i premier, omkostningstillegg, forsikringsavtalen, samt vilkår og vedtekter som regulerer avtaleforholdet, når forholdene tilsier at slike endringer er nødvendige, jf. Forsikringsavtaleloven § 19-8.

**Oppsigelse - Flytting**
Forsikringstaker kan si opp pensjonsordning for folkevalgte med to måneders frist til opphør ved kalenderårets slutt. Oppsigelse skal skje skriftlig. Ved flytting gjelder reglene i Forsikringsvirksomhetsloven kapittel 11. For ytterligere informasjon om oppsigelse og opphør av den offentlige tjenestepensjonsordningen viser vi til Forsikringsvilkår for Offentlig tjenestepensjon i KLP §§ 21,22 og 24, som er tilgjengelig på klp.no.

Vedlegg II

# PREMIE- OG TILSKUDDSSATSER FOR FOLKEVALGTE FRA 2014

For de som velger å innlemme de folkevalgte i den ordinære pensjonsordningen for ansatte vil premiesatsene bli de samme som i Fellesordningen for kommuner og bedrifter, og som tidligere meddelt i vårt premieskriv av 1. september i år.

For 2014 vil også de kommuner/fylkeskommuner som velger særskilt ordning for de folkevalgte, bli belastet premie og tilskudd for disse som i den ordinære pensjonsordningen for ansatte. Eventuelle pensjonstilfeller beregnes og utbetales imidlertid i samsvar med regelverket for den særskilte pensjonsordningen for folkevalgte. Forskjellen i pensjon som er forsikringsmessig dekket (ved innbetalt premie) og den pensjon som utbetales avregnes mot bruttogarantien.

Eventuell etablering av særskilt pensjonsordning for folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner som velger pensjonsordning etter mønster av stortingspensjonsordningen, er betinget av at denne ordningen får tilslutning av relativt mange kommuner/fylkeskommuner. Dette fordi enhver forsikringsløsning må ha et minimum antall forsikrede. KLP vil fra 2014 melde alle de folkevalgte inn i den ordinære pensjonsordningen for de ansatte i kommuner/fylkeskommuner. For de som har valgt særskilt pensjonsordning for folkevalgte vil det være en forskjell mellom den pensjonen som er forsikringsmessig sikret (ved innbetalt premie) og den pensjonen som skal utbetales. Denne forskjellen vil vi som nevnt avregne mot bruttogarantien i 2014. Høsten 2014 vil det bli vurdert å etablere en ny løsning fra 2015, for de som velger særskilt pensjonsordning for folkevalgte. Det kan da bli aktuelt å foreta et engangsoppgjør basert på forskjellen mellom 2014-løsningen og den eventuelle nye løsningen. Det er grunn til å anta at premienivået i en eventuell ny forsikringsordning vil ligge noe høyere enn satsene for 2014.

## Premiesatser 2014 - aktiv pensjonsordning folkevalgte

| **Premie- og tilskuddssatser i prosent av pensjonsgrunnlaget - Fellesordningen for kommuner og bedrifter** | **2014** |
|---|---|
| Forsikringspremie | 8,59% |
| Termintillegg | 0,17% |
| Administrasjonstillegg | 0,40% |
| Administrasjonsreservepremie | 0,17% |
| Bruttogaranti | 1,10% |
| **Sum** | **10,43%** |
| - Arbeidstakers andel | 2,00% |
| **Sum arbeidsgivers andel** | **8,43%** |
| Tidligpensjon (85-årsregel og AFP 65-66) | 1,00% |

- *Tilskudd til Overføringsavtalens Sikringsordning og evt. kontingent til Pensjonskontoret kommer i tillegg og fremkommer på årets første kvartalsfaktura.*

| **Prognose premie- og tilskuddssatser i prosent av premiereserven - Fellesordningen for kommuner og bedrifter** | **2014** |
|---|---|
| Reguleringspremie | 5,00% |
| Rentegarantipremie | 0,18% |

- *Rentegarantipremie er prisen for forsikringsselskapets garanterte minimumsavkastning til kundene. Vårt anslag for rentegarantipremien forutsetter at pensjonsmidlene forvaltes i samme portefølje som i 2013.*

## Premiesatser 2014 - opphørt pensjonsordning folkevalgte

Arbeidsgiver vil fremover bli belastet følgende premie- og tilskudd for den opphørte ordningen:

- Bruttogarantitilskudd
- Tilskudd til allerede løpende ventepenger
- Reguleringspremie
- Rentegarantipremie

| **Premie- og tilskuddssatser i prosent av forsikret alderspensjonsbeløp - Pensjonsordningen for folkevalgte** | **2014** |
|---|---|
| *1)* Bruttogaranti | 2,00% |
| *2)* Ventepenger | 4,30% |
| **Sum arbeidsgiver** | **6,30%** |

*1)* Bruttogaranti beregnes av sum forsikret alderspensjonsbeløp for folkevalgte i deres ordning. Dette utgjør per oktober 2013:
kr 461 863.

*2)* Tilskudd ventepenger beregnes av forsikret alderspensjonsbeløp for folkevalgte under pensjonsalder i deres ordning. Dette utgjør per oktober 2013:
kr 975 960.

| **Prognose premie- og tilskuddssatser i prosent av premiereserven** | **2014** |
|---|---|
| Reguleringspremie | 4,10% |
| Rentegarantipremie | 0,18% |

*Vi minner om at alle satser for bruttogaranti, ventepenger, reguleringspremie og rentegarantipremie er prognoser. Endelig oppgjør for disse blir først foretatt etter årets slutt og nærmere spesifikasjon vil fremkomme i kontoutskriften dere mottar i mai hvert år.*

HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | AKE | Arkivsaknr: | 2014/147 |
| | | Arkiv: | 406 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 3/14 | Administrasjonsutvalet | 04.02.2014 |
| 9/14 | Arbeidsmiljøutvalet | 10.02.2014 |
| 34/14 | Formannskapet | 11.02.2014 |
| | Kommunestyret | 27.02.2014 |

## RETNINGSLINER FOR UØNSKA DELTID

**Møtebehandling:**

**Tilråding/Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 10.02.2014**

**<u>Tilråding frå rådmannen:</u>**

Administrasjonsutvalet vedtek:

1. Herøy kommune har som mål at alle tilsette innan 01.01.17 skal minimum ha ei stilling på 60%. Dette med unntak av reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvernet.
2. «Retningsliner i arbeidet med å redusere ufrivillig deltid», som dei ligg i saksutgreiinga.

Særutskrift:
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane

**Vedlegg:**

**Saksopplysningar:**
Herøy kommune har per 31.12.13 i alt 516 deltidstilsette medarbeidarar, fordelt på 456 kvinner og 59 menn. Det er 199 tilsette som har ei stilling på under 50%, 172 som har 50-75% stilling og 109 personar som har mellom 75 og 90% stilling. Ein del av desse har meldt ønske om å auke sine stillingar, og ut i frå den dokumentasjon som ligg føre fell i overkant av 100 personar innanfor det vi kallar uønska eller ufrivillig deltid. Dette ser vi særleg innan pleie- og omsorgssektoren og bu- og habilitering, men vi ser og slike ønske innanfor skule/SFO og reinhald. Det er og grunn til å tru at vi har ein del mørketal.

Generelt kan vi seie at årsakene til denne situasjonen er fleire, men vi ser at døgnkontinuerlege tenester med ujamne arbeidstoppar skaper deltidsstillingar samt historiske og demografiske forhold. Utfordringa med å skaffe kvalifisert arbeidskraft og forhold ved arbeidstakaren sjølv, har nok og påverka denne situasjonen.

Eit anna forhold som kanskje også kan trekkjast fram er forholdet mellom interessene til brukarane og målet om redusert bruk av deltid.

Ut i frå eit arbeidstakarperspektiv kan uønska deltid bety låg inntekt, skape lita tilhøyrsle til arbeidsplassen og utfallet kan bli dårlege trygde- og pensjonsytingar. Frå arbeidsplassen si side kan mange deltidsstillingar innebere arbeidskrevjande administrasjon, med mange som skal ha informasjon og opplæring. Dette kan skape dårleg kontinuitet i tenestene, og ein vanskeleg rekrutteringssituasjon.

Med utgangspunkt i dette må det vere eit mål å redusere talet på deltidsstillingar i kommunen og auke stillingsprosenten til dei som har små deltidsstillingar.

## Kva er ufrivillig eller uønska deltid

Ufrivillig deltid, gjeld personar som har ei deltidsstilling og som ønskjer å få ei lengre avtalt arbeidstid. «Uønska deltid», har fleire definisjonar, og vi har valt å bruke SSB sin definisjon på *undersysselsatt*, der det heiter at «*En person som har deltidsstilling, men som har forsøkt å få lengre avtalt arbeidstid, og som kan starte med økt arbeidstid innan ein månad.»* Denne fortel både kva som blir oppfatta som uønska deltid og kva forventningar vi har til dei som ønskjer ein høgare stillingsprosent. Det er elles verd å merke at nokre tilsette ønskjer å vere i ei deltidstilling, og fell ikkje innanfor denne definisjonen.

## Grunnlaget for retningslinene

Grunnlaget for retningslinene er tufta på vedlegg 2 til Hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 1 § 2.3.1, der det går fram at dei lokale retningslinene for redusert bruk av deltid skal omfattast av følgjande:

A. *Deltidstilsette skal melde frå om dei ønskjer utvida stilling*
B. *Ved «ledighet» går ein gjennom arbeidsplanar og oppgåvefordeling for å vurdere samanslåing av deltidsstillingar.*
C. *Det er ingen føresetnad at den som er deltidstilsett skal måtte ta heile de ledige stillinga.*
D. *Det bør vurderast om deltidstilsette gjennom å heve kompetansen sin kan kvalifisere seg til å få eit utvida arbeidsforhold.*

I HTA § 2.3.1 om bruk av deltidsstillingar heiter det at: *Det skal som hovudregel tilsettast i full stilling. Unntak skal drøftast med dei tillitsvalde, med mindre at det er heilt klart unødvendig. Ved ledig stilling skal deltidstilsette ved internutlysing i kommunen/verksemda* bli tilbydd utviding av arbeidsforholdet sitt i inntil heil stilling, dersom vedkomande er kvalifisert for stillinga. Arbeidsgjevar skal informere og drøfte prinsippa for bruk av deltidsstillingar med dei tillitsvalde minst ein gong i året. Det skal utarbeidast retningsliner med formål om å auke talet på heiltidstilsette. Det blir her vist til vedlegg 2 «Lokale retningsliner for å få redusert bruk av uønska deltid.»*

Arbeidsmiljølova § 14-3 fortrinnsrett for deltidstilsette: *Deltidstilsette har fortrinnsrett til utvida stilling fram for at arbeidsgjevar gjennomfører ei ny tilsetting i verksemda.*

## Mål

I arbeidet med «ufrivillig deltid» er det avgjerande at ein har eit **tydeleg mål** på kva ein vil oppnå og kva **tidsperspektiv** ein har å rette seg etter. Døme: Innan 01.01.16 skal alle tilsette ha ein stillingsprosent på minimum 60%. Unntaket frå dette kan til dømes vere helgestillingar som må til for å få ein turnus til å gå opp.

I tillegg til å ha eit talfesta mål om ein gitt stillingsprosent, viser Fafo rapportar at viktige delmål kan realiserast gjennom systematisk arbeid for å redusere deltidsbruk. Rapportane viser mellom anna slike resultat:

* Betre kvalitet og effektivitet på tenestene, tilfredse brukarar

* Betre rekruttering av arbeidskraft

* Kunne halde på arbeidskraft og ivareta dei tilsette på ein god måte

* Skape eit betre lærings- og arbeidsmiljø

* Auke nærvær

* Mål om likestilling

### Kommentarar til vedlegg 2 i Hovudtariffavtalen

#### A. Deltidstilsette skal melde frå om dei ønskjer utvida stilling

Herøy kommune har rutinar for å melde inn ønskjer om høgare stillingsprosent frå dei ulike avdelingane, der dei som har ein lågare stillingsprosent enn ønska dokumenterer dette ved å fylle ut skjema som fortel kor mykje dei ønskjer å arbeide. Dennen dokumentasjonen blir då ei avklaring på om dei reelt sett går i uønska deltid. Ei slik avklaring er i tråd med dei signala som har kome frå «Arbeidsgruppe vikarbank og arbeidstidsordningar» Dette arbeidet vart sluttført i mai 2011.

Forhold som bør avklarast:

- Kva tid den tilsette kan starte i auka stillingsprosent.
- At den tilsette er villig til å ta i mot eit tilbod, sjølv om det kan innebere endra arbeidstid og/eller andre arbeidstidsordningar enn vedkomande har i stillinga si.
- Det må og vere klarert om vedkomande er villig til å arbeide på meir enn ein stad (inntil 3 stadar) gitt same arbeidsoppgåver.

Når det gjeld tidspunkt for kva tid den tilsette kan starte med auka arbeidstid, er det frå arbeidsgjevar si side naturleg at den tilsette kan gå inn i auka stilling frå den dato dette er meldt og ikkje lengre enn ei veke etter. Det er likevel ulike praksis, og vi ser til dømes at Drammen kommune har ei ramme på tre månader for å auke arbeidstida, medan andre kommunar som Trondheim har ein månad.

Tidsperspektivet vart drøfta i møte med organisasjonane 06.12.13, der det kom signal om at auka må skje innanfor ei periode på ein månad. Det er likevel ikkje noko faste reglar på kva tid dette må skje, men det er avgjerande for arbeidsgjevar å ha tilgang på arbeidskraft når det er behov for det. Denne problemstillinga vart også drøfta med KS, som seier at ein slik avtale kan variere frå gong til gong, men det kan vere enklare om det finst eit likt utgangspunkt for korleis dette skal praktiserast.

**B. Arbeidsplanar og oppgåvefordeling for å vurdere samanslåing av stillingar**

Reduksjon av «ufrivillig deltid» må sjåast i samanheng med den totale personalplanlegginga, der ein vurderer inndragingar, omorganiseringar og omgjeringar. I dette ligg det også samanslåing av stillingar og vurdering av arbeidsoppgåver, der ein vurderer behovet til avdelinga, kva type arbeidsoppgåver skal utførast og kva type kvalifikasjonar og eigenskaper den som eventuelt skal inn i ein auka stillingsprosent må ha. Arbeidsgjevar må også vurdere stillinga med omsyn til tenesta og brukarane. Dette skal sjølvsagt drøftast med tillitsvalde/arbeidstakarorganisasjonane.

**Prioritering ved behov for arbeidskraft**

I arbeidet med reduksjon av ufrivillig deltid er det fleire omsyn og ta, og det må også sjåast i samanheng med andre målsetningar eller lovpålagde forhold som kommunen må ta omsyn til ved tilsetting. Det er difor eit krav jf. Arbeidsmiljølova om §§ 14-2 og 14-3 at Herøy kommune ved behov for arbeidskraft, ser på følgjande:

1. Undersøk om det er nokon i Herøy kommune som skal omplasserast fordi dei er i overtal.
2. Undersøk om det er nokon som skal omplasserast på grunn av helsemessige årsaker. Dette krev dokumentasjon frå lege.
3. Fins det fleire enn ein intern tilsett som har krav på å få utvida stillinga si jfr. Arbeidsmiljølova § 14 og HTA kap.1,2) må det avklarast saman med arbeidstakarorganisasjonane korleis den vidare rekrutteringsprosessen skal skje.
4. Dersom behovet for arbeidskraft ikkje kan dekkast gjennom punkt 1,2 eller 3 er det ei ledig stilling i Herøy kommune, og denne går til ekstern utlysing.

Når det gjeld spørsmålet om intern eller ekstern rekruttering, er det avgjerande at ein på førehand har gjennomført ei kartlegging av behovet på arbeidsplassen, slik at ein kan avgjere kva funksjonar som skal utførast og dermed kva kvalifikasjonar det er behov for når ein skal tilsette folk, uansett storleiken på stillingsprosenten. Ei grundig stillingsanalyse ligg difor til grunn for avgjerda. I ein slik avgjerdsprosess må ein og ha drøfta om det er mogleg å dele opp stillinga eller at den skal ligge til ei ein person. Er ei oppdeling av stillinga til ulempe for avdelinga, dei tilsette og/eller brukarane. Arbeidsmiljølova § 14-3 (2) *Fortrinnsretten er betinget av at arbeidstaker er kvalifisert for stillingen og at utøvelse av fortrinnsretten ikke vil innebære vesentlig ulempe for virksomheten.»*

### C. Spørsmålet om den deltidstilsette må ta heile stillinga

I hovudavtalen del 2 heiter det at «Det er ingen forutsetning at den deltidstilsette skal måtte ta hele den ledige stillingen.»

I forhold til fortrinnsrett må arbeidsgjevar sjå på følgjande forhold:

1. Kvalifikasjonane og dei totale eigenskapane til den tilsette, og
2. i tillegg vurdere om det inneber vesentlege ulemper for verksemda. Med vesentlege ulemper, meiner ein her til dømes store utfordringar når det gjeld å rekruttere folk til ei stilling som blir delt fordi ein med fortrinnsrett ikkje ønskjer heile stillinga. Vesentleg ulempe kan også gjelde interne omrokkeringar eller endringar i ei avdeling som kan ha konsekvensar for andre tilsette. Eit anna døme kan vere at ein vel å tilsette ein person i 12% helgestilling for å sikre seg at ein har kvalifiserte ferievikarar (sikre drifta i feriar), har tilgang på «ringevikarar» eller at det blir gjennomført for å skaffe seg kvalifisert arbeidskraft i framtida). Jfr. Arbeidsmiljølova § 14-3.
3. Kan den tilsette gjerast kvalifisert for stillinga.

Altså: Dersom den tilsette skal ha krav på stillinga må vedkomande ha dei faglege og personlege eigenskapane for å utføre arbeidet. Vidare må det til dømes stillast krav til arbeidskapasitet og samarbeidsevne. Jf. § 2.2 og § 2.3.1 i Hovudavtalen, når det gjeld kvalifikasjonar og bruk av deltidsstillingar.

### D. Kompetanseheving for å kvalifisere til utvida arbeidsforhold

Eit av dei forholda som det blir peika på frå styresmaktene si side og som også er ein del av Vedlegg 2 i Hovudavtalen, er kompetanseheving for å utvide arbeidsforholdet. I Herøy kommune er det i nokre avdelingar utfordringar med å skaffe fagpersonale. Ein slik mangel gjer at ufaglærde blir tilsette for å fylle stillingane. I nokre tilfelle må kommunen gjere tilsettingar fordi det er i tråd med regelverket (4-års regelen). Jf. Arbeidsmiljølova § 14-9 (5). Desse forholda bør også takast omsyn til når ein ser på bruk av personalressursane og «uønska deltid», og som ein del av den totale personalplanlegginga og rekrutteringa til Herøy kommune. I denne samanheng kan det difor vere grunnlag for å skape insitament for at tilsette i deltidsstillinga og som manglar kompetanse, skal tileigne seg slik kompetanse både for å dekke behovet til Herøy kommune når det gjeld kvalifisert arbeidskraft og det å oppnå ein høgare stillingsprosent.

## Tiltak for å redusere uønska deltid

Fleire kommunar har gjennomført ulike «prøveprosjekt» for å redusere «uønska deltid». Erfaringane der i frå viser at det fins ulike tilnærmingsmåtar, men at det også er konfliktar og kryssande omsyn som må takast. Forhold som er utprøvd er lengre vakter, tilsette som jobbar fleire helgar, bruk av faste vikarar eller vikarpool. I nokre kommunar er det prøvd ut kombinerte stillinga innan skule/SFO, reinhald og pleie og omsorg. Utfordringa når det gjeld å nytte kombinerte stillingar kan vere i høve til ulik arbeidstid (35 ½ t. veke og 37 ½ t. veke og kombinasjonane av dag, kveld og helgearbeid på ulike stadar). Tiltak som endring i bemanningsplanlegging og felles elektronisk bemanningsplattform er og verkemiddel som vert nytta. Nokre kommunar har også nytta jobbrotasjon som eit tiltak for å utvide kvalifikasjonane til dei tilsette, og vi er no i gang med å gjennomføre eit slikt jobbrotasjonsprosjekt i Herøy kommune. Alle tiltaka er utprøvde i Herøy kommune, utan at det fins dokumentasjon på verknader av alle tiltaka. Det er likevel ei oppfatning av at resultata som viser seg i andre kommuner også gjer seg gjeldande i Herøy. Herøy kommune gjer og bruk av det som blir kalla «studentstillingar».

Nokre av desse tiltaka vil medføre kostnader på kort sikt, men undersøkingar frå fleire kommunar (Til dømes Karmøy, Bærum, Lyngdal, Verdal og Levanger),syner at redusert bruk av deltid viser konkrete resultat og kan gi ei innsparing over tid.

Resultata viser mellom anna at ein får:

- Meir stabil personalgruppe
- Meir kontinuitet i avdelingane
- Det skaper meir «forutsigbarheit» i forhold å vite kva tid dei tilsette skal på jobb
- Høvet til å legge til rette er større og ein unngår nokre sjukemeldingar
- Auka kvalitet på tenestene unnlate
- Betre arbeidsmiljø
- Ein brukar mindre tid til å leige inn personale
- Auka effektivitet
- Større stillingar har gitt grunnlag for å legge til rette for spesielle «studentstillingar» i helgar og feriar
- Forbruket av timebetalte stillingar har gått ned

## Vurdering og konklusjon:

I nokre av dei problemstillingane som er i samband med reduksjon av ufrivillig deltid er det klare reglar som må følgjast. Men det handlar også om å definere eller skildre kvalifikasjonskrav og «ferdigheitene» til dei tilsette. Likeeins handlar det om definere stillingar og arbeidsområder, og dette er det dei som har leiaransvar i avdelingane som har best kunnskapar om. Dette gjeld også i forhold til kva som kan sjåast på som ei stor eller lita ulempe for dei tilsette, for den totale rekruttering, for avdelinga osv.

I rapporten som vart lagt fram frå «Arbeidsgruppe for vikarbank og arbeidstidsordningar» i 2011, går det også klart fram at dei ønskjer ein turnus med arbeid kvar tredje helg. Noko som skaper visse avgrensingar om ein set som mål at alle skal ha minimum 50% stilling.

Det vart også drøfta i møte med arbeidstakarorganisasjonane 06.12.13 kva praksis som skal gjere seg gjeldande når nokon takkar «nei» til tilbod om auka stilling, og kva som skal gjerast ved seinare høve. Arbeidsmiljølova er tydeleg her, arbeidsgjevar pliktar å informere dei tilsette i verksemda om ledige stillingar, og vil då i ein slik situasjon ikkje kunne hindre dei å søkje på ei intern stilling eller ikkje prioritere ein slik søkjar, gitt at vedkomande er best kvalifisert og skikka.

Eit anna forhold det kan vere grunn til å ha eit felles utgangspunkt i, er kor stor ei stilling må vere for at det er krav om at den skal lysast ut internt og eksternt. Spørsmålet er om leiar kan stå fritt til å fordele stillingar inntil ein viss storleik? Fram til no har det vore ein delvis etablert praksis at mellomleiarane (ut i frå delegasjonsmynde) saman med tillitsvalde på den enkelte arbeidsplass har fordelt små stillingsstorleikar på dei som alt er tilsette. Dette ønskjer vi å vidareføre for å hindre at vi lagar unødig byråkrati og meirarbeid. Vi held då på arbeidskraft og ivaretek dei tilsette på ein god måte. Arbeidet med ufrivillig deltid krev og at vi har effektive rutinar, som igjen er med på å gagne brukarane våre.

At kommunen gjennomfører ein lik praksis og alle blir sikra like rettar er viktig for at alle skal kjenne seg rettferdig og likeverdig behandla. Ut i frå dette vurderer rådmannen det som tenleg å legge fram slikt forslag til rutinar:

**«Retningsliner i arbeidet med å redusere ufrivilling deltid»**

Med ufrivilling deltid vel vi å nytte SSB sin definisjon på «undersysselsett»: «Ein person som har deltidsstilling, men som har forsøkt å få lengre avtalt arbeidstid, og som kan starte med auka arbeidstid innan ein månad.»

1. Arbeidstakar som går i ufrivillig deltid må sjølv ta ansvar for å melde om dette til arbeidsgjevar.
2. Arbeidsgjevar skal minst ein gong kvart andre år kartlegge ufrivillig deltid / undersysselsetting.
3. Ved ledig stilling går ein gjennom arbeidsplanar og oppgåvefordeling og vurderer samanslåing av små stillingsprosentar. Kvart tilfelle må drøftast med organisasjonane.
4. Dersom ei fast stilling på inntil 25 % blir ledig kan stillinga fordelast mellom dei tilsette på arbeidsplassen etter drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane.
5. Før ein aukar stillingsprosenten til arbeidstakarar som har ufrivillig deltid, må ein finne ut om der er tilsette som av helsemessige årsaker har rett til å bli omplassert eller det er tilsette som har vorte overflødige eller står i fare for å bli det. Då desse har rettar fram for deltidstilsette jf. Arbeidsmiljølova § §14-2 og 4-6.
6. I samband med tilsetting skal det også kontrollerast om nokon har rett til fast arbeid jf. Arbeidsmiljølova § 14-4 a første ledd (1 års regelen) og § 14-9 (5) (4-års regelen).
7. Ved ledig stilling må det vurderast om den tilsette er kvalifisert og skikka til stillinga. Jf. HTA kap.1 § 2.2, eventuelt om dei kan gjerast kvalifiserte for stillinga. Ved elles like forhold er det ansiennitetsprinsippet som gjeld.
8. Det er ein føresetnad at den som får tilbod om auka stilling kan gå inn i stillinga innan fire veker.
9. Dersom stillinga ikkje kan dekkast av tilsette på denne arbeidsplassen, kan stillinga lysast ut internt med ein søknadsfrist på ei veke. Interne utlysingar vert lagt på Intranett, og skal gå til oppslag i alle avdelingar. Det er avdelingsleiar som har ansvar for å henge dette opp på ein synleg stad på arbeidsplassen. Det er den enkelte tilsett sitt ansvar å halde seg oppdatert om nye utlysingar.
10. Dersom det ikkje melder seg søkjarar skal stillinga lysast ut eksternt.
11. Ved tilsettingar jf. punkt 3. vert avgjerd om tilsetting gjort ved drøftingsnotat og ny arbeidsavtale. Andre forhold skal handsamast som ordinær tilsettingssak.

I tillegg finn rådmannen det viktig å synleggjere kva mål og tidsperspektiv Herøy kommune skal ha i arbeidet med å redusere ufrivillig deltid.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Positiv.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Nei.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Positiv.

Fosnavåg, 20.01.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Birgitte Sævik Pedersen |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken

Delegerte saker frå avdelingane

DS 3/14 Søknad om endra serveringsløyve 23.01.2014 00:00:00 LEK TAKEAWAY WILAWAN PORNPRATHAN

DS 4/14 Søknad om serveringsløyve - Lek Takeaway 06.01.2014 00:00:00 LEK TAKEAWAY WILAWAN PORNPRATHAN

DS 5/14 Bålforbod i Herøy kommune 31.01.2014 00:00:00 Adresseliste

DS 6/14 Madelynn Coffee - Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning - romjuldans 20.12.2013 00:00:00 Madelynn Coffee

DS 7/14 Søknad om dispensasjon for å legge ut flytebrygge framfor naust - gnr. 24 bnr. 73 i Herøy. 30.10.2013 00:00:00 John Kåre Almestad

DS 8/14 Søknad om løyve til utlegging av flytebrygge på Kalvenes gnr. 48 bnr. 76 13.11.2013 00:00:00 Trond Kyrkjebø

DS 9/14 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad om endring av løyve. 13.01.2014 00:00:00 ELMIR MAZNIKAR